

INNVANDRAR OG HOMOFIL

Tilpassingsstrategiar hos ein minoritet i minoriteten

Randi Rørlien

Revidert utgåve av:

Hovudoppgåve i sosiologi

Haut 2003

Cand. Polit 1992

Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi

Universitetet i Oslo

Denne hovudoppgåva er gjennomarbeida på nytt våren 2005 for å få oppheva klausulen.

FORORD TIL REVIDERT UTGÅVE

Temaet for hovudoppgåva mi er sensitivt og miljøet som informantane mine tilhøyrer er lite og gjennomsiiktig. Anonymisering er viktig, men også svært vanskeleg, spesielt når ein forskar på slike små og gjennomsiiktelege miljø. Til tross for at eg i arbeidet med denne studien har hatt stort fokus på konfidensialitet, gjenkjente den eine sensoren min, Bera Moseng, to av informantane. Ho hadde akkurat avslutta sin eigen studie om homofile innvandrarakar då ho sat i eksamenskommissjonen min i oktober 2003, og kjenner difor miljøet godt. På munnleg eksamen vart eg informert om at det vart satt klausul på hovudoppgåva mi.

Det er eit forholdsvis urørt område innan forskning som vert teke opp i denne studien. Eg tykkjer difor det er viktig at mitt bidrag kan offentleggjerast og vera med på å kasta lys over feltet. Fleire av informantane har vist interesse for å lesa om funna mine, hovudoppgåva sitt tema er noko som dei er sær opptekne av. Det berører liva deira i stor grad. Difor har eg gått gjennom analysekapitla mine på nytt for å anonymisera informantane mine betre. I denne samanheng vil eg takka Bera Moseng for råd og veiledning med omsyn til korleis eg kunne anonymisera betre for å få oppheva klausulen.

Det er i analysekapitla, det vil seie kapittel 4 til 7, det er gjort endringar. For å gjere informantane mindre gjenkjennelege har eg gjeve kvar informant to navn, slik at lesaren ikkje skal kunne følgja historia til kvar einskilt av dei. I tillegg har eg oversatt engelske sitat til norsk, og fjerna eller endra på opplysningar, som til dømes om informanten har søstre eller brødre. Desse endringane har eg gjort rede for i metodekapittelet.

I kapittel 1, Innleiing, har eg gjort ein liten endring. Avsnitt ”1.1.1, Identitet og handling. To forklaringsmodellar” er nytt. Dette avsnittet vart skrive inn for på ein betre måte framheva to modellar som forklarar ulike måtar å forstå homoseksualitet/samkjønnsseksualitet på. Forklaringsmodellane er også med i, og er ein sentral del av, den opprinnelege versjonen av hovudoppgåva.

Oslo, mai 2005

Randi Rørlien

FORORD

Arbeidet med denne studien har vore lærerikt, spennande og utfordrande. Det er mange som fortener ein takk for at eg no har klart å koma i mål. Fyrst vil eg få takke min hovudveileidar, Grete Brochmann, som med sin entusiasme, positive haldning og genuine interesse i studien har gitt god og konstruktiv veiledning undervegs. Vidare vil eg få takke min biveileidar Kari Vogt for god hjelp og rettleiing i islamrelaterte spørsmål.

Geir Skogseth fortener også ein stor takk for interessante og fruktbare diskusjonar rundt temaet homofile innvandrarakar, og for gjennomlesing og god, konstruktiv tilbakemelding. Han har også hjelpt meg med å finne relevant litteratur om temaet. Takk også til Jorunn Auth for hennar innsats med korrukturlesinga.

Eg vil også få retta ein stor og inderleg takk til mine informantar, som var villige til å dela sine historiar med meg. Utan deira hjelp hadde denne studien vorte vanskeleg å gjennomføra.

I oppstarten av arbeidet med denne studien gjekk eg igjennom ein vanskeleg og tung periode som i stor grad prega studiesituasjonen. I utgangspunktet er arbeidet med hovudoppgåva til tider eit einsamt og krevjande prosjekt. Utan gode venner på faget hadde det vore vanskeleg å fortsette. Eg vil retta ein stor og varm takk til mine gode studievenner som stilte opp og var der for meg i ei vanskeleg tid, og som seinare i prosessen har vore til inspirasjon, støtte og godt selskap.

Familien min og venner utanfor sosiologien fortener også ein stor takk for oppmuntring og støtte på alle mulige vis, i ein periode der det meste har dreid seg om denne studien.

Til sist går ein spesielt stor, varm takk til min sambuar Dag for hans tålmodigheit, oppmuntring og støtte - i det heile tatt for å vera det eineståande mennesket du er.

Oslo, september 2003

Randi Rørlien.

SAMANDRAG

I denne oppgåva har eg sett på korleis homofile innvandrarak med muslimsk bakgrunn opplever det å leva i Noreg. Datamaterialet som denne oppgåva baserer seg på er samla inn ved hjelp av kvalitative intervju med seks homofile innvandrarak med muslimsk bakgrunn. Oppgåva fokuserer på korleis ulike tilpassingsformer i det norske samfunn kan vera med på å gje mogelegheiter og begrensingar i forhold til det å leva eit liv som homofil i Noreg. I denne samanheng har eg har tatt for meg tre sentrale arenaer, muslimske innvandramiljø, det etablerte homomiljøet og det norske storsamfunn, og sett på korleis respondentane tilpassar seg på dei ulike arenaene. I tillegg har eg sett på kva for innverknad deltaking på dei ulike arenaene har på respondentane sin tilpassing i det norske samfunn.

Dei teoretiske omgrepa eg har brukt i analysen av datamaterialet er integrasjon, assimilering og segregering/ separasjon. I dei siste 30 åra har integrasjon erstatta assimilering som ideologi innanfor migrasjonsfeltet. Innvandringspolitikken har vore prega av multikulturalisme og ein har vore opptatt av at innvandrarak skal få behalde sitt kulturelle særpreg. På denne måten skulle innvandringspolitikken bli meir liberal, ivareta menneskerettane og opne opp for kulturelt mangfald. I dei seinare år har det i fleire europeiske land, deriblant også Noreg, blitt klart at innvandringspolitikken har slått feil. Dette har ført til at ein har begynt å sjå på standardomgrepa innanfor innvandringsfeltet på nytt. Til dømes har assimilering som grepet vorte sett på med nye auger. Eit resultat av denne redefinering prosessen er ei ”rehabilitering av assimilering som grepet”, som vil stå sentralt i analysen av datamaterialet mitt. Denne måten å forstå assimilering på vektlegg at dersom assimilering vert forstått som ein prosess der ein blir lik på ulike område av samfunnet og i forhold til referansegrupper i majoritetsbefolkninga, kan assimilering vera noe positivt for individet. Mitt temaområde er ein interessant illustrasjon på dette.

Det viser seg at det å flytte til Noreg i seg sjølv har medført større mogelegheiter til å kunne leva som homofil fordi det norske samfunn i større grad enn dei samfunna som informantane kjem frå har liberale og akseptierende haldningar til homoseksualitet. I tillegg vert ikkje homoseksuell praksis råka av straffelova slik som i mange muslimske samfunn. Til tross for at det i Noreg eksisterar meir liberale haldningar til homoseksualitet, møter homofile med muslimsk bakgrunn på begrensingar også her på grunn av fordommar og homofobi i den norske befolkninga. I tillegg verkar det begrensande på den homofile sin livsutfalding at dei må forholde seg til andre muslimar som lever i Noreg. Dette fører til at mine informantar har

lite kontakt med muslimske innvandarmiljø fordi dei blant anna ikkje ynskjer å omgås menneske som har negative haldningar til homoseksualitet, er engstelige for å bli avslørt eller stilt spørsmål som dei ikkje kan svare på utan å måtte lyge.

Alle informantane har på ulike vis funne fram til det etablerte homomiljøet. Dei nyttar seg av forskjellige arenaer av miljøet og deltar på ulike aktivitetar og kulturtilbod. Mange av dei går på utestader for homofile. Det viser seg at det å delta på denne arenaen fører til at informantane får betre kjennskap til og kunnskap om det norske samfunn fordi dei vert kjent med andre norske homofile. I tillegg har det å ha kontakt med andre homofile vore til hjelp for å utvikla ein konkret og positiv identitet som homofil. Ut frå mitt datamateriale viser det seg at det å ha mykje og nær kontakt med det etablert homomiljøet fører til at informantane vert assimilert på eit område av samfunnslivet og i forhold til ei referansegruppe av majoritetsbefolkninga, nemlig etnisk norske homofile. Dette er eit eksempel på kva som ligg i det ”rehabiliterede assimileringssomgrepet”.

Sidan mine informantar ikkje føler seg velkomne i muslimske innvandarmiljø, nyttar dei seg av andre arenaer i det norske samfunn for å skaffe seg eit sosialt nettverk. Den arenaen som er mest brukt er homomiljøet. På sikt kan dette føre til at dei vert betre integrert i det norske samfunn enn innvandrarbefolkninga generelt som har ein omgangskrets som i større grad består av andre innvandrarar.

INNHOLDSFORTEGNELSE

1 INNLEIING	1
1.1 Tema og bakgrunn for oppgåva	1
1.1.1 Identitet og handling. To forklaringsmodellar	2
1.2 Problemstilling	3
1.2.1 Tilpassing	4
1.3 Avgrensing og omgrepsavklaring	6
1.4 Tidligere forskning	8
1.4.1 Homofile og lesbiske i Noreg	8
1.4.2 Homofile innvandrere	10
1.4.3 Ekstra belastning på grunn av kulturell bakgrunn?	11
1.5 Oppgåva si oppbygging	12
2 METODE	13
2.1 Utgangspunktet	13
2.2 Metodeval	13
2.3 Utvalet	14
2.4 Datainnsamling	15
2.4.1 Utforming av intervjuguiden	16
2.4.2 Pilotprosjekt	16
2.4.3 Intervjusituasjon	17
2.4.4 Min forskarrolle. Nærhet og distanse	17
2.5 Bearbeiding av datamaterialet	18
2.6 Livshistoriar	19
2.7 Dei etiske sidene	19
3 TEORETISK TILNÆRMING	22
3.1 Sosial konstruksjon	22
3.1.1 Sosialiseringprosessen	23
3.1.2 Sosialisering inn i den seksuelle kulturen	24
3.1.3 Reglar og reguleringar	25
3.2 Homoseksualitet – ein sosial konstruksjon	27
3.2.1 Den moderne homoseksuelle identitet	28
3.2.2 Homoseksuelle handlingar og islam	29
3.2.3 Komplementære forhold	32
3.2.4 Xaniths- det tredje sosiale kjønn	33
3.2.5 ”The will not to know”	35
3.3 Tilpassing	36
3.3.1 Integrasjon som tilpassingsform	36
3.3.2 Assimilering som tilpassingsform	39
3.3.3 Segregering eller separasjon som tilpassingsform	41
3.4 Oppsummering	41

4 DEN SEKSUELLE KULTUREN	43
4.1 Sosialisering inn i heimlandet sin seksuelle kultur	43
4.1.1 <i>Det ein ikkje snakkar om, eksisterer ikkje</i>	44
4.1.2 <i>Homoerfaringar</i>	45
4.2 Møte med ein ny seksuell kultur	46
4.2.1 <i>"Komme- ut prosessen"</i>	47
4.2.1.1 <i>Vegen fram til ein identitet som homofil</i>	47
4.2.1.2 <i>Openheit</i>	52
4.3 Livsstilskonstruktivisme.....	55
4.4 Tilpassing	57
5 TILPASSING TIL MUSLIMSKE INNVANDRARMILJØ	58
5.1 Kontakt med muslimske innvandarmiljø	58
5.2 Kulturell oppretthalding	62
5.3 Religionen	63
5.3.1 <i>Strategiar</i>	67
5.4 Tilpassing	68
6 TILPASSING TIL DET ETABLERTE HOMOMILJØET	71
6.1 Det fyrste møtet.....	72
6.2 Det mangfaldige homomiljøet.....	73
6.3 Oppleving av intoleranse.....	73
6.4 Konformitetspress?.....	75
6.5 Den aktive homoorganisasjonen	77
6.5.1 <i>Støttegruppe/ interessegruppe</i>	77
6.6 Homomiljøet - ein inngangsport?.....	80
6.7 Tilpassing	81
7 TILPASSING TIL DET NORSKE STORSAMFUNN.....	83
7.1 Motivasjonen for å komme til Noreg	84
7.2 Oppleving av muligheiter og begrensingar	85
7.2.1 <i>Konsekvensar av dei negative haldningane</i>	87
7.2.2 <i>Segregert livsstil?</i>	89
7.3 Tilpassing	90
8 AVSLUTTING	92
8.1 Muligheiter og begrensingar	92
8.2 Tilpassing	93
8.3 Muslimsk bakgrunn.....	94
8.4 Vidare forskning.....	95

LITTERATURLISTE..... 96

VEDLEGG

1 INNLEIING

1.1 Tema og bakgrunn for oppgåva

Innvandringsdebatten i Noreg fokuserer i stor grad på innvandrarakar si manglande integrering og tilpassing i det norske samfunn. Eit anna aspekt som pregar innvandringsdebatten, og som har innverknad på integreringsprosessen, er at den har ein tendens til å hovudsakeleg dreie seg om det inter- etniske møtet. Det vil sei situasjonen som oppstår i møtet mellom nordmenn og innvandrarakar og forholdet som vert skapt av dette møtet. Ved å setja mest fokus på møtet mellom nordmenn og innvandrarakar, vert forholdet mellom medlemmar innanfor innvandrargruppene, det intra- etniske møtet, oversett. Ofte er det slik at innvandrarakar i den fyrste tida i eit nytt land vil søkja saman på grunn av til dømes kommunikasjonsproblem overfor vertslandet og kjensla av å ikkje høyre til. Dette kan medføra at nordmenn går ut frå at innvandrarakar utgjer ei homogen og solidarisk gruppe. Møtet mellom nordmenn og innvandrarakar er ofte sterkt prega av at nordmenn vert så slått av kor ulike nordmenn og innvandrarakar er, og derfor har lett for å gløyme eller bagatellisere at innvandrarakar er innbyrdes ulike. Det er ikkje slik at alle innvandrarakar frå Vietnam til dømes har same utdanningsnivå eller politiske haldning. Til tross for dette ser nordmenn på dei som ei homogen gruppe, og dei får merkelappen vietnamesarakar (Longa 1992). Dette skjer også med større grupper, til dømes muslimar. Sjølv om muslimar som bur i Noreg kjem frå mange ulike land og samanhengar, og derfor vil ha ulik kulturell bagasje med seg, vert dei i Noreg rekna som ei homogen sosio- kulturell gruppe.

Det at innvandrarakar er innbyrdes ulike vil ha innverknad på integreringsprosessen, med andre ord vil det at innvandrarakar er ulike, bety ulike tilpassingsformer. Ein kan ikkje ta for gitt at til dømes alle muslimar i Noreg har same interesse av, behov for og ynskje om å bevare sin kulturelle bakgrunn. Dette har motivert meg til å setje fokus på ei gruppe innanfor innvandrarakbefolkning, homofile med muslimsk bakgrunn, og deira tilpassing til det norske samfunnet. Denne innvandrargruppa kan seiast å vera ein minoritet i minoriteten i den forstand at dei må handtere både det å vera innvandrar og homofil.

Mange homofile med muslimsk bakgrunn står i fare for å komme i konflikt med og verta diskriminert av andre muslimar på grunn av negative og lite akseptierende haldningar til homoseksualitet generelt i muslimske innvandrarmiljø. Dette kan i visse tilfelle føra til at mange homofile sjølv vel å ikkje ha kontakt med muslimske innvandrarmiljø, men heller

nyttar seg av andre arenaer i det norske samfunn for å danna seg eit sosialt nettverk. Dette vil ha innverknad på deira tilpassing til det norske samfunn.

Denne hovudoppgåva er utarbeida på oppdrag frå Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjering¹. Dei ynskjer større kunnskap og kompetanse om homofile innvandrarak for di ein kan anta at ”Mange av disse har familiebakgrunn og kulturell forankring der homoseksualitet er mindre akseptert enn vi er vant til i vår vestlige verden og at de støter på problemer av en noe annen karakter enn vår øvrige medlemsmasse” (Vitenskapsbutikken sin katalog hausten 2002).

1.1.1 Identitet og handling. To forklaringsmodellar

I litteraturen som skildrar homoseksualitet i muslimske samfunn, blant anna *Sexuality and Eroticism Among Males in Moslem Societies* (Schmitt og Sofer 1992) og *Islamic Homosexualities. Cultures, History and Literature* (Murrey og Roscoe 1997) finn ein mange eksemplar på at seksuell omgang mellom menn eksisterer i muslimske samfunn. Men det som kjenneteiknar denne typen homoseksualitet er at den går føre seg i det skjulte, og at den er livsfasebetinga og tidsavgrensa. Det finst få forteljingar om to menn som har ein homofil livsstil slik me finn i vestlege samfunn, der det er vanleg å forstå samkjønna kjærleik og seksualitet som ein medfødt eller tidleg erverva eigenskap, det vil seia som uttrykk for ein seksuell identitet.

Ein kan difor sei at det eksisterer to modellar for samkjønnsseksualitet, ein vestleg og ein ikkje- vestleg måte å forstå homoseksualitet på, nemlig det å vera homofil og det å gjere homoseksuelle handlingar. Ut frå ein vestleg forklaringsmodell vert homoseksualitet forstått som identitet og ein livsstil, personen er homofil. Ut frå ein ikkje-vestleg forklaringsmodell kan ikkje ein person vera homofil, det er ikkje uttrykk for ein seksuell identitet. Homoseksualitet vert forstått som handling, som noko tidsavgrensa og livsfase- eller situasjonsbetinga. Homoseksualitet er noko personen gjer, ikkje er². Desse to modellane gjev ei forenkla framstilling av samkjønnsseksualitet, og det er difor viktig å vera merksam på at det finnes eit mangfald av samkjønnsseksualitet i ikkje-vestlege land, på same måte som det finnes eit mangfald i den vestlege verda.

¹ Når eg seinare i oppgåva refererer til Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjering, kjem eg til å bruka forkortinga LLH.

² Det å forstå homoseksualitet som handling er ikkje spesielt for muslimar og i muslimske samfunn. Denne måten å forstå homoseksualitet på finn ein også blant anna i Latin-Amerika, der mange td er katolikkar.

Det er på bakgrunn av desse to forklaringsmodellane for samkjønnsseksualitet at ein må forstå dei vanskane som homofile innvandrarakar kan oppleve, og haldningane ikkje-vestlege innvandrarakar, deriblant muslimar, har til homoseksualitet. Negative haldningar til homoseksualitet må bli forstått ut frå ståstaden til dei menneska som har vakse opp i samfunn der homoseksualitet er noko det knapt vert snakka om og som må praktiserast i det skjulte. Det kan for mange verte vanskelig å akseptera og tolerera at to menn er kjærestar og lever saman, og dermed vel bort å leva eit familieliv, altså gifte seg og få barn, som for til dømes mange muslimar er veldig viktig. Å påberopa seg ein identitet som homofil, vert difor noko uforståeleg sett ut frå deira ståstad. Når eg i det følgjande refererer til muslimar generelt sine negative haldningar til homoseksualitet, er det primært homoseksualitet som identitet eg siktar til.

1.2 Problemstilling

I denne oppgåva skal eg sjå på korleis homofile innvandrarakar med muslimsk bakgrunn opplever det å leva i Noreg. Datamaterialet som denne oppgåva baserer seg på, er samla inn ved hjelp av kvalitative intervju med seks homofile innvandrarakar med muslimsk bakgrunn. Eg ynskjer å sjå spesielt på korleis ulike tilpassingsformer i det norske samfunn kan vera med på å gje muligheiter og begrensingar i forhold til det å leva eit liv som homofil i Noreg. Den overordna problemstillinga i denne oppgåva er:

Gitt eit ynskje om å leva som homofil i Noreg, kva for muligheiter og begrensingar opplever homofile innvandrarakar med muslimsk bakgrunn at dei har i det norske samfunn?

Det å vera homofil innvandrar med muslimsk bakgrunn i Noreg, vil innebera at ein er aktør på tre ulike arenaer. Desse er det norske storsamfunn, muslimske innvandramiljø og det etablerte homomiljøet. Både innvandramiljøet og homomiljøet er ein del av det norske storsamfunn. Grunnen til at eg har skilt ut desse to som sjølvstendige arenaer er at det på desse arenaene vil eksistera ein annan kultur og dermed også andre haldningar som skil seg frå det norske storsamfunn som heilskap. Eg vil anta at det eksisterer ulike haldningar både til det å vera homofil og til det å vera innvandrar innanfor dei tre arenaene. Eg har derfor ei overordna hypotese om at homofile med muslimsk bakgrunn vil oppleve at dei har ulike muligheiter og begrensingar på desse tre arenaene. Og at deltaking på ein eller fleire arenaer vil utelukke eller begrensa deltaking på andre.

Innvandring til Noreg medfører at det norske samfunn går frå å vera eit relativt homogent samfunn til å verte eit fleirkulturelt samfunn. Det vil seie at dagens Noreg består av fleire nasjonalitetar, språk- og religiøse grupper. Innvandrarar i det norske samfunn har ein annan sosial og kulturell bakgrunn som vert konfrontert med ”det moderne samfunns institusjoner, organisasjoner, lover, språk, livsmønster og tradisjoner” (Kaya 1999: 11). I møte med eit slik samfunn oppstår det eit behov for tilpassingsformer. I denne oppgåva vil desse tilpassingsformene vera integrasjon, assimilering og segregering/ separasjon. Ut frå desse teoretiske omgrepa vil eg analysere datamaterialet mitt, for på den måten kunne seie noko om muligheiter og begrensingar som homofile med muslimsk bakgrunn opplever å ha på dei ulike arenaene.

1.2.1 Tilpassing

Det er alltid to sider ved tilpassingsstrategiar og tilpassingsløp. Det er på den eine sida eit spørsmål om kva for strategi innvandrarar sjølv går inn for, men på den andre sida er tilpassing også avhengig av korleis ein vert møtt. Dette vil seie at ein innvandrar ikkje kan velje strategi; tilpassing er eit samspel mellom innvandrarar og majoritetsbefolkninga.

For at sosial integrasjon skal finne stad er det nødvendig med samhandling, dialog og respekt for universelle og allment aksepterte verdiar, som til dømes demokrati og menneskerettar (Bilgiç 2000). Marginalisering vert ofte sett på som motpolen til integrasjon. Her vert dei sosiale og symbolske banda mellom individ og samfunn undergravne. Dette kan føra til svak deltaking og manglande tilhøyring (Brochmann 2002:30-31).

I dei siste 30 åra har integrasjon erstatta assimilering som ideologi innanfor migrasjonsfeltet. Ut frå eit multikulturelt og pluralistisk perspektiv, som vektlegg at innvandrarar skal få behalde sitt kulturelle særpreg, har assimilering eit dårlig rykte (Brubaker 2003). Assimilering betyr å gjere lik, og inneber å totalt gje opp sitt eige særpreg eller sin kultur. Minoritetar tilpassar seg majoritetssamfunnet, enten frivillig eller ufrivillig, både språkleg, sosialt og kulturelt (Kaya 1999). Dette er ei forenkla forståing av assimilering, der ein fokuserer på at assimilering er eit spørsmål om enten eller, og vektlegg at sluttresultatet er komplett absorpsjon. I litteraturen om etnisk fasthalding vert det fokusert på og ein går ut frå at det å bevare sin kulturelle arv alltid er ein god ting.

Utifrå slik dagens verkelegheit ser ut med omsyn til integrering av innvandrarar, har ein innanfor migrasjonsfeltet byrja å sjå på assimilering som grepet på nytt. Dette har ført til ei ”rehabilitering av assimilering som grepet” (Brochmann 2003). Denne ”rehabilitering

assimilasjonsforståinga” legg vekt på at dersom assimilering vert forstått som ein prosess der ein vert lik på ulike områder av samfunnet og i forhold til ulike referansegrupper i majoritetsbefolkninga, kan assimilering vera noko positivt for individet. Ein viser her til ulike grader av assimilering på ulike områder (Brubaker 2003).

Prosesen der minoriteten vert skilt ut eller sjølv vel å skilje seg ut frå majoriteten, vert kalla segregering. Denne forma for tilpassing inneber ei klar åtskiljing mellom folkegrupper (Kaya 1999). Dei tilfella der minoriteten sjølv vel å skilje seg ut, vil eg i det følgjande referera til som separasjon.

Korleis kan ulike tilpassingsformer i det norske samfunn vera med på å skape muligheiter og begrensingar i forhold til det å leva eit liv som homofil i Noreg? Det å bu i Noreg vil gje den homofile muligheiter til å leva eit liv som homofil og ha ein homofil livsstil, fordi det i Noreg er lovleg å praktisera homofili og befolkninga generelt har eit positivt syn på homoseksualitet. Dette står i eit motsetningsforhold til dei forholda som homofile lever under i mange muslimske land. Det å praktisera homofili kjem i 26 muslimske land inn under straffelova. 6 av desse landa har dødsstraff (Stortingsmelding nr 25, 2000- 2001). På den andre sida er det slik at sjølv om det i Noreg eksisterer ei meir liberal og akseptierende haldning til homofili, er det dermed ikkje sagt at alle homofile i Noreg vert møtt med positive haldningar. Forsking viser at mange etnisk norske homofile framleis synest at det er vanskeleg ”å komme ut av skapet” (Hegna et al 1999). Eg vil anta at negative haldningar i det norske samfunn også kan verka begrensande for livsutfaldinga til homofile med muslimsk bakgrunn.

På grunn av negative haldningar til homoseksualitet innanfor den muslimske kulturkrins, er det rimelig grunn til å anta at homofile vil ha eit meir spent og vanskeleg forhold til sin kulturell bagasje enn det som er tilfelle for mange heteroseksuelle muslimar som bur i Noreg. Mange av mine informantar fortel at dei har brote med sin religion og/ eller har lite kontakt med andre muslimar. Alle definerer seg sjølv som homofile og ved å velje til dømes å ikkje gifte seg og stifte familie, bryt dei med delar av muslimsk kultur. Det å gifte seg og stifte familie er ein viktig del av muslimsk tradisjon og kultur. Homoseksualitet forstått som identitet, med rolla og livsstilen som homofil, det vil sei at to menn er kjærestar eller bur saman, vert ikkje godtatt i mange muslimske samfunn. Det vil sei at mine informantar gjev avkall på delar av sin kultur og erstattar den med ein ”norsk måte” å vera homofil på. Eg vil ut frå dette anta at dersom mine informantar vert assimilert på ulike områder av det norske samfunn og i forhold til ulike referansar av majoritetsbefolkninga, vil det gje dei muligheita til å leva eit liv som homofil.

Sjølv om ein har flytta ifrå eit muslimsk samfunn med negative haldningar til homoseksualitet, vil ein også i Noreg ha kontakt med den islamske kulturen gjennom innvandarmiljø. For homofile med muslimsk bakgrunn kan kontakt med andre muslimske innvandrarak bety at dei må skjula sin seksuelle orientering fordi den ikkje vert akseptert. Eg vil derfor anta at det å ha nær kontakt med muslimske innvandarmiljø vil begrensa aktøren med omsyn til det å kunne leva eit liv som homofil. Det å vera homofil er ei avvikande og moralsk feil handling i følgje islam og vil derfor føra skam over individet og familien hans.

Det inntrykket eg sit igjen med etter å ha intervjuet seks homofile med muslimsk bakgrunn, er at dei har liten kontakt med sitt eige innvandarmiljø. Det er dei sjølve som har valt bort å ha nær kontakt med andre personar som kjem frå same land som dei sjølve, enten fordi dei er engstelege for å verte oppdaga, eller fordi dei ikkje ynskjer å omgås personar som har negative haldningar til deira seksuelle orientering. Det kan sjå ut som om at aktørane på denne arenaen delvis føler seg pressa til og delvis sjølv vel tilpassingsforma segregering eller separasjon.

LLH har i dei seinare åra registrert at fleire og fleire homofile innvandrarak trekkes mot det homofile miljøet i Oslo. Korleis opplever homofile innvandrarak å vanke i dette miljøet? Kva for muligheter eller begrensingar opplever dei å verte møtt med her? Fleirtalet av dei eg har snakka med har flest norske homofile venner og mange er aktive i homomiljøet. Eg vil anta at nær tilknytning til det norske homomiljøet og det å ha mange norske venner, med andre ord å vera integrert i homomiljøet, fører til at ein får betre kunnskap om og kjennskap til det norske storsamfunn. Noko som igjen kan føra til større grad av integrasjon i det norske storsamfunnet.

1.3 Avgrensing og omgrepsavklaring

Innvandrarbefolkninga i Noreg består av mange nasjonalitetar og religiøse grupper. Eg har funne det for omfattande innanfor rammene til ei hovudfagsoppgåve å ta for meg homofile med ulike etniske og kulturelle bakgrunnar, derfor har eg avgrensa oppgåva til homofile menn med muslimsk bakgrunn som bur i Noreg. Eg ynskjer å sjå på korleis mine informantar stiller seg i forhold til sin religion, seksuelle orientering, familie, venner og muslimske innvandarmiljø i ein norsk kontekst. I tillegg vil eg sjå på korleis dei stiller seg i forhold til det norske storsamfunn og homomiljøet. Med dette som utgangspunkt ynskjer eg å sei noko

om kva for faktorar som begrensar eller muliggjer det å kunne leva eit liv som homofil i Noreg.

Av praktiske årsaker har eg avgrensa oppgåva til å handle om menn. Det har ikkje lykkast meg å finne kvinnelege informantar. Temaet for oppgåva, homofili og islam, er eit sensitivt tema, og derfor har det vore vanskeleg å finna informantar som har vore villige til å stille opp til intervju. På grunn av at informantane består av menn kjem, eg vidare i oppgåva til å referera til dei som homofile.

Homofile menn er ikkje ei einsarta gruppe, det å vera homofil inkluderer eit stort mangfald av livsformer (Hegna et al 1999). Eit av dei avgjerande kriteria i denne studien har vore at personane som deltek identifiserer seg sjølv som homofile. Omgrepet homofil har eg valt å definera, i likskap med NOVA- rapporten, som ”menn som opplever seksuell og/eller følelsmessig tiltrekning til personer av samme kjønn” (Hegna et al 1999:17).

Oppgåva vil, ut frå desse avgrensingane, handla om homofile innvandrarakar med muslimsk bakgrunn. Grunngevinga for at eg ser på dei som har muslimsk bakgrunn og ikkje på homofile muslimar, er at det er nokon av dei eg har intervjuar som i dag ikkje ser på seg sjølv som muslimar. Dette vil blant anna sei at nokon av dei har brote med sin religion. Til tross for det har dei sin muslimske kulturarv med seg. Bakgrunnen for å hevda dette er at islam er meir enn religionen, islam er også tradisjon. Eit døme på dette er den sentrale plassen *ære* og *skam* har i mange muslimske samfunn. Koranen og religiøse forskrifter spelar ei stor rolle i kvardagslivet i eit muslimsk samfunn, men tradisjonen sine uskrivne reglar spelar også ei vesentleg rolle. Blant dei uskrivne reglane er *verdinormer* dei mest utbreidde. Desse verdinormene knyter seg til omgrepa *ære* og *skam*³. I kvardagslivet kan dei uskrivne reglane for *ære* og *skam* for mange tradisjonelle muslimar vera like viktig å overhalde som religiøse forskrifter. Til dømes skal ein, i følgje Koranen, ikkje lyge. Men nokre menneske vel heller å lyge eller dekke over mindre flatterande ting, til dømes ein kriminell son, enn å innrømme at han er kriminell og dermed tape ansikt og verte påført *skam*. Naser Khader hevdar derfor i sin bok *Ære og skam* at det er dei uskrivne lovene i større grad enn religionen som held fast ved til dømes dei kulturelle forskjellane mellom mann og kvinne, kjønnsatkiiljing og møydommens tyding. I nokre tilfeller kan til og med islam sine påbod og dei uskrivne verdinormene vera i direkte konflikt (Khader 2002).

³ Det er viktig å merka seg at desse to omgrepa ikkje treng å ha noko med religionen å gjere. Tamilar som bur i Danmark er like opptatt av *ære* og *skam* som menneske frå Mellom- Austen. I tillegg vert omgrepa også nytta i Latin- og Mellom Amerika (Khader 2002).

Eg er klar over at islam inneber eit mangfald, og at ikkje alle muslimske innvandrara i Noreg er like. Dette kjem også tydelig fram gjennom historiene som informantane mine fortel. Gjennom desse historiene viser dei meg at det finst mange måtar å vera muslim på, og at ein kan ha ulike forhold til sin kulturelle bakgrunn. Eg har også fått eit innblikk i at det er varierende kor stor og sentral plass islam har i ulike muslimske samfunn. Informantane er frå fem ulike land. Men for å kunne behandla temaet homofile innvandrara med muslimsk bakgrunn er det nødvendig for meg å gjere nokre forenklingar og generaliseringar. I og med at eg utforskar korleis det er å vera homofil med muslimsk bakgrunn i ein norsk kontekst, vil dette gjelde både i forhold til den norske kulturen og den muslimske.

1.4 Tidligare forskning

Korleis det er å leva som homofil innvandrar i Noreg, er eit forholdsvis urørt område innanfor forskinga. Denne gruppa innvandrara veit me lite om, fordi få av dei er synlege i samfunnet. Sjølv om det er mangelfull forskning om homofile innvandrara, finst det likevel nokon tidligare studiar som eg vil støtte meg på i denne studien⁴. Desse studiane representerer ikkje eit fullstendig bilete, men dei har danna eit utgangspunkt for mi forståing av feltet, og gjeve meg idear til utforming av problemstillingar i denne undersøkinga. I tillegg har eg brukt amerikansk litteratur som omhandlar homoseksualitet og islam og studiar om etnisk norske homofile og lesbiske, som til dømes NOVA- rapporten (Hegna, Kristiansen og Ulstein Moseng 1999) og *Norsk homoforskning* (Brantsæter, Eikvam, Kjær og Åmås 2001) for å skaffe meg bakgrunnskunnskap. I det eg er i ferd med å avslutta min studie publiserer Bera Ulstein Moseng ved NOVA ein rapport om homofile og lesbiske innvandrara sine levekår og livskvalitet i Noreg.

1.4.1 Homofile og lesbiske i Noreg

I NOVA- rapporten om levekår og livskvalitet for etnisk norske homofile og lesbiske (Hegna et al 1999) fant forskarane at lesbiske og homofile vurderer sin eigen helse dårlegare enn befolkninga generelt. I tillegg fant forskarane ei rekkje faktorar som kan føra til psykisk stress og sviktande psykisk helse. Blant desse er problem med å akseptera seg sjølv, fortrenking av

⁴ Det er spesielt tre undersøkingar eg kjem til å referera til, ein norsk (Skivik et al 2003), ein svensk (Haansbæk 2002) og ein britisk (Yip 2003). Desse studiane vil verte nærmare presantert seinare.

kjenslene ein har til personar av same kjønn, avsløringsangst, frykt for å verte avvist og vonde kjensler forbunde med stigmatisering, ekskludering og einsemd. Forskarane fann også at 16 prosent av mennene og 20 prosent av kvinnene i utvalet deira oppgav at dei har prøvd å ta sitt eige liv minst ein gong i livet. Denne andelen er 6-7 gonger høgare enn i befolkninga generelt. Kvar fjerde kvinne og mann under 25 år i utvalet seier at dei har prøvd å ta sitt eige liv. Dei fire viktigaste motiva for sjølvordsforsøka er kjensle av isolasjon og einsemd, ynskje om å komma vekk frå ein uuthaldeleg situasjon, avmakt i forhold til framtida og problem med å akseptera seg sjølv som homofil/ lesbisk (Hegna et al 1999:292). Dette viser at til tross for at befolkninga i løpet av dei siste tiåra har fått ei meir positiv haldning til homofili, er det ikkje uproblematisk å vera homofil og lesbisk i dagens norske samfunn. NOVA- rapporten viser til fleire haldningsundersøkingar som er gjennomført i løpet av dei siste 30 åra⁵. Desse haldningsundersøkingane, gjort av Norsk Gallup og Scan- Fact, viser at befolkninga sidan 1960- talet har fått ei meir positiv haldning til homofile og lesbiske (Hegna et al 1999). Dette indikerer at homofile og lesbiske sin livssituasjon har vorte betre enn den var før 1960-70. Opphevinga av straffelov §213 i 1972, innføring av anti- diskrimineringslova og partnerskapslova har vore med på å auka aksepten for homofili og homofilt samliv frå samfunnet. At homofile og lesbiske har vorte meir synlege i tillegg til at ein har vorte meir open om temaet, er også faktorar som har medverka til haldningsendringa (Stortingsmelding nr. 25, 2000- 2001).

NOVA- undersøkinga trekkjer ikkje berre fram problematiske og vanskelege sider ved det å vera homofil. Rapporten seier også noko om kva som fremmer god psykisk helse hjå homofile og lesbiske. Å identifisera seg som homofil og leva opent, samt å integrera venner med ulik seksuell orientering i nettverket sitt medfører mindre psykiske problem og belastningar. Ved å stå opent fram slepp ein belastninga det er å heile tida skjule sin seksuelle orientering. På den andre sida vil det å stå opent fram gjere den homofile/ lesbiske sårbar for diskriminering og negative haldningar (Hegna et al 1999). Ofte viser det seg at mange uroar seg utan grunn. Den faktiske reaksjonen som lesbiske og homofile vert møtt med når dei står fram, er nesten alltid meir positiv enn ein hadde forventa på førehand (Håkansson i Hegna et al 1999).

⁵ Desse haldningsundersøkingane er utført i tidsrommet 1967 til 1992.

1.4.2 Homofile innvandrarak

Skivik, Eide og Dammen Nikolaisen finn i si undersøking om homofile innvandrarakdom i Noreg ut at variablar som redsel for å verte utstøytt frå familien, tap av venner i eige etnisk miljø, det å verte utsett for krenkingar som total ignorering og vold i eigen familie, å leva i to sosiale verdener og å leve skjult kan vera med å virke inn på den enkelte si psykiske helse (Skivik, Eide og Dammen Nikolaisen 2003:18). Dei fleste informantane i undersøkinga har opplevd ”komme ut fasen” som svært belastande. Familien har reagert med ignorering, forneking og i eit tilfelle vold. Det er mange som fortel at dei enten har mista venner i sitt etniske miljø eller sjølv valt å bryta kontakten (Skivik et al 2003).

Thomas Haansbæk har intervjuat 21 homofile og lesbiske innvandrarak i Sverige og undersøkinga hans tek sikte på å finna svar på spørsmålet om korleis det er å vera homoseksuell og innvandrarak i det svenske samfunnet (Haansbæk 2002). Han finn at over halvparten av informantane lever skjult overfor familien. Årsaka til dette synest å vera at den homoseksuelle ynskjer å skåna sin familie eller er redd for å verte utstøytt. Svært få av informantane har blanda omgangskrins og risikerer derfor å hamna i ein segregert livsstil⁶. Vidare finn Haansbæk at mange homoseksuelle innvandrarak føler seg tvinga til å skjule si seksuelle orientering for innvandrarmiljøet han eller ho tilhøyrer. Mange går ut frå at dei vil møte negative reaksjonar og haldningar om dei står fram. Dette fører ofte til at ein vel bort å ha kontakt med innvandrarmiljøet (Haansbæk 2002).

Det at mange har vokse opp i samfunn der seksualitet vert usynleggjort og homoseksualitet ofte er sterkt skambelagt medfører at det for mange tek lang tid før dei klarer å akseptera si seksuelle orientering, sjølv om dei har flytta til eit samfunn med liberale haldningar til homofile og lesbiske. Vidare finn Haansbæk at homofile innvandrarak løper ein dobbelt risiko for konfrontasjonar med omgivnaden, enten fordi at ein er innvandrarak eller fordi at ein er homofil. Rapporten til Haansbæk har titelen: *...som en kamel med två pucker*. Det er ein av informantane i denne rapporten som skildrar seg sjølv på denne måten. I tillegg til å vera innvandrarak og på den måten tilhøyra ein etnisk minoritet, tilhøyrer han ein seksuell minoritet i samfunnet fordi han er homofil (Haansbæk 2002). Skivik, Eide og Dammen Nikolaisen poengterer også dette og skriv i rapporten at personane i undersøkinga har ”En identitet som i tillegg til det å være norsk omfatter det å tilhøre en etnisk minoritet, foruten å være religiøs og homofil” (Skivik et al 2003:51). Mange homofile med innvandrarakbakgrunn kan derfor oppleva situasjonen sin som om at dei er ein minoritet i minoriteten (Skogseth 2001, Haansbæk 2002, Skivik m. fl 2003).

⁶ Blanda omgangskrins vil til dømes seie å blanda sine heterofile og homofile venner (Haansbæk 2002).

1.4.3 Ekstra belastning på grunn av kulturell bakgrunn?

Kva fellestrekk kan ein spore hjå etnisk norske homofile og homofile med innvandrarbakgrunn? Mange aspekt ved livssituasjonen er like. Begge tilhøyrer ein seksuelle minoritet i samfunnet. Medlemmer av begge grupper kan oppleva at det er problematisk å definera seg sjølv som homofil og akseptera at dei har ein anna seksuell orientering enn majoriteten i samfunnet. Det kan også opplevast som problematisk å ”komme- ut”, både overfor familie og venner. Mange er engstelege for kva reaksjonar og haldningar dei vil verte møtt med. Funna i NOVA- rapporten (Hegna et al 1999) viser til at sjølv om det har vorte ei meir positiv haldning til homofile og lesbiske i det norske samfunnet, er det framleis mange homofile og lesbiske som har det vanskeleg. Dei høge tala på sjølv-mord og sjølv-mordsforsøka er ein indikator på dette.

Det som skil homofile med innvandrarbakgrunn frå etnisk norske homofile er at dei, i tillegg til å tilhøyra ein seksuell minoritet i samfunnet, også høyrer til ein etnisk minoritet. Haldningane til homoseksualitet er meir negative i mange av dei etniske minoritetsgruppene i Noreg enn i den norske befolkninga generelt, noko som medfører at livssituasjonen til homofile innvandrarakgrunnar vert ekstra vanskeleg. Mange homofile innvandrarakgrunnar brukar lenger tid på å akseptera sin seksuelle orientering enn etnisk norske fordi dei har med seg dei negative oppfatningane av homoseksualitet frå heimlandet sitt. Dei negative haldningane til homoseksualitet fører også til at homofile og lesbiske er engstelege for reaksjonane dei vil verte møtt med dersom dei ”kjem ut av skapet”. Mykje tyder på at frykta er reell. Både undersøkinga til Haansbæk og Skivik et al viser at homofile med innvandrarbakgrunn har vanskelegare for å verte akseptert av familie, venner og sitt etniske miljø, enn norske homofile. Mange av informantane i desse to undersøkingane fortel at dei har vorte møtt med ignorering og fornektning. I tillegg er det mange som vel å ikkje ha kontakt med sitt eige etniske miljø på grunn av dei negative haldningane dei vert møtt med.

Det viser seg, ut frå gjennomgangen av tidlegare forskning på område, at det er rimeleg grunn til å anta at homofile innvandrarakgrunnar må forholde seg til nokre ekstra belastningar på grunn av sin kulturelle bakgrunn. Haansbæk (2002) peiker i si undersøking på fire tema som fangar opp nokre av dei ekstra belastningane homofile med innvandrarbakgrunn kan verte utsette for. Desse er for det fyrste møtet med det samfunnet som ein innvandrar til, for det andre integrasjon i samfunnet, for det tredje kontakten med den etablerte homoseksuelle

delkulturen og for det fjerde den kulturelle arven ein har med seg frå opphavlandet (Haansbæk 2002). Eg vil i løpet av denne studien koma inn på desse temaene.

1.5 Oppgåva si oppbygging

Oppgåva er strukturert på denne måten. I kapittel 2 vil eg gjere greie for metodeval og datainnsamling. I tillegg vil eg drøfte min forskarrolle samt dei etiske sidene ved studien min. I kapittel 3 presenterer eg den teoretiske tilnærminga som ligg til grunn for analysen av datamaterialet mitt. Her vil eg argumentera for at homoseksualitet er ein sosial konstruksjon og på denne måten vise at det eksisterer ulike haldningar til homoseksualitet i ein muslimsk og i ein norsk kontekst. Vidare vil eg koma nærmare inn på dei tre ulike tilpassingsformene, integrasjon, assimilering og segregering/ separasjon. I denne samanhengen vil eg spesielt sjå på assimileringssomgrepet og argumentera for korleis ei ”rehabilitert” forståing av assimilering kan vera nyttig innanfor integrasjonsfeltet.

I kapittel 4, 5, 6, og 7 vil empirien som denne oppgåva byggjer på verte presentert og drøfta i forhold til den teoretiske tilnærminga. I kapittel 4 tek eg for meg sosialisering inn i den seksuelle kulturen, både i opphavlandet og i den norske. I dei neste tre kapitla vil eg bruka den innsamla empirien for å visa korleis den måten informantane tilpassar seg på dei ulike arenaene kan vera med på å skape muligheiter og begrensingar i forhold til å leva eit liv som homofil i Noreg.

Til slutt vil eg i avsluttinga svare på oppgåva si problemstilling samt sjå nærmare på den overordna hypotesen om at homofile med muslimsk bakgrunn vil oppleva at dei har ulike muligheiter og begrensingar på dei tre arenaene. Og at deltaking på ein eller fleire arenaer vil begrense og skape vanskar for deltaking på andre.

2 METODE

I dette kapitlet vil eg gjere greie for metoden eg har nytta for å kunne svare på oppgåva si problemstilling. Eg vil her drøfte kvifor eg har funne det mest føremålstenleg å bruka kvalitativ metode. Vidare vil eg kort gjere greie for utvalet, for så å koma inn på datainnsamling og bearbeiding av data. I den siste delen av kapitlet vil eg ta opp og drøfte etiske vurderingar ved undersøkingsopplegget.

2.1 Utgangspunktet

Utgangspunktet for denne studien var å undersøke kva for muligheiter og begrensingar homofile med muslimsk bakgrunn opplever å få ved å bu i Noreg. Mi tilnærming til oppgåva si overordna problemstilling er kvalitativ. Fordi det er gjort lite forskning på området og fordi ein veit lite om denne gruppa sin livssituasjon i Noreg, var det viktig for meg å la stemmene til dei personane det gjeld få koma til uttrykk. Eg har difor nytta meg av kvalitativt dybdeintervju i datainnsamlinga. Det har vore eit tidkrevjande arbeid å få tak i informantar. Fordi det er eit sensitivt tema som det er lite openheit rundt, har det vore vanskeleg å få tak i personar som har ville latt seg intervjuje.

2.2 Metodeval

Når ein skal i gang med eit forskingsprosjekt er det viktig å nøye vurdere kva for metode eller metodar som best kan gje svar på dei spørsmåla ein har stilt seg. Det er viktig å hugse på at ulike metodar gjev ulike svar (Widerberg 2001). Eg var interessert i å få eit innblikk i korleis homofile innvandrarakar med muslimsk bakgrunn opplever det å bu i Noreg, difor valte eg ei kvalitativ tilnærming. Grunnen til at eg valte kvalitativt i staden for kvantitativt var at eg heller ynskte å gå i dybden ”å klargjøre et ’fenomens’ karakter eller egenskap(er)” (Widerberg 2001:15) enn å fastslå mengda av det same fenomenet (Widerberg 2001). Med andre ord var eg meir interessert i å oppnå ei forståing av det å vera homofil med muslimsk bakgrunn ved

hjelp av fylldige data om personane det gjeld og situasjonen dei er i, enn å finne ut kor utbreidd fenomenet er og talet på homofile som bur i Noreg (Thagaard 1998).

Det finst ulike måtar å samle inn data ved hjelp av ein kvalitativ tilnæringsmåte, til dømes observasjon og intervju. Ved å velje å nytte meg av kvalitative intervju, gav det meg muligheita til å få kunnskap om korleis personane som tilhøyrrer denne innvandrargruppa opplever situasjonen sin. Formålet med denne typen intervju er ”å benytte seg av dette møtet mellom forsker og intervjuperson og den unike samtalen(...) som oppstår nettopp i denne konteksten” (Widerberg 2001:16).

2.3 Utvalet

Utvalet mitt består av seks sjølvidentifiserte homofile innvandrarak med muslimsk bakgrunn. Eg kjem ikkje til å gje nokon detaljert beskriving av dette utvalet fordi eg på best mogeleg måte vil ivareta deira anonymitet. Men ei kort beskriving tykkjer eg er nødvendig for å gje ei viss oversikt over utvalet. Alle er menn og på intervjutidspunktet var dei i alderen frå 25 til 50 år. Fleirtalet er i 30- åra. Det varierer med omsyn til kor lenge dei har budd i landet, med eit spenn på ca 1 ½ år til 28 år. Informantane kjem frå fem ulike land, eg vil ikkje nemne dei her fordi fleire av informantane har bedt meg om ikkje å fortelje kvar dei kjem frå. Dei er redde for å verte gjenkjent. I staden for å fortelje deira nasjonalitet, har eg heller valt å dele opphavslanda inn i større geografiske områder for på den måten å ivareta informantane sin anonymitet. Ut frå dette valet, har eg kome fram til to geografiske områder, desse er Midt-Austen og Asia.

Eit anna grep eg har nytta for å ivareta anonymiteten til informantane er at eg har gjeve kvar av dei to fiktive navn. Eg vil difor i analysekapitla nytte meg av 12 fiktive navn. Grunnen til dette er at lesaren ikkje så lett skal kunne følge historia til kvar einskild av informantane og på den måten kjenne igjen personen. I tillegg til dette har eg utelatt eller endra opplysningar om personane, til dømes antall sysken eller om dei har systre eller brødre, for å gjere forteljningane mindre gjenkjennbare. To av intervjuak vart gjennomført på engelsk. Sitat frå desse intervjuak har eg oversatt til norsk. Alle sitat i denne oppgåva vert gjengitt på nøytralt bokmål, og er såleis renska for dialekt og språklege særpreg som til dømes gramatiske feil. Eit par gonger står sitata aleine uten andre opplysningar enn at det er henta frå eit intervju med ein informant.

Det var eit tidkrevjande arbeid å få tak i informantar, noko som resulterte i at datainnsamlinga tok om lag 6 månader. I og med at eg verken har muslimar eller homofile i den nære omgangskrins, måtte eg gå andre vegar for å få tilgang til informantar. Eg kontakta fyrst ein journalist i Aftenposten, Inger Anne Olsen, fordi ho hadde laga ein reportasje der ho intervjuar to homofile muslimar. Ho var villig til å setje meg i kontakt med ein av dei ho hadde intervjuar. Dei andre informantane mine har eg fått via Geir Skogseth som er ein av bidragsytarane til *Norsk homoforskning* (Brantsæter et al 2001). Her har han skrivne ein av dei få artiklane i norsk samanheng som tek for seg problematikken rundt det å vera ein minoritet i minoriteten. Det er også nokre av informantane som har skaffa meg nye informantar. Med andre ord så har eg nytta meg av snøball metoden for å få tak i informantar.

Det var to av dei eg intervjuar som kjente andre, men dei ville ikkje delta i undersøkinga. Dette vil sei at det finnes fleire potensielle informantar, men dei har av ulike årsaker ikkje ynskt å la seg intervjuar. Hovudgrunnen for å ikkje delta var at dei lever skjult og var redde for å verte avslørt dersom dei deltok i ei slik undersøking.

Det at dette temaet er veldig sensitivt har naturleg nok begrensa mitt utval. Det har som sagt vore vanskeleg å finne personar som har vore villige til å snakke med meg. Fleire av dei eg har fått snakka med er relativt opne. Alle unntatt ein, har eller har hatt kjæraste og har budd eller framleis bur saman med kjæraste. To av informantane fortel at dei har inngått partnerskap. Det er ingen av informantane som lever heilt skjult. Dette vil seie at mitt utval ikkje er representativt.

2.4 Datainnsamling

Det finst fleire måtar å utforme eit kvalitativt intervju på. Kva type data ein får samla inn er avhengig av denne utforminga. Innanfor kvalitative intervju finst det to ytterpunkt, på den eine sida kan eit intervju vera lite strukturert og ber på den måten eit preg av å vera ein samtale mellom forskar og informant. Her følgjer forskaren opp det som informanten bringer på banen i løpet av intervjuet. På den andre ytterkanten har ein eit relativt strukturert opplegg. Alle spørsmål og rekkjefølgja på dei er fastlagt på førehand. Forskaren følgjer ikkje i særleg grad opp og stiller utdjupande spørsmål. Fordelen med dette opplegget er at svara som informantane gjev kan jamførast. I mellom desse to ytterpunkta finn me ei tilnærming som er delvis strukturert. I metodelitteraturen vert denne forma kalla det kvalitative forskingsintervju (Thagaard 1998:80-81). Det er denne tilnæringsmåten eg har nytta meg av i

datainnsamlinga. Temaene som eg skulle spørje om var fastlagt på førehand, men ikkje rekkjefølgja. Dette gjorde det mulig å hoppe fram og tilbake i guiden. Mange av temaene i guiden går inn i kvarande, og derfor vart det ofte slik at informanten byrja å snakke om ting som kom seinare.

2.4.1 Utforming av intervjuguiden

Kva type intervjuopplegg og korleis ein legg opp intervjuguiden er, som vist over, med på å bestemma kva for data ein får muligheita til å samla inn. Eg laga intervjuguiden på bakgrunn av ei analyseskisse. I denne analyseskissa sette eg skjematisk opp ulike tema som eg ynskja å få vita noko meir om i forhold til problemstillinga. Arbeidet med analyseskissa munna ut i fem hovudtema som er kva for tilknytning informantane har til sitt eige innvandramiljø⁷, til det norske storsamfunn og det etablerte homomiljøet i Oslo. Samt forhold til religionen og haldningar dei vert møtt med på dei tre nemnte arenaene.

Intervjuguiden er bygd opp som ein temaguide basert på dei overnemnte temaene. Det å nytta seg av ein slik tema guide gjorde det lettare å hoppe fram og tilbake i guiden om informanten begynte å snakke om tema som kom seinare. Intervjuguiden/ temaguiden har vorte revidert fleire gonger i løpet av datainnsamlingsperioden fordi det har kome tydlegare fram kva for spørsmål og tema som det var mest relevant å leggje vekt på. Den eg nytta under det fyrste intervjuet var til dømes ganske omfattande med mange spørsmål som var ganske like kvarandre. Det medførte at det i dette intervjuet var vanskeleg å henge med når informanten begynte å snakke om nye tema. Dette førte til at eg gjorde litt om på guiden til neste intervju slik at den vart meir oversikteleg.

2.4.2 Pilotprosjekt

Før eg sette i gang med å intervju respondentane følte eg at eg trengte å trenna meg på å gjere intervju. Eg ynskta også å få prøvd ut intervjuguiden. Derfor bestemte eg meg for å gjennomføra prøveintervju med kristne homofile. Bakgrunnen for dette valet er at det ikkje finst så mange homofile med muslimsk bakgrunn som i utgangspunktet ville vera med i undersøkinga mi, derfor hadde eg ikkje så mange å ta av. Grunnen til at eg valte kriste er at ein kan anta at dei kan slita med liknande problemstillingar som muslimar, fordi kristendommen også er lite tolererande i forhold til homofili.

⁷ Dette famnar vidt og gjeld blant anna forholdet til andre muslimar generelt, og forhold til familie og muslimske venner.

Sidan dei personane som var med i pilotprosjektet mitt var etnisk norske, og ikkje innvandrarakar, fekk eg ikkje prøvd ut dei spørsmåla som handla om det å vera innvandrarakar i Noreg, heller ikkje spørsmåla om kontrasten mellom det å vera homofil i eit muslimsk og i eit norsk samfunn. På den andre sida fekk eg øvd meg på det å intervjuar og snakke med fremande menneske om relativt sensitive emner. Den eine deltakaren i pilotprosjektet arbeida med innvandrarakdom, og hadde i denne samanheng vore innom spørsmål som omhandla deira forhold til seksualitet. Han kunne difor gje meg tips med omsyn til nokre av spørsmåla mine som omhandla seksualitet. I tillegg gav han meg tilbakemelding på korleis han oppfatta meg som intervjuar. Dette var verdifull informasjon og trening for meg.

2.4.3 Intervjusituasjon

Eg fekk tatt opp dei fleste intervjuar på minidisk. I dei tilfella der intervjuet ikkje vart tatt opp var grunnen at informanten ikkje ynskte det av ulike årsaker. Eit intervju vart gjennomført på ein kafé i Oslo, tre vart gjennomført heime hjå informanten og to heime hjå meg. Det å intervjuar på kafé var positivt i den forstand at det var ein nøytral arena sidan det ikkje var heime hjå nokon av oss. Likevel var det ein stad informanten følte seg trygg, i og med at det var han som valte kva for ein kafé me skulle treffast på. Baksidene ved å gjennomføre intervjuet på kafé er for det fyrste at det var ganske mykje støy der, for det andre var eg bekymra for at personar på bordene ved sida av skulle høyre kva me snakka om. Sjølv om informanten var open om at han var homofil og ikkje følt seg ”trua” eller var redd for å verte avslørt, var eg likevel engsteleg for at nokre av dei som sat rundt oss skulle høyra kva me snakka om. Mange av emna som vart brakt på banen er ganske sensitive. Etter denne erfaringa unngjekk eg å gjere fleire intervjuar på kafé.

Det å gjennomføre intervjuar heime hjå informanten er positivt i den forstand at han er på heimebane og i eit miljø der han føler seg trygg. Dette gav ei fin og roleg ramme rundt intervjuet og det virka som om informanten slappa av. Det negative er at ein kan verta forstyrra av telefonar som ringer eller folk som stikk innom. Dette skjedde berre i eit av mine intervjuar. Eg synest også at det fungerte bra å gjennomføre intervjuar heime hjå meg.

2.4.4 Min forskarrolle. Nærhet og distanse

Korleis forskaren vert oppfatta av informanten og omvendt har innverknad på intervjusituasjonen. Begge partar har forventningar til kvarandre ut ifrå korleis dei plasserer kvarandre. Personlege eigenskapar og ytre kjenneteikn som kjønn, alder og sosial bakgrunn spelar inn på relasjonen mellom intervjuar og informant. Det kan verke inn på korleis

informanten plasserer forskaren, som igjen verkar inn på korleis forskaren vert tatt imot og korleis informanten svarar på spørsmåla (Thagaard 1998).

Relasjonen mellom meg og mine informantar er primært prega av tre aspekt, kjønn, seksuell orientering og kulturell bakgrunn/ religion. Korleis har det virka inn på intervjuet og den informasjonen eg har fått samla inn? Kva innverknad kan det ha hatt at eg og mine informantar er av motsatt kjønn og har ulik kulturell bakgrunn? I metodelitteraturen vert det ofte trukke fram at når forskar og informant er av same kjønn dannar det grunnlag for ei felles forståing. Denne felles forståinga kan føre til at ein som forskar tar ting for gitt og ikkje stiller spørsmålsteikn ved forteljingane til informantane (Thagaard 1998). Dette kan også skje dersom ein har lik kulturell bakgrunn. Fordelen ved at eg som intervjuar er av det motsette kjønn, og har ein anna kulturell bakgrunn, er at eg stiller meg spørjande til aspekt ved deira liv som dei tek for gitt. På denne måten kan ein koma fram til ei djupare forståing. Ein anna fordel ved at eg er kvinne er at det kanskje var lettare for dei homofile mennene å opne seg for meg enn det hadde vore i forhold til ein mannleg forskar. Det var også ein fordel at det ikkje vart etablert ein ”tradisjonell hetero- relasjon” som kan få preg av flørting (Widerberg 2001). Dette slapp eg unna sidan mennene eg intervjuar er homofile.

2.5 Bearbeiding av datamaterialet

Etter kvart intervju skreiv eg ned ein ”stemningsrapport” som inneheld kvar intervjuet vart gjennomført, kor lang tid det tok og korleis eg syntest at det hadde gått. Eg skreiv også ned korleis eg hadde oppfatta kroppsspråket til informanten, den ikkje- verbale informasjonen, samt korleis kontakten var mellom oss, korleis informanten reagerte på spørsmåla eg stilte, og om me hadde god eller dårleg tid.

I dei intervjuet der eg ikkje fekk bruke minidisk, tok eg notat undervegs. Desse skreiv eg ut umiddelbart etter intervjuet, medan eg enno hadde dei friskt i minne. Dei intervjuet som eg tok opp vart transkribert. Når alle intervjuet var gjort, samla eg alle saman og leste igjennom. Ved hjelp av intervjuguiden og analyseskissa som eg nytta for å lage intervjuguiden, utarbeida eg kodeord som eg organiserte datamaterialet inne etter. Kodeorda skreiv eg inn i ei matrise i Excel. Her skreiv eg også inn informantane sine fiktive namn, og kunne på den måten skrive inn kva kvar og ein av informantane hadde sagt noko om i forhold til kodeorda. På denne måten fekk eg organisert svara som eg hadde fått og ut frå denne matrisa skreiv eg ut fire empirikapittel som kvar handlar om eit overordna tema.

2.6 Livshistoriar

I intervjuar spurte eg respondentane om korleis dei opplevde barndoms- og ungdomstida i heimlandet for på den måten å danne eit bakgrunnsteppe for å forstå deira møte med og kvardag i det norske samfunnet. Intervjuar har derfor element av livshistorie i seg. Det er fleire metodiske problemstillingar knytta til livshistorier som det er viktig å reflektera over.

I og med at mine informantar må reknast som vaksne, vil det dei fortel om sine barndoms- og ungdomsår verte sett frå den vaksne person sitt perspektiv. Til dømes kan slike tilbakeskuande forteljingar vera filtrerte. Det vil sei at forteljaren prøver å finne forankringspunkt for sin noverande identitet i si eiga fortid. Ut frå eit sett mogelege minner, er det primært dei som har relevans for individet sin konstruksjon av personleg identitet og relasjonar til andre i notid, som faktisk vert hugsa (Fentress og Wickham 1992). Avhengig av korleis ein fortel si historie kan hendingar i den homofile si fortid tre fram som tidlege teikn på homoseksualitet. Historieforteljinga eller narrativen vert på denne måten nytta som ei forståelsesramme rundt eins eige liv. Til dømes kan ein person fortelje historia om livet sitt på ein slik måte at den framstår som om personen alltid har vore homoseksuell. ”Det handler om å velge ut noen minner fremfor andre. Det handler om å bruke visse ord fremfor andre” (Svare 2001:318). Til tross for at dette viser at personen har innverknad i ein slik prosess, betyr ikkje dette at ein fritt kan konstruere kva som helst slags historie om liv sitt. Vår muligheit til å konstruere forteljinga om våre liv vil vera begrensa av faktorar som til dømes kultur, klasse, fødestad og familieforhold (Svare 2001).

Dette viser at ein som forskar ikkje skal ha eit ureflektert og ukritisk forhold til livshistorieforteljingar som kunnskapskjelde. På den andre sida skal forskaren heller ikkje gå for langt i motsatt retning og hevda at ingenting av det som vert fortalt av vaksne om barndommen sin og tidlige fase i livet kan seiast å vera sant. Livsforteljingar kan vera verdifulle fordi ein på den måten kan få eit glimt av korleis det faktisk var i barndommen, derfor kan dei seiast å vera eit møte mellom den personen ein eingong var og den ein er i dag (Gullestad 1996).

2.7 Dei etiske sidene

Det er spesielt tre etiske aspekt som er viktige å drøfta i eit kvalitativt forskingsopplegg. Desse tre er, informert samtykke, konfidensialitet og konsekvensane ved å delta i eit

forskningsopplegg (Kvale 2001). Dette er kanskje spesielt viktig når ein forskar på utsette og svakstilt grupper, slik eg gjer i min studie av homofile med muslimsk bakgrunn. ”Forskere har et spesielt ansvar for svakstilte gruppers interesser i løpet av hele forskningsprosessen” (NESH 1999:19). Dette prosjektet er meldt til og godkjent av Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS.

Dei personane som har deltatt i undersøkinga mi fekk informasjon om prosjektet enten via mail eller munnleg på telefonen. Her informerte eg dei om undersøkinga sitt overordna mål og hovudtrekka i prosjektplanen. Det er ein vurderingssak kor mykje ein på førehand skal informera om prosjektet. På den eine sida skal informantene vite kva han går til, men på den andre sida skal han ikkje vite for mykje slik at det legg føringar på dei svare informantene gjev (Kvale 2001). Før me sette i gang med intervjuet sa eg tydelig i frå om at det var frivillig å svara på spørsmåla og at visst det var spørsmål dei ikkje ynskte å svare på, så skulle dei ikkje gjere det. Etter intervjuet spurte eg om det var mulig å kontakte informantene igjen visst det var ting eg lurte på. Alle informantane sa at seg villige til å verte kontakta igjen.

For å ivareta prinsippet om konfidensialitet, har eg nytta fiktive namn. Dei opphavlege namna vert oppbevart åtskilt frå dei fiktive. Eg fortel heller ikkje kva for land personane som har deltatt i undersøkinga mi kjem frå. Sidan gruppa eg har forska på tilhøyrrer ei utsett gruppe er det viktig at dei ikkje vert kjent igjen slik at det å ha deltatt i mi undersøking skal vera til skade for dei seinare i livet.

Som forskar er det viktig gjennom heile forskningsprosjektet å tenka over kva slags konsekvensar det kan ha for informantane å delta. Den største ”risikoen” ved å delta i mitt prosjekt er å verte gjenkjent. Eg har sidan fyrstegongs kontakt med informantane forsikra dei om at dette er heilt anonymt og at eg i mitt arbeid med datamaterialet vil legge stor vekt på at dei ikkje skal verte gjenkjent. Når me skulle avtale møte for intervju var eg opptatt av at me skulle møtast på stader der ingen kjente verken meg eller informantene.

Etter at eg har bearbeida datamaterialet og skrive ut empirikapitla, har informantane fått lese igjennom det eg har skrive om dei for å vurdere om eg har fortolka svare deira riktig. På denne måten har dei også kunne gitt tilbakemelding på om eg har anonymisert dei godt nok.

Å delta i eit forskningsprosjekt medfører at informantene gir mykje av seg sjølv (Kvale 2001). I mitt tilfelle har eg fått eit innblikk i relativt sensitive sider ved liva til mine informantar. Dei har på den måten utlevert seg og gitt mykje informasjon til meg. Kva får dei i retur? Eg set søkelys på eit tema som opptar informantane i stor grad, nemleg det å vera homofil med muslimsk bakgrunn. Gjennom intervjuet har dei fått mulighet til å snakke

om det dei tykkjer er viktig. Det er også fleire av dei som set pris på at eg skriv om dette temaet fordi det på den måten vert brakt fram i lyset og det kan kanskje føra til at det vert ei endring i deira livssituasjon. Ein av informantane mine seier at det er bra at eg skriv denne oppgåva slik at det kan verte ein debatt rundt temaet.

Forskaren må vera observant på at ein intervjusituasjon kan virka forførande på informanten fordi denne type situasjon ber preg av personleg nærheit. Dette kan få informanten til å open seg meir enn han hadde tenkt og kan få han til å sei ting han seinare vil angre på (Kvale 2001). Det er derfor viktig at eg som forskar tenker over kor langt eg kan gå med spørsmåla mine.

Intervjupersonane i prosjektet mitt tilhøyrer større sosiale grupper i den forstand at dei både er homofile og innvandrarak med muslimsk bakgrunn. Det er viktig også å tenkje igjennom kva for konsekvensar min studie får for desse sosiale gruppene (Kvale 2001). Etter 11. september har det vore mykje fokus på muslimar. Dei vert omtala som terroristar og som ein trussel mot verdsfreden. Islam sitt syn på kvinner og kvinneundertrykking har vore andre tema som har vorte tatt opp i forhold til muslimar. I denne oppgåva tek eg opp enno eit aspekt, korleis islam og muslimar ser på homoseksualitet. Formålet med denne oppgåva er ikkje å påpeika enda eit aspekt der islam verkar undertrykkjande, men å prøva å forstå kvifor mange muslimar har eit negativt syn på homoseksualitet. I tillegg vil eg få fram kva for konsekvensar det har for individ og deira integrering i det norske samfunnet.

3 TEORETISK TILNÆRMING

Mange innvandrere vil oppleve å gjennomgå en endringsprosess i det landet de har innvandret til. Denne endringsprosessen er et resultat av samspelet mellom mer eller mindre konkurrerende krefter. For det første er det de kreftene ”that acts *from behind*”, det vil si den kulturelle arven. For det andre de kreftene ”that acts *from in front*”, dette er tilhøva i det nye landet (Månsson 1993:29). Innvandring medfører at personen først vert lausriven frå sin vante omgjevnad for så å møte ein ny. I ein slik situasjon kan ein potensiell konflikt oppstå mellom den kulturelle bagasjen innvandreren har med seg og den nye omgjevnaden han eller ho møter på. Kor vanskeleg det vil vera å handtera denne konflikten vil vera avhengig av den kulturelle distansen, det vil si graden av forskjell med omsyn til kulturelt bundne normer og verdiar mellom det gamle og nye landet. Risikoen for konflikt vil med andre ord auke med distansen mellom verdisystemet i begge samfunn (Månsson 1993). På den andre sida kan møte med nye omgjevnader opna opp for nye muligheter med omsyn til korleis ein kan leva livet sitt. I denne studien ynskjer eg å belysa seks homofile menn med muslimsk bakgrunn sin kvardag i Noreg. Desse mennene har eit spesielt forhold til den kulturelle arven sin i og med dei negative haldningane ein finn til homoseksualitet i store delar av den muslimske kulturkrins. Korleis opplever dei den kulturelle distansen mellom verdisystemet i det samfunnet dei har vaks opp i og det samfunnet dei i dag lever i? Opplever dei at det å bu i Noreg gjev muligheter eller begrensingar med omsyn til det å kunne leva som homofil? Kva slags forhold har mine informantar til den kulturelle arven sin som fordømmer deira seksuelle orientering? Korleis påverkar dette deira tilpassing til det norske samfunn?

For å vera i stand til å forstå homofile innvandrere med muslimsk bakgrunn sitt møte med og kvardag i det norske samfunn, er det nødvendig å skaffe seg innsikt i deira sosiale og kulturelle bakgrunn.

3.1 Sosial konstruksjon

Berger og Luckmann er pionerane innanfor retninga som i sosiologisk teori vert kalla *sosial konstruksjon*. I deira bok, *Den samfunnsskapte virkelighet*, legg dei fram sin teori som baserer seg på at individet og det samfunnet det bur i gjensidig påverkar kvarandre. Tre setningar oppsummerar Berger og Luckmann sitt prosjekt: ”Samfunnet er et menneskelig produkt.

Samfunnet er en objektiv virkelighet. Mennesket er et sosialt produkt” (Berger og Luckmann 2000:9). Samfunnet vert skapt av menneske gjennom deira bevisstheit. Grunnlaget for at eit samfunn skal kunne oppstå og eksistera er at menneska som lever i det vedkjenner ein felles overordna verkelegheit, kvardagsverkelegheita. Kvardagsverkelegheita utgjer den objektive verkelegheita. Denne verkelegheita dannar ein intersubjektiv verden, ein verden som kvart enkelt menneske deler med dei andre samfunnsmedlemmane. I denne intersubjektive verda eksisterer det eit felles lager av sosial kunnskap som gjer det mulig for individa å dele kvardagsverkelegheita. Dette vil sei at eit samfunn kan ikkje oppstå eller eksistera utan at det eksisterer i menneske sin bevisstheit (Berger og Luckmann 2000).

3.1.1 Sosialiseringprosessen

Menneske vert eit sosialt produkt gjennom sosialiseringprosessen, i denne prosessen vert personen sin sosiale identitet danna. Berger og Luckmann definerer sosialisering som ”en omfattende og konsekvent innsettelse av et individ i samfunnets objektive verden, eller en del av den” (Berger og Luckmann 2000:136). Sosialiseringprosessen består av to etterfølgjande trinn, primær og sekundær sosialisering. Primærsosialiseringa er den grunnleggjande og dermed også den viktigaste for individet. Dette er den fyrste sosialiseringa eit individ går igjennom, og den startar i barndommen. Primærsosialiseringa gjer menneske til eit medlem av samfunnet. Kunnskapen om den sosiale verden vert i denne fyrste sosialiseringa formidla via signifikante andre, som gjerne er foreldre eller andre som tek seg av barnet. Dei får på denne måten ei viktig rolle i danninga av barnet sin identitet. Sekundærsosialiseringa byggjer på den primære i den forstand at eit allereie primært sosialisert individ vert vidare sosialisert inn i det samfunnet det lever i. Med andre ord er dette ein etterfølgjande prosess der individet vert innsett i nye sektorar i samfunnet sin objektive verden (Berger og Luckmann 2000).

Dette vil seie at for at eit menneske skal verte eit sosialt produkt og ein del av ein større sosial orden, er det nødvendig med samhandling med andre menneske. Prosessen med å verte eit menneske føregår difor i eit gjensidig forhold med omgivnaden. I ulike kulturar vil denne omgivnaden vera ulik, derfor vil mennesket verta underlagt ulike sosiokulturelle faktorar avhengig av kva for ein kultur det veks opp i. ”Det er en etnologisk selvfølgelighet at man kan bli og være menneske på like mange måter som det finnes menneskelige kulturer. Det å være menneske varierer fra det ene sosiokulturelle området til det andre” (Berger og Luckmann 2000: 65). Dette vil seie at mennesket vert eit produkt av den sosiale omgivnaden sin. Det er på dette grunnlaget at Berger og Luckmann hevdar at forholdet mellom individ og

samfunn er dialektisk, at mennesket og den sosiale verden det lever i påverkar kvarandre gjensidig. Mennesket skapar og vert skapt av samfunnet, ein kan derfor seie at produktet verkar tilbake på produsenten. I løpet av sosialiseringprosessen vert den objektiverte sosiale verden ført tilbake til mennesket sin bevisstheit (ibid).

3.1.2 Sosialisering inn i den seksuelle kulturen

Berger og Luckmann hevdar at forståinga av seksualitet i eit gitt samfunn også er eit menneskeleg produkt. I sosialiseringprosessen tilegnar difor menneska seg samfunnet sine gjeldande normer og verdiar som omhandlar seksualitet. På denne måten vert individet sosialisert inn i samfunnet sin seksuelle kultur eller system (Månsson 1993, Nissen 2001). Menneska sine seksuelle drifter har ulike uttrykksformer og vert retta mot ulike objekt i ulike kulturar. Det vil derfor eksistera ulike former for menneskeleg seksualitet. Desse ulike formene for seksualitet er menneskeskapte.

Men hver enkelt kultur har selvsagt en styring med den menneskelige seksualiteten, og noen ganger er den stramt strukturert. Enhver kultur har sitt spesielle seksualmønster med sine egne spesielle regler for seksuell adferd og sin egen ”antropologiske” forståelse av det seksuelle området. Den empiriske relativiteten, den enorme variasjonen og den overdådige oppfinnsomheten man finner i disse mønstrene, er en indikasjon på at de snarere er produkter av menneskets egne sosiokulturelle dannelser enn en biologisk bestemt menneskelig natur.
(Berger og Luckmann 2000:66).

Det er fleire teoretikarar som meiner at det i ulike samfunn eksisterer ulike oppfatningar av seksualitet, og dermed argumenterer for at seksualitet er ein sosial konstruksjon. Nils Axel Nissen bruker uttrykket ”det seksuelle system” for å visa at det i ulike kulturar finst ulike måtar å forstå seksualitet på. Dette uttrykket er ”et samlebegrep for en kulturs oppfatninger om kjønn og sex, om den kjønne kroppen, om hvordan vi kan og bør bruke kroppen i seksuell samhandling med hverandre, og hvorfor vi handler som vi gjør” (Nissen 2001:20). Når Månsson snakkar om ”den seksuelle kulturen” i eit samfunn viser han til det sett av reglar, inkludert restriksjonar og tabu, og verdiar som styrer seksuelle handlingar og åtferdsmønster i ei sosial gruppe. Igjennom sosialiseringprosessen vert individet inkorporert i den seksuelle kulturen ved at det tileignar seg gjeldande kulturelle idear om maskulinitet og feminitet. I tillegg lærer individet essensen i og meininga med seksualiteten i den gitte kulturen (Månsson 1993).

3.1.3 Reglar og reguleringar

Oppigjennom historia har seksualitet vorte sett på som ei ubeherska og truande naturleg kraft i menneske som ein har sett seg nødt til å regulera. Regulering av seksualitet har variert mellom ulike kulturar. Ofte har det vore slik at religiøse institusjonar har passa på at reglane for moralsk riktig seksuell åtferd har vorte overhaldne. Til dømes har den vestlege kristendommen (protestantismen) og islam på ulike vis prøvd å verne seg sjølv mot den truande seksualiteten. Tolkinga av seksualiteten har vore varierende oppigjennom historia, korleis ein har sett på og forstått seksualitet vil vera avhengig av både tid og rom.

Tradisjonell kristendom har vore prega av ambivalens i forhold til seksualiteten. Til dømes har den norske pietismen i stor grad gått til angrep på seksualiteten i seg sjølv, noko som resulterte i at mennesket vart delt inn i kropp og sjel. På grunn av det ambivalente forholdet til seksualiteten har kristne sivilisasjonar i stor grad stått for sjela sin seier over kroppen (Liljestrøm i Månsson 1993:50). I premoderne tid var formålet med seksualiteten forplanting. Ut frå moral og lovverk var det ei plikt for menn og kvinner og føre slekta vidare. Seksualitet som hadde rein nyting og ikkje forplanting som formål vart derfor sett på som ein trussel (Foucault 1995).

Samlivsmoralen har vore eit hovudanliggende i begge kulturar oppigjennom historia. Både tradisjonell islam og tradisjonell kristendom har lagt føringar på samlivsmoralen. I ein norsk kontekst skal ein ikkje mange år tilbake før det å få barn utanfor ekteskapet vart sett på som synd. I dag har samlivsmønsteret endra seg, til dømes vel fleire heller å vera sambuarar enn å gifte seg, og det vert født flest barn utanfor ekteskapet. I 2002 kom over halvparten av dei nyfødte til verda utan at mor og far var gift. For 30 år sidan vart kun ein av ti født utanfor ekteskapet (Aftenposten, 14.06 2003). Giddens skriv i sin bok *Intimitetens forandring* om seksualitet og samliv i det moderne. Boka har det moderne kjærleiksliv som tema, samt vår tids krav om at dei kjenslemessige banda mellom kjønna skal vera gjensidig. Det er tre omgrep som er sentrale i Giddens sin analyse av intimitetens forandring i det moderne samfunn. Desse er det "reine forhold", "konfluerande kjærleik" og "plastisk seksualitet" (Giddens 2000).

Det reine forhold er forhold som vert etablert for forholdets eige skyld. To personar innleier eit forhold med tanke på kva kvar av dei kan få ut av ein varig forbindelse med kvarandre. Føresetnaden for at forholdet skal fortsette er avhengig av om begge partar anser det for tilstrekkeleg tilfredstillande å verte verande i forholdet. Forholdet er basert på seksuell og kjenslemessig likestilling mellom dei to partane som inngår i det. Giddens meiner at kjærleiken mellom dei to personane i det reine forholdet er av ein anna karakter enn det som

det tradisjonelle ekteskapet baserer seg på. Det tradisjonelle ekteskapet er i stor grad prega av skeiv maktfordeling i mannen sin favør. På grunn av at det reine forhold er basert på likestilling trekkje Giddens demokratiske prinsipp inn i privatlivet (Giddens 2000). Dette er i ein kontrast til det muslimske samfunnet der ekteskapet har ein patriarkalsk struktur og kvinna er underordna mannen.

Det reine forholdet er føresetnaden for ”konfluerande kjærleik”. I følge Giddens er konfluerande kjærleik ein aktiv, betingande kjærleik som har likestilling som føresetnad på det kjenslemessige området. Denne type kjærleik gjer for fyrste gong seksualiteten til kjernen i det ekteskapelege forhold. Gjensidig seksuell nyting vert eit nøkkelpunkt i forholdet sin oppretthalding eller oppløysing (Giddens 2000: 68).

I dei nye samlivs- og kjærleiksforholda som har vakse fram i den moderne tid har ein gått vekk i frå kravet om at formålet med seksualiteten er forplanting. Giddens sitt omgrepet ”plastisk seksualitet” må forstås som ein seksualitet som er lausriven frå den eldgamle samansmeltinga med svangerskap og fødsel. Dette har ført til at ein kan tenke seg andre samlivskonstellasjonar enn den heteroseksuelle mellom mann og kvinne. Å forstå seksualitet på denne måten har opna opp for homoseksualitet, både kvinneleg og manneleg (Giddens 2000).

Klassisk islamsk tradisjon har eit mindre ambivalent forhold til seksualiteten samanlikna med tradisjonell kristendom. Seksualitet vert sett på som eit normalt og naturleg menneskeleg behov. Symbolikken bak denne positive haldninga til seksualitet er den sentrale plassen seksualitet har i paradiset (Schild 1992). I islamske skrifter og praksis finst ingen formaning om å undertrykke begjæret, men snarare vert det formidla at sex gir ein forsmak på paradiset sine godar og leder menneske til Allah (Liljestrom i Månsson 1993). Sidan menneske som lever på jorda er ufullkomne, er det nødvendig med regulering av seksualiteten. Uregulert seksualitet truar den sosiale orden og leder til anarki og kaos. Det er derfor ekteskapet er av stor betydning i ein muslimsk kontekst. Ekteskapet hjelper til med å oppretthalde den guddommelige harmonien mellom kjønna, komplementariteten mellom mann og kvinne. Dermed er ekteskapet ei sosial forplikting som er med på å danne ein basis for eit ordna samfunn. Ved hjelp av ekteskapet kan ein setje grenser for seksuell utfolding. Utanomekteskapelege seksuelle forhold vert sterkt fordømt fordi det er eit lovbrøt mot menneskeheita. Seksuell aktivitet utanfor ekteskapet opnar dørene til andre skamfulle handlingar og har innverknad på ryktet til familien og forstyrrar på den måten den sosiale veven (Schild 1992). Ved å sjå til at seksualiteten vert halde innanfor ekteskapet sine rammar, medverkar dette til at ein har kontroll på kven det er som er faren til barna som vert født.

Dette er viktig i samfunn der blodsbandene er eit sentralt element for å oppretthalda eit ordna samfunn (Nasar 2001).

3.2 Homoseksualitet – ein sosial konstruksjon

Både historiske og kryss- kulturelle studiar som omhandlar samkjønnsseksualitet/ homoseksualitet beskriv mange ulike former for seksuelle forhold mellom to av same kjønn⁸. Dette viser at slike seksuelle forhold har eksistert i alle samfunn og til alle tider. Det som er viktig å merka seg er at desse seksuelle forholda ikkje er av same karakter som det me i vesten i dag forstår med homoseksualitet. Forenkla kan ein seie at det går eit skilje mellom på den eine sida å forstå homoseksualitet som identitet, og på den andre sida som handling, åtferd, lyst, drift og erfaring (Bech 1987). Det er på dette grunnlag eg i denne studien har valt å forstå homoseksualitet som ein sosial konstruksjon. Ved å innta dette konstruktivistiske utgangspunktet vil eg flytte fokus bort frå spørsmålet om kvifor den enkelte vert homoseksuell. Eg er meir interessert i spørsmålet om kvifor fenomenet homoseksualitet vert forklart og forstått ulikt ut frå ein norsk og ein muslimsk kontekst, og kva det er som skjer når desse to ulike oppfatningane møtes i ein norsk kontekst.

Konstruktivisme kan ikkje verte forstått som eit standpunkt. Helge Svare skil i sin artikkel "Homoseksualitet mellom biologi og kultur. Et blikk på essensialisme og konstruktivisme" mellom det han oppfattar som tre hovudtypar av konstruktivisme. Desse er "livsstilskonstruktivisme", "erfaringskonstruktivisme" og "narrativ konstruktivisme" (Svare 2001).

Livsstilskonstruktivisme er ei oppfatting som understrekar at den måten den homoseksuelle innrettar livet sitt på er forma eller konstruert av kulturen og den sine normer. Det homoseksuelle begjær og kjensler er medfødt og naturleg. Den måten begjæret vert levd ut på er noko kulturelt konstruert. Dei samfunnsmessige forholda er med på å gje form til den måten den homoseksuelle i ulike samfunn lever livet sitt som homoseksuell på. Til dømes open eller skjult.

Erfaringskonstruktivisme vert forklart ut frå Foucault, hans konstruktivisme og den måten ein har snakka om seksualitet på, det vil sei seksualitetsdiskursen i vesten dei siste 100 åra. Den homoseksuelle sitt begjær, kjensler, opplevingar og erfaringar er noko som i større eller mindre grad er konstruert. Erfaringskonstruktivismen stiller spørsmål ved om det finst

⁸ Denne litteraturen omhandlar stort sett menn. Kvinnelig homoseksualitet/ lesbiske er lite omtale, bortsett frå i moderne, vestlig litteratur (Beck 1987).

ein rein og opphavleg seksualitet som kan observerast eller erfarast direkte og uformidla. Dei hevdar at det har lagt seg eit filter mellom oss og erfaringane våre som er med på å farga og forma det me erfarer slik at det framstår som meir eller mindre konstruert. Men menneska konstruerer ikkje fritt sin verkelegheit. Ikkje alt ved det me kallar seksualitet er kulturelt konstruert, det finst noko som er opphavleg og naturleg som har med kroppen å gjere. Det vil seie organ, funksjonar og sansing. Konstruksjonen føregår ved at vår erfaring, som eksisterer som noko naturleg og /eller kroppsleg, vert forma i større eller mindre grad av den kulturen ein lever i.

Foucault hevdar at ideen om den homoseksuelle personlegdom er ein moderne og vestleg tanke. Dette betyr ikkje at homoseksualitet ikkje har eksistert i andre kulturar eller historiske periodar, men det vert feil og problematisk å bruka det vestlege omgrepet utanfor vesten. Sjølv om Svare meiner at ein skal vera forsiktig med å bruka ordet homoseksuell om andre tidsepokar og kulturar enn vår eigen, må ein kunne kalla menneske som har seksuell omgang med personar av eige kjønn i andre kulturar for noko. Kanskje løysinga er å snakka om homoseksualitet i fleirtal i staden for i eintal for å understreka at homoseksualitet kan vera så mange ting og ikkje alltid det same.

Narrativ konstruktivisme har meir fokus på individet. Denne retninga vektlegg korleis menneske konstruerer forteljingar eller narrativer om sine liv. Gjennom desse narrativane vert det skapt ulike rammar som opplevingane og erfaringane kan tolkast innanfor. Her er det viktig å ikkje trekkje det konstruktivistiske poenget for langt. Våre private forteljingar vil til ei viss grad vera begrensa av kva for forteljingar kulturen stiller til disposisjon for oss. Me vert påverka av forteljingar som andre fortel oss. Fakta om oss sjølve og omgivnaden rundt oss, til dømes kropp, tid, sted, kultur og familie, er noko som det er umulig å endra på og som utgjer eit utgangspunkt for historieforteljingane våre (Svare 2001).

3.2.1 Den moderne homoseksuelle identitet

I ein norsk, kristen kontekst vart seksuelle forhold mellom to av same kjønn fram til på 1800-talet sett på som *sodomi*. Dette omgrepet inkluderte analt samleie både mellom to av same kjønn, mellom mann og kvinne, og seksuelt samkvem med dyr. Sodomi vart av kyrkja karakterisert som forbodne og fordømte seksuelle handlingar (Svare 2001). Det er fyrst på 1870-talet at ideen om *den homoseksuelle personlegdom/ identitet* veks fram. Denne måten å forstå homoseksualitet på er ein moderne, vestleg tanke. Foucault hevdar i fyrste bind av *Seksualitetens historie* (1995) at omgrepet om den homoseksuelle personlegdom/ identitet

vaks fram i det seksualitet vart eit spørsmål som naturvitenskapen, heller enn religionen, skulle forklara. Menneske vart delt inn i grupper med utgangspunkt i deira seksuelle fantasiar, handlingar og drømmer. I det homoseksualitet vart eit anliggjande for naturvitenskapen, gjekk ein frå å sjå homoseksualitet som synd, til å forstå det som sjukdom og avvik. På denne måten vart seksualiteten eit medisinsk problem. I forsøket på å forklara åtferd og personlegdomstrekk ved å vise til anatomiske eller biologiske faktorar, vaks det moderne omgrepet om den homoseksuelle fram, og i kjølvatnet av dette omgrepet kom ideen om at det finnes menneske som i frå naturen si side er disponert for homoseksuelle handlingar. Med andre ord vaks ideen om den homoseksuelle identiteten fram (Foucault 1995, Svare 2001).

På denne måten gjekk ein frå å forstå homoseksualitet som handling (sodomi), til å forstå det som identitet. Dette har ført til at menneske med homoseksuell åtferd har vorte ei klart avgrensa gruppe eller minoritet dei siste hundre åra (Nissen 2001).

Samtidig med at ideen om den homoseksuelle oppstod, kom ideen om den heteroseksuelle. På denne måten har ein i den vestlege verda fått dikotomien homo og hetero. Denne inndelinga har ført til danninga av eit todelt system der partnerens kjønn har vorte den avgjerande faktor for ein person sin seksuelle identitet. Oppfatninga om at heteroseksualitet er norma, og homoseksualitet noko som må forklarast og forskast på er utbredt (Nissen 2001). Sjølv om haldninga til homoseksualitet i løpet av dei siste tre tiåra har vorte meir positiv, har ein ikkje kome så langt at det er fullt ut akseptert. Det er ein tendens til at homoseksualitet og homoseksuelle vert godtatt så lenge dei fører eit A4- liv og ikkje utfordrar kjønnsnormene meir enn at det er litt pirrande og spennande. Så lenge homofile er ”straightacting”, og har eit samliv som heterofile kan kjenne seg igjen i, vert dei møtt med positive haldningar. I det homofile vert meir prinsipielle og utfordrande, stikker ikkje alltid det positive synet så djupt hjå heterofile som ser på seg sjølv som fordomsfrie og progressive (personleg kommunikasjon med Skogseth 16.05 2003).

3.2.2 Homoseksuelle handlingar og islam

I ein muslimsk kontekst er forståinga av kjønn i stor grad forankra i Koranen. Ut frå Koranen vert mann og kvinne sett på som komplementære. ”Everything is double and that is the sign of the divine miracle” (Bouhdiba 1985:7). Gud har gjort det dobbelte til verdslov. Kjønn dannar utgangspunktet for livet sin todelte orden, det maskuline og det feminine (Stang Dalh 1992). Å skilje det feminine og maskuline er føresetnaden for den todelte måten å ordne verden på. For å oppnå einskap i verda er det nødvendig med harmoni mellom dei to kjønna.

Den beste måten å verkeleggjere denne harmonien på er at mannen tek på seg sin maskulinitet og kvinna tek på seg sin feminitet (Bouhdiba 1985).

Forståinga av kjønn, det feminine og maskuline, grip også inn i den seksuelle samhandlinga. For at mannen her skal ivareta sin maskulinitet, er det påkrevd at han er den aktive part, det vil sei at mannen er den penetrerande part, det er han som gir. Kvinna er den passive, som vert penetrert (Wikan 1991, Skogseth 2001).

I ein muslimsk kontekst vert homoseksuell oppførsel sett på som utroskap, fordi ein har sex med ein "ulovleg" partner utanfor ekteskapet sine rammar. Å utføre slike handlingar vert sett på som ein av dei verste handlingane ein muslim kan gjere. Ved å utføre homoseksuelle handlingar, utfordrar personen harmonien mellom kjønna og Gud sitt skaparverk. "Homosexual behavior is actually considered a revolt against God which violates the order of the world, and would be a source of evil and anarchy" (Schild 1992:180). Homoseksuelle handlingar fører ikkje til gjenskaping av liv, og derfor vert homoseksualitet fordømt som ei krenking mot Gud sin vilje. Homoseksuelle handlingar vert sett på som avvik og som ein trussel mot naturen, i tillegg vert det sett på som å true menneskeheita med utsletting (Duran 1993).

I Koranen vert homoseksuelle handlingar fordømt (Duran 1993 og Schild 1992), og i sharia, tradisjonell islamsk lovgiving, vert homoseksuelle handlingar hardt straffa. For at ein person skal kunne verte dømt og straffa for utroskap, her medrekna homoseksualitet, må fire vaksne mannlige muslimar kunne sverge på at dei har vore augevitne til handlinga. Dersom ein kjem med falske skuldingar vil ein sjølv verte straffa, på grunn av sladder. Fordi det er mange krav som skal oppfyllest for å få ein person dømt, fører dette til at det i praksis berre er under heilt spesielle forhold at personar vert dømt og straffa for utroskap og homoseksuelle handlingar. Dette vil seie at i teorien vert seksuelle forhold mellom to av same kjønn sterkt fordømt av islam, men slik praksisen er i dag og har vore fram til i dag, vert slike forhold for det meste tolerert. Til tross for at det i teorien er forbode med homoseksuell praksis, eksisterer det i islam- dominerte land (Duran 1993).

Fordøminga av homoseksualitet kjem ikkje berre frå religiøst hold. Som eg var inne på tidligare, spelar tradisjon også ei sentral rolle i mange muslimske samfunn. Tradisjonen sine uskrivne reglar, spesielt verdinormene som knyter seg til omgrepa *ære* og *skam*, står i ei særstilling. Det er ein tendens til at ære og skamomgrepet har vorte knytt til kulturar i

Mellom-Austen, Middelhavsområda og i Latin- og Mellom-Amerika⁹. Unni Wikan skriv i artikkelen "Shame and honour: A contestable pair" at ære og skam er omgrep som uttrykker ein person sin verdi i eins eigne og i andres auger. Det er gjennom sosial samhandling med andre at ein vurderer ein person sine handlingar og åtferd. Denne vurderinga er kontekstbestemt og avhengig av maktforholdet mellom personar som vurderer og dei som vert vurdert (Wikan 1984). Dette vil seie at ære og skam bør oppfattast som dynamiske storleikar som varierer avhengig av tid og stad. Til dømes varierer det med omsyn til kor skamfull ei handling er avhengig av om du er mann eller kvinne, eller om du bur på landsbygda eller i ein storby. Dette vil sei at den same handlinga kan få ulike konsekvensar avhengig av maktforhold og sosiale forhold (Khader 2001).

Ære- og skamomgrepa utgjer to ytterpunkt på samfunnet sin verdiskala, og dei kan ikkje verte forstått isolert frå kvarandre. Ære vert sett på som ei belønning, medan skam vert sett på som straff. På bakgrunn av denne oppdelinga utformer kvar enkelt sin åtferd (Khader 2001). Ære kan seiast å vera eit aspekt ved eit individ sin personlegdom, til dømes om personen er gjestfri, omsorgsfull og dyktig. Skam derimot viser til handling (Wikan 1984). Ein skammelig handling vil verte dømt ut frå posisjonen og æra til ein person. Ein familie med god sosial posisjon har meir ære å "ta av" dersom ein av familiemedlemmane skulle oppføra seg skammelig. Dette vil seie at denne personen, til tross for å ha utført ei skamfull handling, likevel vil bevare sin verdi i kraft av sin personlegdom og tidlegare gode handlingar (Wikan 1984 og Khader 2001).

Dette viser at dei to verdinormene er nært knytt opp til sosial status, både i familien og i samfunnet generelt. For å oppnå sosial status, må individet leva opp til nokre bestemte samfunnsmessige ideal. Eit døme på eit slik ideal er det å gifte seg og få barn. Visst eit individ ikkje klarer å leve opp til desse ideala, vert det påført skam. Å miste sin ære vert rekna som det same som å miste sin verdighet som menneske. Ære og skam vert på denne måten knytta til det ytre¹⁰, det vil seie at det vert skapt i ein relasjon til andre, til eit publikum. Det er overfor dine omgivnader at du taper ansikt eller vinn anseelse (Khader 2001).

Homofile med muslimsk bakgrunn bryt med nokon av dei viktigaste verdinormene i mange muslimske samfunn, nemlig det å gifte seg, få barn og stifte familie. Fordi seksualitet berre er tillate innanfor ekteskapet, mellom mann og kvinne, bryt dei med enno ein verdinorm

⁹ Synd, skyld og samvit er omgrep som har vore sentrale i kristne kulturar. Ein snakkar derfor om skyld- og skamkulturar. Dette vil likevel ikkje seie at skyld og samvit er fråverande i muslimske kulturar, og at ære og skam ikkje eksisterer i kristne kulturar (Khader 2001).

¹⁰ I motsetning til i skyldkulturar, der skyld og samvit vert knytt til det indre, som ein internalisert norm.

i samfunnet og eit religiøst påbod. Dei negative haldningane og oppfatningane av homoseksualitet i ein muslimsk kontekst må sjåast i lys av desse aspekta. Ved å bryte med dei uskrive reglane for moralsk riktig åtferd, taper dei ansikt og vert påført skam. Den homoseksuelle mister sin verdigheit som menneske, han mister sin ære. Sidan æresomgrepet ikkje berre handlar om den enkelte person, vil det seie at heile familien vil miste sin ære.

Sjølv om seksuelle forhold mellom to av same kjønn i sterk grad vert fordømt, vil ikkje det seie at det ikkje eksisterer slike forhold. Visst seksuelle forhold mellom to av same kjønn skjer innanfor visse, klart definerte rammer, vert det stilleteiane tolerert (Murray 1997). Det er spesielt to former som vert beskrivne i litteratur som omhandlar ”homoseksualitet” i ein muslimsk kontekst.

3.2.3 Komplementære forhold

Komplementære forhold vektlegg at den eine parten skal vera den aktive, medan den andre er den passive. Denne forma for samkjønnsseksualitet har parallellar til forståinga av seksuelle forhold mellom mann og kvinne som eg var inne på ovanfor. I litteraturen om samkjønnsseksualitet i ein muslimsk kontekst vert slike komplementære forhold ofte illustrert med ”pederasty”, det vil sei seksuelle forhold mellom to av same kjønn som er basert på aldersforskjell (Schmitt 1992:5, Murray 1997 og Roscoe 1997). Dette er seksuelle forhold mellom eldre menn og yngre gutar. I desse forholda er mannen den aktive part, medan guten er den passive. Slik type samkjønnsseksualitet fanst til dømes også i det gamle Hellas (Murray og Roscoe 1997).

Komplementære forhold treng ikkje nødvendigvis å bestå av ein eldre mann og ein yngre gut. Slike forhold kan også vera mellom eldre og yngre gutar. Det er prinsippet i slike forhold det er viktig å få fram, det at den eldste er den aktive medan den yngste er den passive. Grunnen til at ein går til dei som er yngre, er fordi dei er underordna ein sjølv (Eppink 1992). Dette vil sei at partane i komplementære forhold kan seiast å ikkje vera likebyrdes.

Det er ikkje vanleg at ein kan krevje nokon for seg sjølv eller at det utviklar seg kjærleiksforhold. ”A ’personal’ relation between an ’active’ and a ’passive’ boy is exceptional, not to mention a love relation”(Eppink 1992: 36).

Det er den heteroseksuelle kjønnlege penetrasjon som vert verdsett i ein muslimsk kontekst. Men i ungdomsalderen vert seksuell omgang med andre gutar sett på som eit seksuelt utløp sidan kvinner ikkje er tilgjengelege seksualpartnarar. Det vert akseptert som ein

første erfaring. Haldninga til den aktive er stort sett positiv, medan den passive synest ein synd på (Eppink 1992). Denne haldninga er ikkje den same dersom det gjeld vaksne menn. Dersom ein i ung alder har vore den passive, men har slutta med det i vaksen alder, vil ingen, ikkje ein gong dei personen har hatt personlege erfaringar med, bringe på banen hans seksuelle oppførsel i ungdommen. Visst han på den andre sida ikkje held opp med å vera den passive part, vil det gå ut over hans rykte. Hans mannlige ære vil vera avhengig av hans seksuelle åtferd som vaksen (Murray 1997). Menn som er den passive part er spesielt utsette. Vaksne menn skal ikkje la seg verte penetrert av andre, fordi det medfører at han mister sin ære, men det skjer berre visst det er offentlig kjent at han er den passive part (Schmitt 1992, Murray 1997).

Dette vil seie at grunnen til at det kan eksistera slike former for homoseksualitet er at det vert halde skjult og unndratt for offentlegheita. Duran meiner at muslimar ser fenomenet samkjønnsseksualitet innanfor rammene til sharia. Sharia er opptatt av utvendig konformitet, det vil seie at visst personen er gift og har barn, bryr ein seg lite om kva som skjer bak ”de lukkede dører”. Det er i lys av denne tankegangen at ein ikkje finn sjølvverklærte homoseksuelle i muslimske samfunn. Ein mann skal ikkje opent deklarerer sin homoseksualitet, fordi idet eit medlem av eit muslimsk samfunn gjer det, hånar han opent sharia, ved å ikkje dekke til ei umoralsk handling. Dersom ein person på ein slik måte openlyst hånar sharia, er det ganske sikkert at han vil verte støtt ut av samfunnet (Duran 1993).

3.2.4 Xaniths- det tredje sosiale kjønn

Den andre forma som vert omtala i litteraturen vert kalla ”gender defined roles” (Roscoe 1997: 55). Den passive parten i denne typen samkjønnsseksualitet har eit sosialt kjønn (gender) som verken vert definert som mann eller kvinne. I litteraturen har derfor desse mennene vorte karakterisert som ”det tredje sosiale kjønn” (Wikan 1991) og at dei har ei alternativ rolle som er ikkje- maskulin (Roscoe 1997:55). *Xanith*, som vert beskrive av Unni Wikan frå hennar feltarbeid i den omanske byen Sohar, er eit døme på menn som kan seiast å ha eit alternativt sosialt kjønn. Den omanske xanith fungerer som ein mannleg ”homoseksuell” prostituert, det vil sei at han tilbyr seksuelle tjenester til menn mot betaling. I ein omansk kontekst vert ikkje ein xanith forstått som homoseksuell, fordi det ikkje eksisterer homoseksualitet i Oman. Dette vil eg koma tilbake til seinare.

Det å vera ein xanith er ei sjølvvalt rolle, det er personen sjølv som vel å verte ein xanith. Han er ein integrert del av samfunnet, sjølv om det å vera ”homoseksuell” prostituert i Oman er skamfullt. I motsetning til det å vera kvinneleg prostituert er det ikkje ulovleg å vera ”homoseksuell” prostituert. Wikan stiller spørsmål ved kvifor myndigheitene i Oman lar mannleg prostitusjon florera, og kva som er grunnen til at xanith offentleg kan proklamera seg sjølv som prostituert¹¹? Wikan antar at det er eit tosidig svar på desse spørsmåla. For det fyrste praktiserer myndigheitene ein ”laissez- faire” politikk overfor personar som ikkje ser ut til å skade andre. For det andre godkjenner myndigheitene xaniths fordi dei vert sett på som nyttige, dei står for eit seksuelt utløp for menn. På denne måten vernar dei kvinnene sin dyd. Xanith vert derfor sett på som eit mindre onde enn det kvinneleg prostitusjon ville ha vore i følge omansk standard (Wikan 1991: 181-182).

Ordet xahith ber med seg noko feminint, impotent og mjukt, og ein person som har denne nemninga vert verken sett på som mann eller kvinne. Xaniths er eller oppfører seg verken som mann eller kvinne, han har sin eigen klesdrakt, frisyre, framtrede, og han bruker sminke og parfyme. Derfor kan rolla som xaniths best verte forstått som eit motstykke til både mannlege og kvinnelege roller. I Sohar vert dei ikkje sett på som eller omtala som avvikarar, men heller som ei tredje sosial rolle.

Det er på bakgrunn av den strenge kjønnssegregeringa at ein må forstå den rolla xaniths har i samfunnet. Menn og kvinner lever åtskilte liv. Kvinner har sin plass i heimen og kan ikkje gå ut i det offentlege rom utan følge av ein mann ho er i slekt med. Kvinna skal ikkje omgås menn ho ikkje er i slekt med, og når ho er utanfor heimen skal ho vera tildekt. Menn har i mykje større grad fridom til å bevega seg fritt. Xaniths vert sosialt klassifisert som og sett på som kvinne, men han har like rettar og like stor sosial fridom som mannen. Vanlegvis kan altså ikkje kvinner snakke med andre menn som dei ikkje er i slekt med utan at dette vert oppfatta som uanstendig, men dette er ikkje tilfelle når det gjeld xaniths. Sidan xaniths sosialt vert definert som kvinne, kan kvinner omgås og snakka med dei utan at det vert oppfatta som uanstendig (Wikan 1991).

Kvifor er det, til ei viss grad, akseptert at menn oppsøker xaniths for å ha sex? For å svare på dette spørsmålet er det relevant å trekkje inn korleis ein kan og bør bruka kroppen sin i seksuell samhandling med andre i ein omansk kontekst. I den seksuelle samhandlinga med andre menn er xanith den passive part, det er han som vert penetrert. I følge Wikan må ein forstå gender systemet i Sohar ut frå den seksuelle akta. Det er åtferda og ikkje anatomien, det

¹¹ Som eg har vore inne på tidligare er det slik i mange muslimske samfunn at ein kan ha seksuelle forhold til andre menn så lenge det ikkje vert offentleg kjent (Murray 1997). Dette er ikkje tilfelle for xanith i Oman.

vil seie kjønnsorgana, som dannar grunnlaget for korleis ein forstår genderidentitet i Oman. I denne kulturen er det ikkje mogeleg å misforstå mannen og kvinna sine roller i eit samleie. "the man 'enters', the woman 'receives'; the man is active, the woman is passive." (Wikan 1991:175). Dette vil seie at ein mann som går inn i eit "homoseksuelt forhold" som den aktive parten ikkje står i fare for å skade sin mannlege identitet. Den passive part derimot kan ikkje verte forstått som ein mann. Grunnen til dette er at ein mann som oppfører seg som ei kvinne seksuelt er ei kvinne sosialt (Wikan 1991). Dette vil seie at det berre finst ei mannleg rolle og ei kvinneleg rolle i eit seksuelt forhold; ein aktiv, penetrerande part og ein passiv, mottakande part. Det er på dette grunnlaget ein kan hevda, som eg var inne på ovanfor, at homoseksualitet ikkje eksisterer i ein omansk kontekst. I eit seksuelt forhold må den eine personen ha den mannlege rolla og den andre den kvinnelege rolla. Derfor finnes det ikkje homoseksuelle prostituerte, fordi to menn ikkje kan ha sex saman. Menn som sel sex til andre menn vert derfor tilskrivne statusen xanith og definert som eit tredje sosialt kjønn (Wikan 1991: 175).

3.2.5 "The will not to know"

Dei to formene for samkjønnsseksualitet som er beskrivne ovanfor viser at det eksisterer, til tross for at det er fordømt. Menn kan gjerne ha sex med andre menn så lenge dei held seg innanfor grensene til det sosialt aksepterte. For å unngå å verte sosialt fordømt må ein vera den aktive, penetrerande part. I tillegg må partneren vera yngre enn ein sjølv, eller i andre tilfelle, feminine menn som til dømes xaniths (Weeks 1992). Det viktigaste elementet for å unngå sosial førdømming, med tap av ansikt og ære, er at det ikkje vert offentleg kjent at ein har seksuelle forbindelsar med andre menn.

The established societal norms and morals of Islam are accepted as unchangeable and respected by the majority of muslims, which does not imply, however, that they will or can conform to them in practice. Human beings are considered by Islam as imperfect, and are expected to make mistakes and consequently to sin. (...) In practice it is only public transgression of Islamic morals that is condemned (...)
(Schild 1992:182-183).

Dette vil seie at dersom ein i det offentlege rom handlar på tvers av den forventa rolla, vil det bringe vanry over individet og sverte familien sitt rykte. Derfor prøver ein å unngå å vise avvik frå den normative standard, både seksuelle og andre (Murray 1997). Sjølv om ein veit at det finst menn som har sex med menn, vert det stilleteiande tolerert så lenge det skjer i det

skjulte og ein er diskre, og det ikkje forstyrrar den sosiale orden. Det er dette som ligg i "the will not to know."

3.3 Tilpassing

Innvandring medfører møte med eit nytt samfunn, ein ny verkelegheitsoppfatning og dermed også nye normer og verdiar. Ein innvandrar har gjennomgått ein sosialiseringsspross i heimlandet sitt som har forma hans sosiale identitet. Innvandring til eit nytt land medfører møte med ein ny verkelegheit, og dermed vil det å vera innvandrar innebere eit brot på personen sin kjensle av kontinuitet fordi han flytter frå eit sosialt eller kulturelt system til eit anna. I det nye landet må han gå gjennom ei ny sekundær sosialisering, og forholde seg til nye signifikante andre. I denne sosialiseringssprossen vil ein også sosialisera inn i det nye landet sin seksuelle kultur. Såleis er sosialisering ein livslang og kontinuerlig spross (Månsson 1993).

I sitt opphavsland vil personen konstant få bekræftelse frå sine omgivnader på den han er. I det nye landet kan innvandrarar oppleve at det er vanskeleg å få anerkjennelse av sin eigen oppfatning av seg sjølv. I tillegg vil innvandrarar kunne oppleve at det ikkje er samsvar mellom hans eigen subjektive verden og den objektive verkelegheita i den nye omgivnaden (Månsson 1993). Diskontinuiteten i sosialiseringssprossen treng ikkje å ha negativ effekt på innvandrarar og føra til identitetskrise slik som Månsson framstiller det. Diskontinuiteten kan opna opp for å forhandla fram ein ny sosial identitet. I møte med det nye samfunnet og dei nye normene, verdiane og sosiale åtferda der, vil innvandrarar bruke ulike tilpassingsformer.

3.3.1 Integrasjon som tilpassingsform

Omgrepet integrasjon tilhøyrer eit av grunnomgrepa i sosiologien. Integrasjon og limet som held eit samfunn saman er eit spørsmål som har vore relevant for klassikarane innanfor sosiologien, og som framleis er relevant for dagens sosiologar. "Integrasjon som menneskelig spross handler om hvordan sosialisering, gjennom normer og forventningsdannelse, bidrar til å skape sosialt samhold og samfunnsmessig stabilitet. Med andre ord, hvordan sosial orden skapes og vedlikeholdes" (Brochmann 2002:30).

I denne oppgåva vil eg sjå på integrasjon i forhold til *det fleirkulturelle samfunnet*. I mange samanhengar vert integrasjon og integrering av innvandrarar forstått som at innvandrarar skal få behalda sitt kulturelle særpreg, samtidig som at dei skal tilpassa seg det

norske samfunn. På denne måten kan innvandreren både ta vare på sin egen kultur, samtidig som han har dagleg kontakt med menneske i majoritetssamfunnet. Dette gjev innvandrargruppa muligheit til i ei viss grad å oppretthalda ein kulturell integritet, samtidig som dei beveger seg mot å verte ein integrert del av eit større samfunn (Berry et al 1992).

Integrasjon som tilpassingsform vil innebera at innvandreren riv seg laus frå deler av sin kulturelle arv som han har tilegna seg i heimlandet sitt gjennom sosialiseringssprosessen der. I det nye landet vil han via den sekundære sosialiseringssprosessen inkorporere nye verdiar og normer (Ålund i Månsson 1993). Månsson kallar denne prosessen for *desosialisering* (Månsson 1993).

Eit spørsmål som dukkar opp når ein snakkar om integrering er kva for eit samfunn innvandrarak skal integrerast i? For at "resultatet" av innvandreren sin tilpassing skal verte integrasjon, og ikkje assimilering eller segregering/ separasjon, er det nødvendig at både nordmenn og innvandrarak tar aktiv del i integreringsarbeidet. I dette ligg det for det fyrste at majoritetssamfunnet må opne opp for endringar. Det kan ikkje tas for gitt at dei gjeldande reglar, lover og forordningar som har vorte danna av eit tilnærma likt monokulturelt samfunn, skal kunne fungere i eit fleirkulturelt samfunn. Nordmenn kan ikkje leve i det norske samfunnet som om det ikkje også budde innvandrarak i dette samfunnet (Bilgiç 2000).

For det andre inneber denne forståinga av integrasjon at også innvandrarak må endra seg. Dette betyr ikkje at innvandrarak skal verte som nordmenn, men at dei må tilpassa seg utviklinga i samtida. Det inneber også at dei må vera opne for forandringar og modernisering som går føre seg i det norske samfunn. Dette inneber altså at både nordmenn og innvandrarak er nødt til å leggje til side nokre av sine vanar og tradisjonar. Muslimske innvandrarak i Noreg har, som eg tidligare har vore inne på, flytta frå samfunn der det har råda ein bestemt verkelegheitsoppfatning. Når dei kjem til Noreg møter dei på ei anna oppfatning av verkelegheita, den som er kjent for nordmenn. Poenget til Bilgiç er at nordmenn og innvandrarak må arbeide saman for å danna seg ei ny og felles verkelegheitsoppfatning. På denne måten kan dei saman byggje opp eit nytt samfunn, der både innvandrarak og nordmenn må ta aktivt del i integreringsprosessen. Dette vil seie at for å få til ei vellykka integrering er det nødvendig med integrering av både nordmenn og innvandrarak i det nye fleirkulturelle norske samfunnet (Bilgiç 2000:15). Det er denne måten å forstå integrering på eg vil bruke i denne oppgåva.

For å få til ei slik type integrering er dialog og kommunikasjon eit viktig element. Brochmann meiner at ideelt sett er sosial integrasjon eit resultat av interaksjon og kommunikasjon. For at kommunikasjon skal leda til integrasjon er det nødvendig at ulikskap

vert tolerert. Kultur er i stadig endring, den endrar seg i møte med andre kulturar og i dette møtet vert det som er ulikt meir synleg. Integrasjon betyr her å endra alle involverte partar, ”a process that developes through creating something new” (Brochmann 1996: 113). Dette synet på kultur er i samsvar med Månsson. Han vektlegg at ein kultur har eit dynamisk potensiale. Det vil sei at kulturelle forhold ikkje er gitt ein gong for alle, som eit sett med reglar for handling og åtferd som er fastsett og som ein ikkje har innverknad på. I dette ligg det at ein person eller ei gruppe sitt kulturelle repertoar kan forandrast i møtet med nye erfaringar med det formål å handtera nye situasjonar og nye miljø. Den kulturelle bagasjen er eit flyttbart lager. Handlingar i det nye landet vert utført i forhold til dette lageret. På denne måten fungerer den kulturelle bagasjen som eit bakteppe. Det nye kulturelle repertoar vil på denne måten alltid innehalde ein arv frå det gamle (Månsson 1993).

Bilgiç legg også stor vekt på dialog i sin forståing av integrasjon. Menneske må snakka saman og finne løysingar på problem som dukkar opp i eit fleirkulturelt samfunn. Dialogen sin funksjon er å skapa grunnlag for gjensidig forståing og kjennskap. På denne måten utviklar kommunikasjonen seg, og målet med kommunikasjon er å auka kjennskapen til kvarandre. Kjennskap kan igjen føra til integrasjon (Bilgiç 2000).

For at integrering skal finne stad meiner Bilgiç at menneske sine individuelle, personlege og kollektive verdiar må finna sin plass i samfunnet. Menneske som lever i samfunnet, må i tillegg vera i stand til å bruka sin personlege identitet og denne identiteten må verte verdsett av dei øvrige samfunnsmedlemmane. For at slik integrering skal kunne finne stad har samanheng med muligheita ”for at personens individuelle verdier er forenlige med verdiene i samfunnet generelt, og om verdiene kan eksistere sammen og bli akseptert i samfunnet” (Bilgiç 2000:21). Vidare er slik integrering også avhengig av at dei individuelle verdiane til personen er i samsvar med og at personen deler respekten for alminneleg aksepterte, universelle verdiar som demokrati, menneskerettar og rettar for kvinner og barn. Bilgiç meiner ikkje med dette at alle verdiar i samfunnet må vera like, det er både naturleg, nødvendig og berikande for kulturen at det eksisterer stor variasjon i verdiane i samfunnet. Som eit eksempel på dette viser Bilgiç til islam og kristendommen og seier at begge religionane har livets rett, men det som er viktig er at dei er villige til å endra seg i samsvar med samfunnsutviklinga og i tillegg tar opp i seg dei alminneleg aksepterte verdiane som er nemnt over (Bilgiç 2000).

Å tilpassa seg ved å verte integrert i det etablerte homomiljøet kan gje homofile med muslimsk bakgrunn mulighet til å delta utan at dei må tona ned sin bakgrunn. I kor stor grad ein vil markere sin eigen minoritetsbakgrunn, er opp til den enkelte. Det viktigaste er at det er

personen sitt eige val korleis han ynskjer å vektlegge aspekt ved sin bakgrunn innanfor homomiljøa, ikkje at dette er noko han vert pressa til av sine omgivnader (Skogseth 2001).

3.3.2 Assimilering som tilpassingsform

Dei siste 20- 30 åra har innvandringspolitikken vore prega av *multikulturalisme* og *pluralitet*. Ein har vore opptatt av at innvandrarakar skal kunne få behalde sitt kulturelle særpreg. Denne måten å tenka rundt integrasjon på skulle opna opp for kulturelt mangfald. Dermed har ein teke avstand frå assimilasjonspolitikken som kravde tilpassing på majoritetsbefolkninga sine premisser og som kunne innehalde element av tvang. Det faktum at integrasjonspolitikken i fleire land, deriblant også i Noreg, har slått feil har ført til at fleire europeiske land i den seinare tid har retta eit kritisk blikk på standardomgrepa innan innvandringsfeltet. Mange vest- europeiske land befinn seg derfor i dag i ein ”redefineringssprosess”. I denne prosessen har assimilasjonssomgrepet fått ei fornya tyding (Brochmann 2003).

Månsson betegnar fasen der individet oppgjev sin kultur til fordel for ein ny som *resosialisering*, og hevdar at innvandraren i løpet av denne prosessen får ein ny identitet (Månsson 1993). Dette vil seie at i løpet av resosialiseringssprossen har individet lært nye kulturelle trekk som har vorte så opplagt for personen, slik at han eller ho spontant handlar på ein måte som passar med den nye kulturen (Stenius i Månsson 1993).

Assimilering i tradisjonell forstand har eit sterkt innslag av homogeniserande tendensar. ”Innenfor assimilasjonstradisjonen snakker man om en prosess, der individene vokser inn i et gitt kulturelt fellesskap – og gradvis tilegner seg dette fellesskapets normer og verdier til individets normer ikke kan skilles fra samfunnets” (Brochmann 2002:31). I dette ligg det at assimilering betyr å gjere lik. Når assimilasjon vert brukt som tilpassingsform i tradisjonell forstand vil det innebera at individet gjev avkall på sin eigen kultur eller sitt særpreg i den forstand at den som er i eit minoritetsforhold frivillig eller ufrivillig tilpassar seg majoritetsbefolkninga både språkeleg, sosialt og kulturelt. Skilnaden mellom integrasjon og assimilering kan seiast å vera at integrasjon inneber modifisering som eit vilkår for tilpassing, medan assimilering inneber ei total endring eller omdefinering av innvandraren sin primære identitet. I tillegg inneber det ei total forneking av eins eigen bakgrunn og distansering frå sin eigen kultur (Kaya 1999).

Den ”rehabiliterede” forståinga av assimilering har bevega seg bort frå ei slik forståing av komplett absorbering. I motsetning til den tradisjonelle forståinga som inneber eit enten eller, vektlegg ”det rehabiliterede assimileringssomgrepet” ulike grader av assimilering.

Assimilering vert på denne måten forstått som ein prosess, individet vert lik i visse henseende, med andre ord vert det assimilert på ulike områder av samfunnslivet og i forhold til ulike referansar i majoritetsbefolkninga. Dette er ei intransitiv forståing av assimilering der ein vektlegg frambygging av likskap i ulik grad på spesielle områder mellom befolkninga med innvandrarbakgrunn og vertsbefolkninga (Brochmann 2003 og Brubaker 2003). Dette vil seie at assimilering ikkje nødvendigvis treng å ha eit negativt utfall. Som eg vil visa igjennom analysen av empirien min, kan det å verte assimilert i forhold til ei nisje i samfunnet få eit positivt utfall for mine informantar.

Ut frå eit pluralistisk og multikulturelt perspektiv har ein vore opptatt av etnisk oppretthalding og tatt for gitt at innvandrarakar som regel prøver å bevare så mykje av sin kulturelle arv som mulig. Fokuset har vore retta mot etniske fellesskap og møteplassar heller enn på personar eller større sosiale prosessar. På denne måten har forskning på dette feltet gått glipp av dei som faktisk har bevegde seg bort frå slike etniske fellesskap, med andre ord dei som har opplevd individuell tilpassing. Med det rehabiliterte assimileringssomgrepet beveger ein seg meir i retning av eit breiare fokus som omfattar frambygginga av likskap i staden for eit overveldande fokus på å fasthalde ulikslikskap og det forskjellige (Brubaker 2003).

I tillegg til at ein har fått ein meir nyansert diskusjon rundt premissane for assimilering og pluralisme, har ein også byrja å diskutere kor vidt majoriteten kan krevja assimilering langs nokre dimensjonar. Eit døme som vert trekt fram er tilslutninga til det liberaldemokratiske fundamentet i samfunnet (Brochmann 2003). Bliciç er inne på denne tankegangen i si forståing av integrasjon når han seier at innvandarmiljøa må vera villige til å tilpassa seg den samtida dei lever i og ta opp i seg allminnelig aksepterte verdiar som demokrati og menneskerettar (Bilgiç 2000).

Dersom homofile med muslimsk bakgrunn tilpassar seg det etablerte homomiljøet i Noreg ved å verte assimilert, vil dette til dømes bera preg av at personen tonar kraftig ned markeringa av trekk som kan minne om at han er tilknytt eit innvandarmiljø. Dette kan han gjere til dømes ved å gå inn for å berre snakke norsk, unngå ein klesstil som kan forbindast med stigmatiserte innvandrargrupper og bagatellisera rasistiske slengbemerkingar på utestedar. Overfor innvandarmiljø vil assimilering bera preg av at individet i liten eller ingen grad markerer sin homoseksualitet. Dette vil sei at personen unngår å gjera handlingar eller ha ein væremåte som kan tyde på at han er homo (Skogseth 2001).

3.3.3 Segregering eller separasjon som tilpassingsform

Dette er ein prosess der minoriteten vert skilt ut eller sjølv vel å skilje seg ut frå majoritetsbefolkninga. Den fyrste forma vil her verta omtala som segregering, den siste som separasjon. Segregering som tilpassingsform vert antatt å ha det motsette siktemålet som integrasjon. Dette betyr at segregering er ein klar åtskiljing mellom folkegrupper. Segregering medfører derfor at ”gruppene lever adskilt uten dypere kjennskap til hverandre, uten gjensidig kulturell påvirkning, uten forståelse for hverandres levesett og uten respekt og toleranse for hverandres kulturmønstre” (Kaya 1999:26).

Eit døme på separasjon er når individet søker tilflukt i fortida for å takle møtet med dei nye omgivnadene. Dette kan få utslag i at personen veldig sterkt identifiserer seg med sitt heimland og legg stor vekt på nasjonal tilknytning. Samtidig som personen er kritisk til det nye landet (Garza- Guerrero i Månsson 1993). Månsson betegner denne fasen som ei *forsterka sosialisering*.

Dersom homofile med muslimsk bakgrunn i møtet med det etablerte homomiljøet føler at det er retta forventingar til dei som dei ikkje kan leva opp til, til dømes at dei skal tone flagg som homofil utan å kunne eller ville leva opp til det, til dømes på grunn av synet ein har på homoseksualitet i heimlandet, kan resultatet verta separasjon. Det vil sei at personen sjølv vel å ha begrensa kontakt med miljøet.

Mange personar som er sjølvidentifiserte homofile opplever å ha delvis eller ingen kontakt med muslimske innvandarmiljø. Årsaka til dette er todelt. For det fyrste vel homofile sjølv separasjon som strategi overfor muslimske innvandarmiljø på grunn av fordømming og mangel på forståing frå desse miljøa, og fordi dei ynskjer å unngå konfrontasjonar. For det andre opplever dei å verte utstøytt eller møter på andre sanksjonar på grunn av meir eller mindre tydeleg markering av homoseksualitet og/ eller homofil identitet (Skogseth 2001). Dette vil seie at homofile med muslimsk bakgrunn vert segregert fordi andre muslimar ikkje viser forståing for deira levesett.

3.4 Oppsummering

I analysen vil eg sjå nærmare på spørsmålet om korleis integrasjon, assimilering og segregering/ separasjon som tilpassingsform kan vera med på å gje muligheiter og begrensingar for homofile med muslimsk bakgrunn å leva som homofil i Noreg. Deira livssituasjon her vil i hovudsak vera prega av tre aspekt, det at dei er innvandrara, har

muslimsk bakgrunn og er homofile. Som eg allereie har vore inne på, så knyter det seg ulike arenaer til desse tre aspekta ved den homofile sin livssituasjon. Desse tre arenaene er, som nemnt i innleiingskapittelet, det norske storsamfunn, muslimske innvandarmiljø og det etablerte homomiljøet.

Eg vil anta at ulike aspekt vil vera framtrudande på dei ulike arenaene, noko som igjen vil medføra at aktørane på dei ulike arenaene vil tilpassa seg på forskjellige måtar.

4 DEN SEKSUELLE KULTUREN

I dette kapitlet vil eg ta for meg kva for forståing av homoseksualitet mine informantar har med seg frå heimlandet sitt. Med andre ord vil eg sjå nærmare på sosialiseringa inn i heimlandet sin seksuelle kultur. Vidare vil eg ta for meg kva for innverknad møte med den norske seksuelle kulturen har på deira forståing av sin eigen seksualitet. I mitt studie er det ein tendens til at mennene eg har snakka med forhandlar fram ei ny forståing av sin seksualitet etter at dei kom til Noreg. Grunnen til dette er at dei i Noreg har gått gjennom ein ny sekundær sosialisering.

4.1 Sosialisering inn i heimlandet sin seksuelle kultur

For å vera i stand til å forstå mine informantar sitt møte med og kvardag i det norske samfunn, har eg i intervjuet spurt om kva for haldningar det var til homoseksualitet og korleis det eventuelt var å vera homofil i heimlandet deira. På denne måten har det vore mulig å få eit innblikk i den seksuelle kulturen i samfunna dei kjem frå.

Homoseksualitet er kriminalisert i dei fleste muslimske land, straffa for å praktisera homoseksualitet varierer frå fengselsstraff til dødsstraff. Det er ikkje mogeleg å inngå partnerskap i nokon av landa.

Samtlige av mine informantar har vakse opp i samfunn der homoseksualitet enten har vore fråverande eller har vorte snakka om på ein nedsettande og negativ måte. Homoseksualitet har vorte sett på som avvik, sjukdom og noko som ikkje kan akseptast. Dette har ført til at mange av informantane, medan dei enno budde i heimlandet, blant anna har hatt problem med å akseptera at dei er homofile, vore redde for å verte avslørt, ikkje forstått dei kjenslene dei hadde og følt seg annleis eller ynskt at kjenslene skulle forsvinna.

Homofili og homoseksualitet var for fleirtalet av informantane ikkje eit tema det vart snakka om i heimlandet på ein informativ eller opplysande måte. Visst det vart snakka om var det for å gjere narr av eller for å snakke nedsettande om homoseksuelle. Ut frå det informantane mine fortel kan det sjå ut til at det er spesielt to aspekt som verkar inn på openheita rundt homoseksualitet. For det fyrste om ein kjem frå landsbygda eller har vakse opp i ein storby, og for det andre er det avhengig av kva for land ein kjem frå. Med andre ord

er ikkje haldningane til homoseksualitet lik i alle muslimske samfunn, nokre samfunn er meir liberale enn andre. Dette kjem også fram i datamaterialet mitt.

4.1.1 Det ein ikkje snakkar om, eksisterer ikkje

Det er to informantar som seier at dei i barndoms- og ungdomstida aldri høyrde at det vart snakka om homoseksualitet eller homofili i heimlandet deira. Den eine av dei seier at han ikkje trur foreldra har noko ord for homoseksualitet. Begge desse to har vakse opp på landsbygda. Dei fire andre informantane har vakse opp i større byar. Dei seier at dei gongene homoseksualitet var eit tema, var i samanhengar der ein gjorde narr av og spøkte med homoseksuelle. ”Ali” svarer slik når eg spør han om homofili var eit tema det vart snakka om:

Ali: Nei, nei, overhodet ikke. Visst man snakket om det var det mer, altså, i vertfall når du er så ung, var det bare for å gjøre narr av det og det var på en måte en kanal for å gi, altså uttrykke fordommer. Det var ikke en sånn nøytral samtale.

”Rashid” fortel at homoseksuelle menn fanst og var synlege i heimlandet hans, men desse var ”prototypar” på homofile. Med dette meiner han at dei som var synlege var ”femi” gutar og transvestittar. ”Rashid” karakteriserar det samfunnet han vaks opp i som mannsdominert og åtferda til desse mennene braut med kulturen sin definisjon av kva ein mann er og korleis ein mann skal vera. Derfor vart desse mennene sett på som avvikarar. Dette vil sei at oppfatninga av homoseksualitet som vart formidla gjennom den seksuelle kulturen i hans heimland, var at homofile var som kvinner, dei var feminine. Derfor vaks ”Rashid” opp med denne oppfatninga av homoseksualitet, ei oppfatninga som ikkje stemte overeins med slik han oppfatta seg sjølv. Dette førte til at han følte at han måtte ha jente- kjæraste for å passe inn i samfunnet sin reglar og normer, i samfunnet sitt mønster. Derfor hadde ”Rashid” jentekjæraste før han erkjente og godtok at han var homofil.

Det at homoseksualitet ikkje vart snakka om på ein opplysende og informativ måte vitnar om lite eller ingen seksualopplysning og undervisning. I sin studie av mannlege innvandrarar sitt møte med den svenske seksual og samværs- kulturen, intervjuar Månsson blant anna ein mann frå Iran. Denne mannen fortel om korleis han lærte om seksualitet i oppveksten sin. Blant anna fortel han at den største kunnskapskjelda var andre gutar på same alder eller eldre, som ofte var like uvitande om seksualitetens mysterier som ein sjølv (Månsson 1993). Det at andre gutar er ei viktig kunnskapskjelde med omsyn til seksualitet finn eg i mitt studie også. Tre av mine informantar fortel om seksuelle erfaringar i

barndomen, alle tre var under 16 år då dei hadde sine fyrste seksuelle erfaringar med personar av same kjønn. Desse erfaringane gjorde dei før dei hadde noko omgrep om eller var bevisst på at dei var homofile, og erfaringane bar preg av å vera eksperiment, dei utforska sin eigen seksualitet. Alle fortel at dette skjedde med jamgamle leike- eller skulekameratar. Forskarane bak NOVA- undersøkinga (1999) fann også at unge norske gutar har seksuelle erfaringar med personar av same kjønn før dei når den seksuelle lågaldere. Mennene som vart intervjua der kunne fortelje om seksuelle erfaringar i barndomen. Dette dreide seg, i likskap med mine informantar, om sex med jamgamle leike- og skulekameratar. I NOVA- undersøking kjem det fram at det kan sjå ut som om at det seksuelle har vore ein integrert del av leike- og kameratskapet (Hegna et al 1999).

4.1.2 Homoerfaringar

Det er fleire av informantane som fortel at dei hadde seksuelle forhold og seksuelle erfaringar i puberteten og tidlig i tjuer- åra etter eksperimenteringsfasen. Dette vil sei at eg i mitt datamateriale har funne eksemplar på at seksuelle forhold mellom to av same kjønn eksisterer i muslimske samfunn, til tross for at det ikkje er lovleg å praktisera homoseksualitet. Det som skil dei seksuelle forholda informantane fortel om i heimlandet sitt frå forhold dei har i Noreg, er at for det fyrste må det gå føre seg i det skjulte. For det andre ber dei preg av å vera reine seksuelle forhold, ikkje kjærasteforhold¹². ”Haidar” fortel at hans fyrste homoerfaring var saman med ein kamerat som han var i militære saman med. I ettertid fann han ut at denne kameraten også var homofil. Dei rota litt saman, men unngjekk å snakka om dei homoseksuelle kjenslene sine. Dei gongene dei snakka om det dei gjorde, var det for å rettferdiggjere eller unnskylde handlingane sine. Dette gjorde dei ved å sei at: *”Jeg har jo interesser for jenter også, jeg tror jeg liker jenter best.”* Vidare seier han at dei nok var klar over at dei gjorde noko ”galt”, og at det var difor dei trengte å rettferdiggjere handlingane sine.

”Farrokh” hadde også seksuelle forhold i heile den perioden han budde i heimlandet. Det siste forholdet hadde han til ein anna gut som han studerte saman med. Denne guten vart han ”ubevisst” forelska i. I og med at han ikkje hadde erkjent for seg sjølv at han var homofil, forstod han ikkje dei kjenslene han hadde.

¹² Dette er ein god illustrasjon på skilje mellom ein ikkje-vestleg og vestleg måte å forstå homoseksualitet. Med andre ord det å forstå homoseksualitet som handling og forstå det som eit aspekt ved identiteten.

Farrokh: Og da var det veldig sånn, da var jeg jo ulykkelig forelsket i han, og... Men jeg visste ikke at det var forelskelse, sånn jeg. Det var bare en sånn, det var en rar følelse.

Forteljingane til "Haidar" og "Farrokh" er dømer på at dei forholde dei hadde til andre gutar ikkje var kjæraste forhold. For "Farrokh" var det også viktig å halde det skjult. Det å ha seksuelle forhold til andre av same kjønn innebar ein stor risiko. Slik beskriv "Farrokh" sin avsløringsangst:

Farrokh: Visst, jeg var jo veldig redd. Ehhh, for at visst jeg skulle bli oppdaget, jeg tror egentlig ikke at jeg tenkte så langt. Men når jeg ser tilbake på det, så tenker jeg at jeg har tatt store sjanser ved å gjøre dette her. For at visst jeg skulle bli oppdaget, altså en ting er at for familien hadde det vært en tragedie omtrent, å oppdage sin sønn eller datter som praktiserer homofili. Men de hadde kanskje kunne leve med det. Men altså visst jeg hadde blitt oppdaget av noen andre som skulle angi meg til myndighetene, så hadde jeg blitt drept. Og det er jo...

I: (Skyter inn:) Er det dødsstraff og fengselsstraff i heimlandet ditt?

Farrokh: (...)Ja, det er straffbart. (...)I dag så praktiserer man sharia- loven. Og da er det slik at man blir steinet visst man praktiserer homofili.

Det at "Farrokh" var redd for å verte oppdaga hindra han ikkje i å ha seksuell kontakt med andre menn. For "Rahim" var det motsatt. Det at han var redd for å verte oppdaga medførte at han verken ville innrømme at han likte menn eller våga å ta kontakt eller vise interesse for menn han likte. Sjølv om han møtte menneske som viste interesse våga han ikkje ta initiativ, fordi han var usikker på kva dei andre var ute etter. Om dei viste spesiell interesse for han eller om dei berre ville vera venner.

I: Så du holdt litt avstad til guttane du likte?

Rahim: Ja, jeg forsøkte å unngå at de pirret meg, fordi jeg var jo tiltrukket av dem.

4.2 Møte med ein ny seksuell kultur

Det informantane har fortalt i intervjuet har gitt meg mulighet til å kasta lys over deler av den seksuelle kulturen som eksisterer i dei samfunna som informantane kjem frå. I og med at dei mennene eg har snakka med er oppvaksne og har gått gjennom ein sosialiseringsspross i heimlandet sitt, har dei med seg heimlandet sin oppfatning av homoseksualitet når dei kjem til Noreg. Med dette som utgangspunkt vil det vera enklare å forstå desse mennene sitt møte med og kvardag i det norske samfunn. Innvandring til Noreg har for desse mennene betydd at dei

har gått gjennom ein ny sosialiseringssprosess, som også har betydd sosialisering inn i ein ny seksuell kultur. I møte med den nye seksuelle kulturen har synet på homoseksualitet endra seg.

Ut frå mitt datamateriale viser det seg at for fem av seks har det å flytta til Noreg, i seg sjølv, ført til at dei har fått muligheita til å leva eit liv som homofil. Sjølv om fleire av informantane hadde mistanke om at dei var homofile før dei kom til Noreg, var det fyrst i møtet med den norske seksuelle kulturen at dei erkjente for seg sjølv og godtok at dei var homofile. Med andre ord gjekk dei igjennom ein ”komme- ut prosess” i Noreg.

4.2.1 ”Komme- ut prosessen”

”Å komme ut” er betegnelsen på prosessen fram til ein identitet som homofil eller lesbisk. Definisjon av komme- ut prosessen i NOVA- rapporten (1999) inneheld to element. Det fyrste elementet i denne prosessen er den perioden der ein person “definerer” sin kjærleik og seksualitet som homofil eller lesbisk. Som det kjem fram av historiane som informantane fortel frå barndoms- og ungdomstida i heimlandet, følte dei fleste tiltrekning mot eller utvikla sterke kjensler for personar av det same kjønn. Men for fleirtalet innebar ikkje dette ei bevisstheit om ein homofil identitet. Det er noko som skjer fyrst etter at dei har kome til Noreg. Det andre elementet i komme- ut fasen er det å vera open, til dømes overfor familie, vener og bekjente, om sitt kjærleiksliv (Hegna et al 1999:150).

4.2.1.1 Vegen fram til ein identitet som homofil

Det fyrste elementet i denne definisjonen, det å sjølv definera sin kjærleik og seksualitet som homofil og dermed koma fram til ein homofil identitet, har eg kalla ”oppdaginga”. Samtlige av mine informantar fortel at dei i barne- og ungdomsåra følte seg tiltrukke av andre gutar og menn medan dei enno budde i heimlandet. Men dei fortel ulike historier om korleis dei vart bevisst sine kjensler og ”utvikla ein homofil identitet”. Ein av dei seks eg har intervjuja fortel at han ikkje oppdaga sine homofile kjensler før han kom til Noreg. Han visste ikkje kva homofili var då han budde i heimlandet, det eksisterte ikkje der.

Jamal: Ehh, jeg skjønte ikke hva homofili var da jeg var i hjemlandet mitt.

I: Nei

Jamal: Hjemme finnes det ikke homofili ...der er det berre sånn...aktiv og passiv...det er den eneste seksualiteten mellom samme kjønn det er eh...det kalles ikke at det er , jeg har aldri i mitt liv hørt i hjemland mitt at det er homoseksualitet. Der kaller de en mann som er aktiv, det er et bestemt navn på han, et ganske stygt navn...

I: Den som er aktiv?

Jamal: Aktiv, og den andre er passiv og det er et enda verre navn på han. Mellom dem, om det finnes noe kjærlyghet eller...det aldri...

I: Det eksisterer ikkje?

Jamal: Det eksisterer ikke.

Det var fyrst då han tilfeldigvis vart med noen norske venner på homoklubb i Noreg at han oppdaga at det fanst homofile. Etter å ha vore der fann han ut at dei kjenslene han hadde hatt heile livet, det at han følte seg tiltrukke av gutar og ikkje jenter, var homofili.

I: Eh, var det då du liksom oppdaga at det fantes homofile?

Jamal: Ja, det var første gang i mitt liv at jeg oppdaget at...eh...hvordan en person kan holde deg, kan kysse deg, ta vare på deg. Så det var ikke noe kan du si seksualitet eller eh ...det var ikke en hovedting imellom to mennesker... det var helt noen andre følelser som...

I: Men lærte du liksom "å bli homofil" i Norge?

Jamal: Ja, jeg har lært "å bli homofil", ja ja det var opplæring eh...institusjon

I: Ja, siden du ikkje hadde noen forhold til det i heimlandet...

Jamal: Hjemme, det er bare sånn, det var et besøk fra nabolaget, og den og den og.....(ler) gjorde en sånn, (latter) veldig sånn eh... skjult sex og ferdig...og ha det. Og det er ikke noen... da må du bare late som ingen ting har skjedd. Plutselig kommer broren din eller faren din eller noen roper på deg; kom middagen er ferdig og sånn. Men der er ikke, du kan ikke ligge der hele natta og...ved siden av og snakke og kysse, men det...har eg lært her (i Norge) i vert fall.

Dei fem andre informantane begynte alle å få mistanke om eller oppdage at dei var homofile medan dei enno budde i heimlandet, sjølv om homoseksualitet enten var ikkje-eksisterande eller vart sett på som noko negativt og skamfullt. "Rashid" fortel at han lenge hadde følt at han likte gutar, og at han trudde at det var noko gale med han. Fordi han ikkje kunne snakke med nokon om det han følte, gjekk han lenge rundt og tenkte at ingen i heile verden følte det slik som han. "Rashid" sitt inntrykk var at homoseksuelle enten var feminine eller transvestittar. Det var ikkje slik han oppfatta seg sjølv, så difor identifiserte han seg ikkje med denne gruppa. Dette bilete endra seg etter at han vart tatt med på eit diskotek for homofile i heimlandet sitt. Han visste ikkje at slike stader fanst, og då han var der fekk han sjå at det fanst eit større spekter av homofile, ikkje berre dei som var "femi". Han fekk dermed auga opp for at det eksisterte andre som han sjølv i det verkelege liv. På denne måten vart han bevisst sine kjensler. I byrjinga hadde han dårleg samvit og prøvde å verte kvitt kjenslene sine, men det varte ikkje lenge. Det at det fanst andre homofile i heimlandet som han kunne få bekreftelse av gjorde det mulig for han å gå gjennom ein komme ut prosessen der.

"Saleem" fortel at han traff ein homofil gut i heimlandet, som vart kjærasten hans.

Saleem: Jeg var homo før jeg kom til Noreg (...) I allefall, jeg traff en gutt i hjemland mitt...

Seinare i intervjuet seier han:

Saleem: ...så møtter jeg han, og ...jeg ble homofil. Så klart var jeg homofil før jeg møtte han, men jeg hadde ikkje så mye erfaring. Jeg skulle gifte meg med en jente. (...) Da jeg møtt kjæresten min, glemte jeg alt om jenter ...og jeg ble forelsket, jeg vet ikkje hvordan, men det skjedde. Jeg ble forelsket og jeg ble homo. Og... jeg tror på meg selv.

Det er altså ein som ikkje ”vart homo” før han kom til Noreg og to stykk som fortel at dei fekk ein homofil identitet, det vil sei at dei godtok og erkjente at dei var homo før dei kom til Noreg.

Det er tre som fortel at dei fekk ”mistanke om” at dei var homofile medan dei enno budde i heimlandet. Denne mistanken fekk dei ved at dei leste i bøker eller at venner som sjølv var homofile fortalte om kjenslene sine. ”Hassan” kjente ikkje til kva homofili var før han leste om det i studiane sine. Han fann då ut at han følte det slik som det var beskrive i bøkene. ”Ali” leste Oscar Wilde og kjente seg igjen i bøkene hans. ”Mohammed” vart kjent med ein europeisk mann som ferierte i heimlandet hans. Denne mannen var homofil, og han fortalte om sine kjensler til ”Mohammed”. På denne måten fann han ut at det han fortalte passa med slik han sjølv hadde det.

Sjølv om dei høyrde og leste om homoseksualitet medan dei enno budde i heimlandet, og på den måten begynte å ”få mistanke om” sine ”homofile kjensler”, erkjente og godtok dei ikkje på det tidspunkt at dei var homofile. Med andre ord utvikla dei ikkje ein homofil identitet. For desse tre skjedde ikkje det før dei kom til Noreg. For ”Ali” byrja erkjenningsfasen den siste tida i heimlandet. Slik beskriv han korleis det skjedde:

Ali: Men jeg tror første gang som jeg tenkte alvorlig på at jeg var homofil, var faktisk i militære, da jeg var, mot slutten av militæret. For jeg pleide å skrive sånn notater... og det var under den perioden jeg for første gang skrev om dette her for meg selv.

I: Mmm, ein slags dagbok?

Ali: Ja, en slags dagbok. Ehhh, og det var et stort skritt for meg og skrive det. For at det var jo noe jeg hadde levd med hele mitt liv, aldri hadde formulert, aldri hadde skrevet noe om. Aldri hadde sagt noen ting om. Før den tiden, altså i puberteten og hele den perioden (...) så tenkte jeg hele tiden at, altså jeg bortforklarte det med at dette her er en slags midlertidig fase.

Seinare i intervjuet fortel han korleis det vart då han kom til Noreg. Dei fyrste åra budde han i Nord-Norge. Det var i den perioden han for alvor skjønnte at han var homofil. Han hadde sex med ei jente for fyrste gong og trudde etter det at han ikkje var homofil likevel.

Ali: Og etter å ha sex med henne så var det en enorm lettelse, for jeg tenket: "Åhhh, jeg er ikke homofil"... Det var sånn der puste ut...og Gud, da var det liksom, ferdig. Og så gikk det noen timer, også kom alle de tankene tilbake (ler litt).

...

Ali: Og det var kanskje etter det jeg tenkte jeg kan ikke lure meg selv, og jeg må gi meg selv en sjanse. Så det var, ja, jeg tror det var da jeg begynte å skjønne at, for alvor, at jeg var homofil. Eller ikke skjønne, for det har jeg på en måte skjont hele tiden, men på en måte godta det kanskje.

"Ali" fortel vidare at han brukte fleire månader på å godta at han var homofil. Det å oppdage at det fans til dømes diskotek for homofile og møta andre homofile, var til stor hjelp i denne erkjenningsfasen.

For "Hassan" var det ein stor personlig konflikt å oppdage at han var homofil. Slik svarer han når eg spør kva for kjensler som var forbunde med oppdaginga:

Hassan: Vel, så klart er det en konflikt, nesten for alle mennesker, når du vet at samfunnet ikke aksepterer denne tingen, og du har det. Så klart har du en konflikt inni deg. En personlig konflikt. Du vet at du har følelsen, men du vet at du ikke er... denne følelsen er ikke akseptert i samfunnet. Så det er en stor konflikt.

Han fortel at han hadde store problem med å akseptera seg sjølv før han flytta frå heimlandet på grunn av denne konflikten. Han har gått på islamsk skule i mange år, og det han lærte der gjekk ikkje overeins med korleis han følte det inni seg. Det var fyrst etter at han flytta til eit europeisk land at han fekk muligheita til å snakke med nokon om kjenslene sine. Tilfeldigvis var dette ein katolsk person som sjølv var homofil. Ved hjelp av samtaler med denne personen lærte "Hassan" å akseptere at han var homofil.

Hassan: Han er som en slags nøkkelperson som hjalp meg å akseptere det jeg følte og til å redusere konflikten inni meg.

...

Og det å være i stand til å snakke med noen og det hjelper deg å aksptere, ja det som skjer, og det hjelper deg å akseptere at dette er måten du er skapt på.

"Hassan" fortel vidare at det var lettare å akseptera og godta at han var homofil sidan den personen han møtte hadde klart det, det vil sei klart å kombinera den seksuelle orienteringa si og religionen sin.

I: Så, det som hjalp deg var å snakke med denne personen?

Hassan: Ja, og vi snakket, han var veldig hjelpsom. Han var villig til å diskutere alt mulig.

Det kan verke som om at det for fleire av informantane har vore viktig å setje ord på kjenslene sine. Som til dømes "Ali" som skreiv det ned i ei dagbok eller "Hassan" som fekk snakka med ein annan homofil som var religiøs.

"Mohammed" byrja å få mistanke om at han var homofil før han flytta frå heimlandet sitt. Han vart venn med ein europeisk mann som ferierte i heimlandet hans som var homofil. Denne mannen fortalte korleis han hadde det og "Mohammed" kunne kjenne seg igjen i det han fortalte. Men det var ikkje før han kom til Noreg at han for alvor vart bevisst sine "homofile kjensler".

Mohammed: Altså jeg lærte mye etter at jeg kom til Norge egentlig. Etter at jeg hadde anledning til å bruke for eksempel Internett og ja, lese noen sånne artikler om homofili og hvordan de ja, hva de tenker, hvordan de føler seg og forskjellige ting, så, det var ikke noe sånne artikler eller noen sånne ting i hjemlandet som jeg kunne lese der eller lære fra noen.

"Mohammed" opplevde at det var vanskeleg å akseptera dei kjenslene han hadde fordi det kolliderte med det han hadde lært frå religionen og kulturen i heimlandet. Men han synest at det vart lettare etter at han vart kjent med andre homofile i Noreg og fekk muligheita til å lære meir om det gjennom Internett og ved å lesa artiklar og bøker. Men framleis tykkjer han det er vanskeleg. Det er fleire av informantane som har hatt problem med å akseptera kjenslene sine også etter at dei kom til Noreg, noko som viser at den kulturelle arven kan opplevast som problematisk. Respondentane i Haansbæk (2002) si undersøking opplever, i likskap med fleire av dei eg har intervjuet, at til tross for at dei møter ein forholdsvis liberal og aksepterende haldning til homoseksualitet i vertslandet, er det for mange vanskeleg å leggje opphavlandet sitt negative syn på homoseksualitet bak seg (Haansbæk 2002). Dette er eit tema som eg vil koma tilbake til i neste kapittel. Der vil eg ta opp spørsmålet om korleis mine informantar handterer deler av sin kulturelle bagasje som er negativ til deira seksuelle orientering.

Til tross for at den kulturelle arven kan opplevast som problematisk, sit eg igjen med det inntrykket etter å ha snakka med desse 6 mennene at dei har fått eit meir positivt syn på sin eigen seksualitet etter at dei kom til Noreg. Samtlige av informantane seier at dei i dag ikkje har dårlege kjensler med omsyn til sin seksualitet. For fire av informantane har det skjedd ei merkbar endring etter at dei kom til Noreg. Fleire seier at det er lettare å vera

homofil her og grunngeiv dette med at det her er større openheit, meir informasjon og samfunnet generelt er meir akseptierende. Dette kan ha vore med på å gje informantane eit meir positivt syn på seg sjølv. I tillegg har det å verta kjent med andre homofile verka positivt inn.

4.2.1.2 Openheit

Det andre elementet i definisjonen av å komme- ut er openheit. I mitt datamateriale vert openheit behandla i forhold til to aspekt. Openheit i forhold til familien og i forhold til muslimske innvandarmiljø i Noreg. Det er kun det fyrste aspektet som vert behandla i dette kapitlet. Openheit i forhold til muslimske innvandarmiljø vil eg koma tilbake til i neste kapittel i samband med tilpassingsformene.

Sjølv om me i Noreg likar å tru at me er tolerante og akseptierende i forhold til homofili, er det likevel mange norske homofile som ikkje tør å komme ut av skapet fordi dei er bekymra for reaksjonane dei kan møte på. Spesielt vanskeleg er det å fortelje det til familien (Hegna et al 1999). Det å fortelje til familien, spesielt foreldra, er også vanskeleg for dei 6 personane eg intervjuar. Det er berre ein av dei, "Farrokh", som har fortalt foreldre og søsken at han er homofil. Han er også den einaste av mine informantar som har familien sin buande i Noreg. "Farrokh" sin historie i forhold til det å fortelje til familien, har mange likskapstrekk med dei historiane som vert fortalt i NOVA- rapporten (1999). Ofte er det slik at ein prøver seg på venner og søsken før ein gir seg i kast med å fortelje det til foreldra sine. Det er denne taktikken "Farrokh" også nyttar.

Farrokh: Først fortalte jeg det til en venninne, og jeg tror hennes reaksjon hjalp meg veldig til både å akseptere meg selv og bli tryggere på å fortelle til de andre. (...) Så fortalte jeg til henne først, så fortalte jeg det forsiktig til kona til broren min... og så etter det sa jeg det til brødrene mine, og helt til slutt foreldrene mine. Og hele den prosessen tok kanskje et halvt år eller noen sånt. Så det gikk, det skjedde ganske fort. Og jeg tror det var fordi at jeg var, jeg visste det egentlig at jeg var homofil, altså alt var på en måte tilrettelagt for dette her. Ubevisst. Så...

I: Korleis tok familien din det?

Farrokh: (tenker seg litt om) Ehhh, brødrene mine gikk det, altså de tok det ... bra. (...) Jeg tror kanskje de ... i vert fall en av brødrene mine, jeg tror han visst at jeg var homofil. Ehhh, men det var, i vert fall sånne ting som, dessverre så er det ikke sånn at folk går rundt og håper på at en i familien er homofil og kommer og forteller det. I vert fall ikke hittil, det kan jo være at det med tiden blir mer vanlig. Men jeg tror de ble litt lei seg og gråt, kanskje, jeg vet ikke. Men ehh, det var, det var ikke noe problem for meg liksom, eller, det gjorde ikke noe med vårt forhold.

I: Nei, forholdet til familien din.

Farrokh: Ja. Eller til søskene mine ja.

I: Ja.

Farrokh: For at jeg fortalte dem før jeg fortalte til far og mor. Ehhh, og jeg tror ikke det forholdet vårt ble endret, tvert om, det ble kanskje styrket fordi vi kom nærmere. Og så fortalte jeg til... Jeg hadde planlagt å fortelle til far og mor, men jeg var usikker på når og hvor det skulle skje. Og så var det sånn at vi pleide å spise middag sammen på lørdager, familien. Og så begynte vi, havnet vi i en slik diskusjon om homofili. Fordi vi begynte å snakke om en person som foreldrene mine mente var homofil (...) Også utviklet diskusjonen seg mer og mer til å handle om homofili generelt...

I: Ja.

Farrokh: ...og min mor var veldig sånn: "Nei, det er galt og det er umoralsk og det er synd og..." Og så ble vi mer og mer hisset opp, så sa jeg plutselig: "Men hvordan kan du si noe sånt når din egen sønn er homofil?" Og da ble hun helt tyst. Og...og ble helt rød i ansiktet og begynte å gråte og sånn... Men faren min tok det veldig pent. Han sa at, ganske umiddelbart, at visst det er det jeg er, så spiller det ingen rolle for han. Jeg er hans sønn og...

”Haidar” og ”Hashim” har fortalt at dei er homofile til søsken som framleis bur i heimlandet, men ikkje til foreldra. Begge desse to har opplevd å verte godtatt og å få ein positiv reaksjon då dei fortalte det.

Sjølv om ”Hussein” synest at det var lettare å akseptera sine kjensler etter at han kom til Noreg, har han framleis problem med å vera heilt fri. Det er fleire med han som har valt å ikkje fortelje familien om sin seksuelle orientering. Felles for dei er at familien ikkje bur her i Noreg og dei føler at det ikkje har noko for seg å fortelje det til dei fordi dei vil ikkje forstå likevel. I tillegg er dei temmelig sikre på å få ein negativ reaksjon visst dei fortel det, fordi det eksisterer negative haldningar til homoseksualitet i heimlandet deira. Ein anna viktig grunn for mange er at familien og foreldra er viktige for dei. Mange fortel at dei ynskjer å ha eit godt forhold til foreldra slik at dei kan reise og besøka dei i feriar og liknande.

Hussein: Ja, det er vel egentlig lettere å akseptere på en måte, men enda er det ikke slik at man kan være helt fri og... Fordi, ja når jeg skal snakke med familie, da må jeg være litt forsiktig.

I: Fordi? Veit noen i familien din at du er homofil?

Hussein: Nei, de vet ikke. Så da blir det egentlig litt vanskelig å ha kontakt med dem. Da blir det litt sånne dårlige følelser da, ikke sant.

I: Ja, i forhold til familien.

Hussein: Ja, fordi jeg kan ikke være ærlig med dem, og visst jeg skal være ærlig, hva kan det bli?

I: Kva trur du då?

Hussein: Ehh, det, ja, det er egentlig kanskje, det er ikke sånn, de kommer ikke til å drepe meg eller (Ler litt) de kommer ikke til å ehh glemme meg eller sånn, nei. Men...de kommer kanskje til å bli skuffet, ikke sant. Fordi de har så dårlig informasjon, eller de har ikke noe informasjon. Altså de vet ikke så mye om homofili.

I: Så du tenker at de kan bli skuffa fordi dei veit så lite om det, og ja...dei veit ikke kva det er for noe, egentlig.

Hussein: Ja, ikke sant, de tenker på den gamle måten, og de kommer til å tenke: "Å, ja, kanskje han er syk", ikke sant. Og det blir litt vanskelig for dem. For de tenker litt sånn på en måte at de har mistet noe. Og det er sånn at, foreldrene mine er veldig viktig for meg, og jeg vil ikke gjøre noe som kan...Ja, jeg tror at de kan kanskje tenke seg at det er noe annet i mellom her, men de vil ikke akseptere det heller. Og eh, jeg synest ikke det er nødvendig egentlig å snakke om noe som ikke er viktig nå, fordi vi bor ikke sammen og de bor ikke her, altså vi har en så lang avstand og vi treffer hverandre bare en gang i året eller hvert 2. år sant, så det er ikke nødvendig egentlig å gjøre noe sånt. Det kan føre til problemer for dem. Men, det blir ikke noe sånn bra følelse for meg når jeg ikkje kan fortelle det til dem. Da føler jeg meg ikke så veldig bra.

Den viktigaste grunnen til at "Rahim" ikkje har fortalt familien sin at han er homofil, er blant anna at han i dag ikkje er klar for å akseptera og er bekymra for dei konsekvensane det vil få å fortelje det til dei. Han har på følelsen at det vil få negative konsekvensar. Samtidig synest han det er vanskeleg å ikkje kunne fortelje dei alt om livet sitt i Noreg. Til dømes om kjærasten som er ein viktig del av livet hans.

"Nadeem" besøker familien sin ein gong i året og ringer kvar veke. Han har valt å ikkje fortelje det til dei fordi han veit at dei ikkje vil akseptera det og at det at han er homofil vil vera ei skam for familien. Men han har slekt i Noreg som veit at han er homofil og som er støttande og aksepterende.

Det vert forventa av homoseksuelle i Noreg at dei skal stå fram eller komme ut av skapet, ellers så går ein ut frå at personen skammar seg over den seksuelle orientering si. LLH vektlegg openheit som eit kollektivt siktepunkt, jo fleire som står fram, jo større synleggjering. I ein kronikk i Dagbladet 13.09 2002 tek Skogseth opp problematikken rundt homofile innvandrarar og kravet om å stå fram som homofil. Han meiner dei står overfor ein vanskeleg balansegang. Kva er mest problematisk for lesbiske Phuong: "Forventningene fra storsamfunnet og etnisk norsk omgangskrets om å komme ut av skapet og gjennom det vise at hun ikke skammer seg over seg selv, eller forventningene fra norskvietnamesiske slektninger og venner om å opprettholde fasaden og ikke bringe skam over seg selv og dem?" (Skogseth 13.09 2002). Blant informantane er det variasjonar med omsyn til kor open ein er og i forhold til kven. Det er ein av dei eg har intervjuet som tykkjer at openheit er viktig. Det å vera open var for han til stor hjelp til å akseptera seg sjølv. Tre av informantane seier at det å vera open ikkje er så viktig for dei. "Mohammed" meiner at det er ei privatsak. Dei fleste er selektivt opne, det vil seie at dei berre lar nokre få utvalte få vita at dei er homofile. Ein informant fortel at han er open på jobben og blant nordmenn, men han vil helst ikkje fortelje det til andre menneske som er frå same land som han sjølv. Han har ein nabo som er frå same land

som han sjølv, men han tør ikkje å fortelje det til han fordi naboen snakkar negativt om homofile. Eg vil koma meir inn på kva forhold informantane har til sine landsmenn og muslimar generelt i neste kapittel.

Sjølv om dei fleste på den eine sida ikkje synest at det er viktig å vera open og fortelje til alle at dei er homofile, synest dei på den andre sida at det er godt å få fortalt det til nokon. Det er helst norske venner dei har opna seg for. Mange synest at det er vanskeleg å leva skjult fordi dei må lyga og ikkje vera i stand til å fortelje alt om livet sitt her i Noreg. Slik opplevde ”Rahim” det då han opna seg for ein norsk venn:

Rahim: Fordi det er noen ganger du har behov for å fortelle, når du...Ja, fordi når du står noen nær, så er det en god følelse å kunne fortelle. Det er noe som det også er fint å kunne fortelle... og det er en spesielt bra følelse når du forteller det, og den andre personen aksepterer deg. Da føles det helt top. Spesielt når denne personen er en nær venn og sånn.

“Mohammed” vektlegg det at det er lettare å tenke seg å vera open i Noreg samanlikna med heimlandet, fordi norske myndigheiter arbeider for å betre rettane til homofile.

4.3 Livsstilskonstruktivisme

Alle informantane fortel at dei har vakse opp i samfunn med negative haldningar til homoseksualitet. Dei eg har snakka med har vorte lært opp til at homoseksualitet/samkjønnsseksualitet er ei moralsk feil handling og temaet homoseksualitet er tabubelagt. I tillegg har dei vorte oppdradd til at heteroseksualitet er norma, noko som for to av informantane førte til at dei fekk jentekjæraste. Til tross for dette er det fleire som fortel om homoseksuelle erfaringar og forhold medan dei enno budde i heimlandet. Desse forholda skil seg frå forhold dei har hatt til menn i Noreg ved at det måtte gå føre seg i det skjulte, og at det for dei fleste ikkje har vore kjærasteforhold. Forholda i heimlandet har i mykje større grad vore prega av å vera situasjonsbetinga og tidsavgrensa, men andre ord var homoseksualitet noko ein gjorde, ikkje eit aspekt ved identiteten. Dette viser at sjølv om homoseksualitet er ulovleg å praktisera og fordømt, så eksisterer det i muslimske samfunn. Datamaterialet mitt viser i tillegg at det varierer med omsyn til kor liberale muslimske samfunn er til homoseksualitet.

For fleirtalet er det fyrst etter at dei har kome til Noreg dei har gått gjennom ein komme ut prosess. Fleire undersøkingar, blant anna Haansbæk sin, peikar på at mange

homofile med innvandrarakgrunn opplever at dei må gå gjennom ein lenger komme ut prosess, samanlikna med etnisk svenske homofile, for å klare å akseptera seg sjølv. Grunnen til dette er at haldningane til homoseksualitet som dei har vakse opp med er vanskeleg å verte kvitt.

Det å flytte til Noreg i seg sjølv har gitt mine informantar muligheit til å leve eit liv som homofil. 4 av 6 klarte ikkje å akseptera at dei var homofile før dei kom til Noreg. Etter at dei kom hit har deira eigen haldning og forhold til seksualiteten endra seg. Mine informantar oppgjev at mykje av grunnen til dette er at det i Noreg eksisterer ei meir positiv haldning til homofili. I tillegg er det også større openheit rundt temaet.

Den ulike oppfatninga og forståinga av homoseksualitet som ein finn i heimlanda til informantane mine og i det norske samfunnet er eit eksempel på at det i ulike samfunn eksisterer ulike oppfatningar av seksualitet. I dei ulike samfunna eksisterer det eit sett med reglar og verdiar som styrer seksuelle handlingar og åtferdsmønster, det som Månsson kallar den seksuelle kulturen (Månsson 1993). Dette dannar grunnlag for å argumentera for at homoseksualitet er ein sosial konstruksjon. Det kan sjå ut som om samfunnsmessige forhold har vore med på å forma den måten mine informantar i dag lever livet som homoseksuell på. Mange av dei hadde ikkje muligheita til å utvikla ein open homoseksuell livsstil i heimlandet sitt, noko som førte til at dei levde skjult eller ikkje erkjente kjenslene sine. I dag lever dei i eit samfunn som i større grad har liberale haldningar til homoseksualitet, noko som har medført større muligheit til å leva meir opent. Det er dette Svare kallar livsstilskonstruktivisme. Han argumenterer for at homoseksualitet har eksistert i samfunn som i stor grad synest å ha undertrykt homofile og lesbiske. I Noreg treng ein berre å gå om lag 30 år tilbake for å finne dømer på dette. Menn fant spelerom for homoseksuelle handlingar i til dømes parkar eller på offentlege toalett. ”Det homoseksuelle begjæret synes å ha vært til stede til tross for kulturens fordømmelse” (Svare 2001:306). Utifrå eit livstilskonstruktivistisk perspektiv argumenterer Svare for at det i ulike kulturar finst grupper av menneske som er homoseksuelle og at dei har noko felles, ein slags homoseksuell essens. Den homoseksuelle essensen er stabil og kan difor studerast uavhengig av kulturell bakgrunn. Det som varierer er måten den vert levd ut på (Svare 2001:306).

4.4 Tilpassing

I dei tre neste kapitla vil eg sjå på korleis dei ulike tilpassingsformene i det norske samfunnet, integrasjon, assimilering og segregering/separasjon, kan vera med på å gje muligheiter og begrensingar i forhold til det å kunne leva eit liv som homofil. Kontakt og sosial omgang med sine egne landsmenn og personar som har same kultur, fører til at det er lettare for innvandrara å ta vare på opphavlandet sine tradisjonar, skikkar og språk. På den andre sida vil det å ha kontakt med nordmenn fremme integrering i det norske samfunn (Månsson 1993). Korleis viser det seg at mine informantar tilpassar seg på dei tre arenaene, muslimske innvandarmiljø, det etablerte homomiljøet og det norske storsamfunn?

I og med at homomiljøet og muslimske innvandarmiljø er deler av det norske storsamfunn, vil desse to arenaene vera prega av storsamfunnet sine haldningar og verdiar. Med andre ord kan ikkje dei tre arenaene sjåast på som isolerte einingar, dei vil overlappa kvarandre. Ein kan sjå på det etablerte homomiljøet som eit storsamfunn i miniatyr, i og med at det hovudsakeleg består av etnisk norske homofile. Mange av storsamfunnet sine haldningar og verdiar vil verte gjenspegla her. Muslimske innvandrara vil, i kraft av å bu i det norske samfunn, også verte prega av storsamfunnet sine haldningar og verdiar.

Vidare vil eg fyrst ta for meg tilpassing til muslimske innvandarmiljø, deretter tilpassing til det etablerte homomiljøet og til slutt samla saman funna frå desse to kapitla for å sjå på korleis mine informantar tilpassar seg i det norske storsamfunn.

5 TILPASSING TIL MUSLIMSKE INNVANDRARMILJØ

I min studie har eg samla inn data om ei marginalisert undergruppe av innvandrarbefolkninga. Med andre ord har eg sett på ei side av det intra- etniske møtet, det vil seie forholdet mellom medlemmar innanfor innvandrargruppene. Nordmenn har lett for å trekkje den slutninga at alle muslimar tilhøyrrer ei homogen og solidarisk gruppe og dermed vert innbyrdes ulikskap oversett. Haldninga til homoseksualitet er eit døme på at muslimar ikkje er ei homogen gruppe. Tidligare leiar for Islamsk Råd i Noreg, Lena Larsen, uttalte i Aftenposten 11. februar 2001 at homofili er eit ikkje- tema i islam, at dei som sat i Islamsk Råd aldri hadde møtt på temaet homofile muslimar og derfor ikkje kunne meine noko om det. ”Lena Larsen sier at hun selv heller aldri har hørt om en homofil muslim” (Aftenposten 11.02 2001). Denne utsegna illustrerar kva for haldningar muslimar i Noreg offisielt har til homofile og homoseksualitet. Korleis forhold mine informantar seg til dei negative og fordømmande haldningane dei vert møtt med på denne arenaen? Korleis tilpassar dei seg og kva for muligheiter og begrensingar opplever dei at dei har på denne arenaen?

5.1 Kontakt med muslimske innvandarmiljø

Mine informantar har stort sett alle valt å ikkje omgås andre muslimar og ha kontakt med muslimske innvandarmiljø. Dei oppgjev at hovudgrunnen til dette valet er at dei er temmelig sikre på at majoriteten av muslimar har negative haldningar til homoseksualitet. Som det kom fram i sist kapittel er det fleire av informantane som har vore prega av haldningane til homoseksualitet frå heimlandet sitt. Derfor er det nærliggande å anta at mange heterofile muslimar i Noreg også vil ha med seg haldningane til homoseksualitet som råder i heimlandet. Fleirtalet av informantane antar derfor at dei ikkje kjem til å verte akseptert i muslimske innvandarmiljø.

Hussein: Jeg har egentlig ikke så mye kontakt med muslimer, så det, jeg tror ikke at det kan være så lett å ha kontakt med dem, og jeg tror ikke at jeg kommer til å bli akseptert i det miljøet heller. Så da...

Dei fleste held seg unna innvandremiljø fordi dei vil unngå å verte stilt spørsmål som dei ikkje kan svara på utan å måtte lyga, er engstelege for å verte avslørt eller at dei ikkje ynskjer å omgås menneske som har ei negativ haldning til homofili. Alle informantane oppgjev at det at dei er homofile er grunnen til at dei ikkje har kontakt med muslimske innvandremiljø.

Slik svarer "Hassan" når eg spør han om det finnes noko miljø eller fellesskap for hans landsmenn i Noreg og om han er med der:

Hassan: Det finnes et fellesskap, ja (...) men jeg har ikke vært der. Fordi jeg ikke vil at de skal spørre meg hva jeg, vel, de kan spørre meg hva jeg gjør, men jeg vil ikke at de skal spørre om noe mer. Jeg vil ikke svare. (Ler litt).

...

I: Vil du sei at dette er et valg som du har tatt, det at du ikke har så mye kontakt med..

Hassan: Ja. Det er et valg.

I: Slik at du skal slippe å bli konfrontert med ...

Hassan: Ja, med spørsmål som jeg ikke vet hva jeg skal svare på.

Haansbæk fant i si undersøking om homoseksuelle innvandrere med ulike etniske bakgrunnar i Sverige, at dei personane som hadde kontakt med andre landsmenn og innvandrere hadde stor glede av det. Ei av hans informantar seier at ho synest at det er befriande å til dømes kunne få snakke sitt eige morsmål. Men prisen for å kunne omgås andre innvandrere er at ein må halde si seksuelle orientering skjult, noko som kan medføra at det vert vanskeleg å ha kontakt i lengda fordi ein til dømes må lyge om store delar av liv sitt. For mange kan det å tvingast til å halde sin seksuelle orientering skjult, eller å undertrykke sin seksualitet for å verte akseptert, verka stressande og frustrerande. Haansbæk finn i sin studie at fleire av intervjupersonane kan seiast å ha dårleg psykisk helse (Haansbæk 2002).

Som eg var inne på i kapittel 4 er det for mange av mine informantar uaktuelt å fortelje at dei er homofile til familie og slekt i heimlandet. Det at den nære familien deira ikkje bur i Noreg og dermed ikkje kan vita at dei har ein homofil livstil, gjer det kanskje lettare for dei å halda kontakt med familien sin. Dette vil seie at for at det skal vera mulig å ha kontakt må den seksuelle orienteringa haldast skjult. Haansbæk finn i sin studie at fleire av hans 21 respondentar, der dei fleste har familien sin buande i Sverige, enten skjuler sin seksuelle orientering eller bryt kontakten med familien. Det kan også vera vanskeleg å vera ein del av innvandremiljøet dersom ein vel å vera open homofil (Haansbæk 2002). Fleirtalet av mine informantar har altså løyst dette slik at dei har minst mulig eller ingen kontakt med innvandremiljøa. Unntaket er "Farrokh", han fortel at han i den seinare tid så smått har byrja å ha meir kontakt med sine landsmenn. Vidare fortel han at dei to fyrste åra han budde i

Noreg, hadde han mykje kontakt, men det var før han ”kom ut av skapet” og innrømte overfor seg sjølv at han var homofil. Etter at han fant ut at han var homofil har han ikkje hatt så mykje kontakt med sine landsmenn.

*I: Er det tilfeldig at du ikkje har noen kontakt eller er det eit bevisst valg du har gjort?
Farrokh: Jeg tror det er begge deler. Ehhh, jeg finner det ganske vanskelig å kommunisere med X, det har jeg gjort hittil. Men nå i det siste så har jeg truffet noen X som jeg tenker, som jeg føler det er lettere å snakke med. Men jeg tror kanskje jeg hadde veldig dårlig erfaring gjennom hele min oppvekst, og mange år etter at jeg flyttet hit. Ehh, for at jeg følte meg alltid som en outsider i forhold til resten av gruppen for at jeg var jo annerledes. Men jeg visste kanskje ikke helt hva det var, men jeg var det allikevel, og jeg kunne aldri være meg selv. Jeg måtte alltid ehh gjemme meg bak et eller annet. Og det har sikkert ført til at jeg føler det er vanskelig å kommunisere med X. Men etter at, som sagt i det siste så finner jeg det litt lettere og det er kanskje, det har kanskje med meg å gjøre egentlig. At jeg klarer å, jeg tør å være meg selv, da er det kanskje lettere.*

”Farrokh” er blant dei av mine informantar som er mest open om at han er homofil, han er open om sin seksuelle orientering på alle dei tre arenaene. Det å vera open har vore til stor hjelp for han på vegen fram til å akseptera seg sjølv som homofil. Sitatet over viser at han lenge kjente seg annleis og som ein outsider, og det at han måtte skjule at han var homofil førte til at han ikkje klarte å vera seg sjølv. ”Farrokh” sin historie er eit døme på at det å skjule sin seksuelle orientering er ei belastning som kan føra til at det er vanskeleg å halde kontakten med andre innvandrarakar. I tillegg viser den at det, i ein avklaringsfase eller eventuelt før ein har utvikla ein konkret og positiv identitet som homofil, kan verka begrensande på den homofile sin livsutfalding å ha nær kontakt med andre muslimar på grunn av dei negative haldningane ein vert møtt med, samt at ein er engsteleg for sanksjonar.

”Nadeem” har deler av familien og slekt buande i Noreg, dei er kjent med at han er homofil. Men i motsetnad til ”Farrokh”, har ikkje openheit overfor familien ført til at han har kontakt med andre landsmenn. ”Nadeem” er påpasselig med kven han fortel om sin seksuelle orientering til og han har ikkje lyst til å fortelje til så mange muslimar at han er homofil. Hovudgrunnen til dette er at han går ut frå at andre muslimar har negative haldningar og at dei ikkje vil forstå kva det vil seia å vera homofil.

Nadeem: Så å fortelle disse folkene, det er akkurat som å gå i en sementvegg. Nei, når ein person ikke har noen forståelse om hva dette er for noe, så er det ikke nødvendig å fortelle. Eneste tilbakemelding du kan få er: ”Åh han, han er også en av dem, ja.” Så derfor har jeg ikke ...jeg har ikke lyst til å fortelle det til så veldig mange folk.

”Rahim” er lite open om at han er homofil, og det er få som veit om hans seksuelle orientering. Han er den av informantane som har budd kortast tid i Noreg og den som kom ut som homofil sist. I intervjuet gjev han uttrykk for at han inntil vidare ynskjer å halde sin seksuelle orientering skjult, ved å sei at han i dag er veldig diskre med omsyn til at han er homofil. Til tross for dette seier ”Rahim” at han ser for seg at han i framtida skal verte meir open. For at det skal skje meiner han at det er viktig med eit større sosialt nettverk enn det han har i dag. Kort tid i Noreg og kort tid som open homofil kan vera to faktorane som kan vera medverkande til at han kanskje ikkje er så sikker på seg sjølv og dermed ikkje tør opne seg for så mange, spesielt andre muslimar, fordi han er engstelig for negative reaksjonar.

Det at ”Farrokh” sin familie bur i Noreg har kanskje gjort det lettare for han å få innpass blant andre muslimar. Han fortel at det er gjennom broren sin og kona hans han har kontakt med sine landsmenn. Dei fem informantane som ikkje har nærmaste familie buande i Noreg har ingen som bind dei til innvandremiljøa, derfor kan det tenkast at dette er ein medverkande faktor til svakare tilknytning enn om ein hadde hatt familien sin her. Yip sin studie av ”ikkje- heteroseksuelle¹³” muslimar av asiatisk opphav i Storbritannia, viser det motsette. Han finn at i mange tilfeller er foreldre villige til å tolerera barna sin seksuelle orientering når det har gått ei tid. Men dei passar på å halde det skjult for andre muslimar. Grunnen til dette er frykta for å øydeleggje familien sin ære innanfor innvandremiljøa (Yip 2003).

Det er altså fyrst i dei seinare år at ”Farrokh” har byrja å ta opp igjen kontakten med andre muslimar, etter at han har vorte meir sikker på seg sjølv. I tillegg har det at personane han har truffe ikkje har møtt han med fordommar og negative reaksjonar verka positivt inn. Sidan han har budd lenge i Noreg har han eit stort sosialt nettverk. Dersom han ikkje skulle verte godt mottatt av andre muslimar har han eit anna sosialt nettverk å falle attende på.

I Yip sin studie viser det seg at fleire av hans informantar nyttar seg av ein kontekst spesifikk strategi. På denne måten unngår dei å måtte gje opp verken den seksuelle eller den religiøse dimensjonen av identiteten sin. Strategien går ut på at dei skifter på kva for eit av desse to aspekta som skal vera framtrudande i ulike kontekstar (Yip 2003). Dette finn ikkje eg i min studie, dei fleste av informantane mine har ein tendens til enten å trekke seg heilt bort frå religiøse arenaer der homoseksualitet ikkje vert akseptert, som til dømes muslimske innvandremiljø, eller som eg kjem inn på nedanfor at dei tek avstand frå religionen.

¹³ ”Ikkje- heteroseksuelle” viser i denne samanheng til homofile, lesbiske og bifile.

5.2 Kulturell oppretthalding

Innanfor muslimske innvandremiljø er det ein tendens til at element av kulturen stagnerer og ein forsvarer sin rett til å forbli uforandra. Norske myndigheiter overlet ansvaret for bevaring og oppblomstring av kulturen til innvandrane sjølve. Dette problematiserer, i følgje Bilgiç, endringsprosessar som fører til tilpassing til samtida. Dei som motset seg endring meiner at endring vil føra til at innvandrarkulturen vert assimilert inn i norsk kultur. Som eit døme på at det er mulig å endre kultur, viser Bilgiç til at diskusjonen ein har hatt i Noreg dei siste 30 åra om homofili har ført til at kyrkja har endra sine haldningar til homoseksualitet. Muslimar på den andre sida grip ikkje fatt i samtida sine utfordringar og dermed får ein heller ingen diskusjon. Å unngå diskusjon og heller godta muslimske menigheiter sine standpunkt i kulturvernet sitt namn medverkar til ein stagnert innvandrarkultur som hindrar at dei universelle standardar som demokrati og menneskerettar vert gjort gjeldande (Bilgiç 2000). I min studie vil dette seie at stagneringa og kulturbevaringa forhindrar homofile i å delta på denne arenaen fordi det gjer det vanskeleg for dei å føra ein homofil livsstil.

Bilgiç argumenterer for at kulturen må tilpassa seg samtida og argumenterer dermed også for at kultur kan endrast. For 30 år sidan var det vanleg med fordømming av homofile i Noreg, men desse haldningane har snudd på grunn av diskusjonane rundt temaet. Kanskje muslimar bør opne opp for ein diskusjon som kan endra deira haldningar? Bilgiç stiller spørsmålet om korleis innvandrarkulturar kan forandrast. Han gjev eit generelt svar på dette spørsmålet. ”For å komme vidare, må man i noen sammenhenger kanskje sette mennesket høgere enn kultur og religion. Det er jo mennesket som skaper kulturen, og målestokken må være at kulturen skal tjene mennesket, ikke styre det” (Bilgiç 2000: 46). Det at homofilt og lesbisk samliv har vorte legalisert i det kristne norske samfunn viser at ein har sett mennesket over kulturen, dermed er kulturen i menneske si teneste. I det muslimske samfunn vert homoseksualitet framleis sett på som ei dødssynd. Dermed har ein sett kulturen over mennesket, og enkeltmennesket vert undertrykt i kulturen sitt namn. Når kulturen vert nytta for å setje standard, vert den også nytta som eit redskap for undertrykking innvandrare i mellom (Bilgiç 2000). Det at mine informantar ikkje føler seg velkomne i muslimske innvandremiljø og held seg borte frå desse er eit døme på at dei føler seg undertrykt. Dette kan vera med på å underbygge at det å ha lite kontakt med andre muslimar og muslimske innvandremiljø generelt fremmer muligheita til å kunne leve eit liv som open homofil i Noreg.

5.3 Religionen

I motsetnad til i innvandremiljøet generelt viser det seg i mitt datamateriale at mine informantar er villige til å endra på ulike element av sin kultur for å passe inn i det norske samfunnet. Mange av mine informantar har forklart at det kan opplevast som ein konflikt eller kollisjon dersom ein prøver å bevare sine tradisjonar og sin kultur, samtidig som ein prøver å ta opp ein ny måte å leva på, det vil sei ein homofil livsstil, i eit nytt land. Dette kjem i mitt datamateriale tydlegast fram når informantane fortel om sitt forhold til religionen. Haansbæk meiner at kulturkollisjonen ofte kan innebera at personen føler seg tvungen til enten å velja vekk sin gamle kultur eller den nye (Haansbæk 2002). Korleis handterer mine informantar deler av sin kulturelle arv, som til dømes religion, som er negativ til deira seksuelle orientering?

Alle deltakarane i min studie har vakse opp i og gått gjennom ein sosialiseringssprosess i muslimske samfunn. Dei fleste har vakse opp i familiar som er truande muslimar, og dei er sjølve vorte oppdratt til å verte truande. På denne måten har islam vorte ein del av deltakarane sin kulturelle arv. For mange av informantane har forholdet til religionen endra seg etter at dei har erkjent at dei er homofile. Det å komme til Noreg og det å ha lite kontakt med innvandremiljøa kan også ha verka inn på deira forhold til religionen.

”Ali” fortel at medan han enno budde i heimlandet tenkte han fyrst at dei kjenslene han hadde til andre gutar og menn var syndige, men dette synet endra seg over tid. Strategien som ”Ali” brukte i heimlandet for å kunne kombinera sin religion og det at han hadde seksuelle forhold til andre av same kjønn var bortforklaring, rettferdiggjering og tilpassing.

Ali: Ja, altså jeg var jo praktiserende muslim, eller altså etter min definisjon da. Jeg bad til Gud, men jeg bad ikke fem ganger om dagen. Ehhh, jeg bad en gang, og så leste koranen og sånn. Samtidig som jeg var homofil. Og da, det gjorde ingenting. Altså, man på en måte klarer å... det er noen ting i menneske som heter tilpassingsevne. Jeg tenkte at ...til å begynne med så hadde jeg, var jeg ikke i tvil om at Gud var kanskje den eneste som skjønnte meg. For at det var han som så hva som foregikk inni meg. Så da burde han skjønne det da. (Ler litt). Så det var, man på en måte forsoner sin tro med sin legning, eller hva det måtte være. Så, men ikke sant, først må man kanskje snakke om det livet jeg har hatt i hjemlandet, og da var det sånn at i puberteten da spørsmålet dukket opp for alvor, var det veldig... da tenkte jeg at dette her er synd og (...).

(...)

Ali: (...) altså i puberteten og hele den perioden, så tenkte jeg hele tiden at, altså jeg bortforklarte det med at dette her er en slags midlertidig fase. Som jeg kommer til å bli ferdig med, jeg kommer til å gifte meg og få barn og. Også, jeg begrunnet min tiltrekning for menn, jeg begrunnet det sånn at ehhh, for at jeg var, jeg var sjenert overfor jenter og... jeg kunne ikke ta kontakt. Så man, altså man lager, man

rettferdiggjør det man gjør lett. (Ler litt). Så, jeg hadde ikke noen eksistensiell krise... selv om jeg var homofil og praktiserte homofili. Ehhh, og så var det alltid en grunn for det liksom.

Etter at "Ali" kom til Norge endra hans forhold til religionen seg. I dag kallar han seg ikkje muslim lenger.

Då "Rashid" fann ut at han var homofil, leste han i Koranen for å finne svar på korleis han skulle leve livet sitt, men han fann ingen svar der. Når eg spør han korleis hans forhold til religionen er i dag, svarar han at den spelar liten rolle i livet hans. Vidare fortel han at han ikkje hadde så sterk tru i utgangspunktet, derfor har han tatt avstand frå religionen og kallar seg ikkje muslim lenger. Han meiner at visst Gud hadde skapt han, så måtte det stå noko i Koranen om å leva som homofil, men det gjorde det altså ikkje. Ut frå dette tapte Gud og religionen. Han ønskte ikkje å ha ein religion som ikkje godtok hans seksuelle orientering.

Dette vil sei at "Ali" og "Rashid" i dag har valt å gå vekk frå religionen sin på grunn av dei negative haldningane islam har til homoseksualitet. "Hassan" på den andre sida, har klart å finne fram til ein måte å kombinera religionen sin og den seksuelle orienteringa. Han er den einaste av informantane mine som seier at han er praktiserande muslim og at religion har ein sentral plass i livet hans. For å komme dit han er i dag har "Hassan" gått gjennom ein stor personleg konflikt. Denne konflikten bunna i at det han følte var i strid med det han hadde lært gjennom religionen sin. Dette fortel "Hassan" om sitt forhold til religionen og den konflikten han opplevde:

Hassan: Men visst du vil vite noe om konflikt, fordi det var en stor konflikt for meg. Spesielt siden jeg hadde gått mange år på islamsk skole. Så, ja, jeg gikk på en islamsk skole, der oppfattelsen av det du føler, og du er det folk sier at du skal være, og ja, du blir forvirret. Og du på en måte hater deg selv av og til.

I: Fordi du møter holdninger der...

(...)

Hassan: Ja, holdninger og det du, det du føler selv og det du lærer og det du tror på, og alle disse tingene er i konflikt, og det gjør deg forvirret, og det gjør deg deprimert det meste av tiden også.

I: Så du hadde disse følelsene da du bodde i hjemlandet ditt og da du lærte om Islam og ...

Hassan: Ja.

(...)

I: Så, hva handler konflikten om?

Hassan: Vel, den handler om religionen, om å akseptere...Ja at du gjør noe som er galt og sanne ting.

Men sjølv om "Hassan" i byrjinga følte ein konflikt, har han i dag klart å koma fram til at han kan leva både med trua si og si seksuelle orientering. På mitt spørsmål om hans forhold til

religionen har forandra seg etter at han godtok at han var homofil og flytta til Noreg, svarar ”Hassan”:

Hassan: Nei. Fordi jeg tror at dette er måten Gud har skapt meg på. Og jeg aksepterer det. Og hvorfor skal jeg være imot min egen religion? Så jeg går i Moskeen. Og jeg faster.

Vidare seier han at sjølv om han har flytta til Noreg, så har ikkje tru endra seg, sjølv om praksisen har endra seg litt av praktiske grunnar. Dette vil sei at ”Hassan” ikkje har endra sitt forhold til religionen, sjølv om den er fordømande og ikkje godtek hans seksuelle orientering.

”Hussein” fortel at han ikkje har vakse opp i ein veldig religiøs familie. Derfor har ikkje religionen hatt ein sentral plass oppgjennom oppveksten.

Hussein: Jeg kan ikke si at jeg er veldig troende. Ehh, men jeg har vokst opp i et sånt islamsk land, ikke sant, så det er ein del av av kulturen som jeg har. Jeg har vært muslim på en måte. Den kulturen og den måte så kan man egentlig be til Gud. Å be til Gud har blitt på en måte, har blitt en del av kulturen ikke sant. Som, ehh ja, men jeg kan ikke kalle meg helt sånn en troende muslim da, kan du si.

I og med at religionen ikkje har hatt ein sentral plass i livet hans, har heller ikkje hans forhold til religionen endra seg etter at han fann ut at han var homofil.

I: Men har ditt forhold til religionen alltid vore sånn. Eller har det endra seg etter at du oppdaga at du var homofil?

Hussein: Nei, ikke for meg, kanskje fordi jeg ikke kommer fra en så veldig religiøs og fanatisk familie. Så det har egentlig vært mye diskusjon i meg selv, ikke sant. Og tenke ja og se er det riktig eller ikke, eller sånn. Det er bare sånn man tenker...

I: Kva som er riktig?

Hussein: Ja, er det riktig for eksempel å være homofil når man oppdager at man er homofil, ikke sant. Er det riktig å velge legningen, eller ikke. Og det kommer tanker mellom det som man har lært i fra religionen og kultur og sånn, og så kommer man til å tenke litt mer på seg selv, inni seg selv. Ehh, ja det kolliderer egentlig. Det er ikke bare for muslimer, det er nesten for alle religioner som har den samme situasjonen, men islam kanskje, det er litt mer komplisert på grunn av dødsstraff og sånne ting.

(...)

I: Føler du at du har gått igjennom noe slags konflikt i forhold til det å ehhh ja, i forhold til religionen og den seksuelle orienteringen?

Hussein: Det er det.

I: Er det ein pågåande konflikt som er der heile tida?

Hussein: Ehhh, ikke nå lenger, fordi jeg har blitt mer kjent med meg selv. Det har vært mye sånne tanker egentlig og finne ut hvem er jeg. Nå er det, jeg hadde ikke tenkt å ...bli født sånn jeg er nå, sant. Og det, ja. Men jeg kan ikke bli en sånn troende muslim, sånn som andre, det blir litt konflikt da.

Slik eg forstår han, bestod ikkje konflikten av det å kombinera religionen og den seksuelle orienteringa. Sidan religionen ikkje har hatt ein sentral plass oppgjennom livet, verkar det heller som om konflikten dreide seg om at kjenslene hans kom i konflikt med normene generelt i samfunnet.

”Jamal” er meir opptatt av at det fins gode verdiar innan islam som han vil leva etter, enn at han må leva akkurat slik det står i Koranen. Han seier det slik at visst ein deler religionen opp i 100 deler, så er det som handlar om seksualitet berre ein del, mens dei 99 andre delane er andre verdiar i islam. ”Jamal” er også opptatt av at religionen for han er ei privatsak, korleis han praktiserer trua si er opp til han sjølv.

Jamal: Islam det er (...) islam og religion og tro, det er en veldig kan du si... Jeg sier til hver eneste, det er helt en privat sak, rett og slett. Jeg vil ikke si...om jeg ber til Allah...hva jeg gjør når jeg er innen mine 4 vegger...hvor mye tro jeg har på Gud, hvor mye tro jeg har på min religion, hvor mye jeg respekterer...Jeg respekterer fullt og alt som jeg gjør, hva er bra for meg, hva er bra for andre...

Når eg spør om han føler at det er ein slags konflikt mellom det å vera homofil og muslim svarer han:

Jamal: Ehhhh.....visst vi nå leser eh...visst du har veldig tro og visst at...Det er en konflikt. Men jeg ser ikke noen konflikt. Visst jeg ser en konflikt, da må jeg forandre på min holdning [seksuelle orientering], og det vil jeg aldri gjøre. (Pause) For jeg skader ikkje andre mennesker.

I: Nei, ikkje sant.

Jamal: Visst jeg er sånn, det er en slags ... jeg må skjule meg hele tida. Jeg må finne på noen ting, jeg må drepe mine følelser. Jeg må fortelle forskjellige løyner til folk, er ikke det nok straff?

Det at det religiøse aspektet vert tona ned, kan vera ein medverkande faktor til den manglande kontakten med muslimske innvandremiljø. Det at religionen ikkje har hatt ein sentral plass i ”Hussein” sitt liv, har også ført til at han ikkje føler tilknytning til muslimske innvandremiljø i Noreg.

I: Så derfor tar du eit litt bevisst valg då, bort i frå den gruppa eller?

Hussein: Nei, for det er egentlig som jeg sier, jeg kommer ikke fra en så religiøs familie, så det er, selv om jeg tror på en del av religionen og kanskje Gud og sånn, men jeg har ikke så mye egentlig sånn følelse at ”Ja, jeg må gjøre det og det og det, ikke sant, så jeg må være der og der og gjøre sånne...”

I: Gå i moske og sånn tenker du på, for eksempel?

Hussein: Ja. Det er ikke sånn, jeg tenker ikke sånn, ikke sant, så da tenker jeg ikke at jeg mangler noe. Jeg kan også be til Gud kanskje i kirka, så det er ikkje så mye problem for meg.

5.3.1 Strategiar

Dette viser at informantane nyttar ulike strategiar for å handtera religionen sine negative haldningar til deira seksuelle orientering. To har brote med religionen, tre har valt å tone ned det religiøse aspektet, medan ein har klart å finne ein måte å kombinera sin seksuelle orientering og religionen. Dette er i samsvar med nokre av funna til Yip. I si undersøking finn han at deltakarane nyttar seg i hovudsak av tre strategiar. For det fyrste er det fleire av hans deltakarar som gjev opp sin religiøse tru, slik som "Ali" og "Rashid", fordi ein opplever at det å vera ikkje- heteroseksuell og muslim er uforenelig. Den andre strategien han finn er å tone ned det religiøse aspektet ved identiteten. Den tredje strategien er "re- framing"¹⁴ islam innanfor eit seksualitets- bekreftande paradigme. Dette skjer enten ved at ein kritiserer tradisjonane, ved å setje eit skilje mellom islamsk og kulturell praksis, med andre ord islam som religion og islam som kultur. Eller ved å omfortolke religiøse kjelder som tilsynelatande fordømmer ikkje- heteroseksualitet. Dei deltakarane som nyttar denne strategien argumenterer for at den reine islam står for sosial rettferd, likskap og respekt for menneskeleg ulikskap. Fordømminga av ikkje- heteroseksualitet vert forklart ut frå at islam har vorte påverka av tradisjonell kulturell praksis, det vil seie kultur som eksisterte i pre- muslimsk tid. Vidare vert det argumentert med at islam og religionen sine skrivne kjelder (Koranen, sharia og hadith) er progressive. Det vert hevda at den alminneleg utbreidde fortolkinga av islam sine skrivne kjelder som handlar om seksualitet og sosialt kjønn er fortolka ut frå eit heteroseksuelt perspektiv. "Non-heterosexuality is constructed as the 'immoral other' vis-a-vis normative heterosexuality" (Yip 2003:7). Deltakarane argumenterer for eit nytt paradigme som opnar opp for at dei same kjeldene kan omfortolkast i ein ny kontekst som tek omsyn til samtida sine sosio- kulturelle realitetar (Yip 2003).

"Ali" er inne på det med "re- framing" og seier at visst ein skal leva etter Koranen i dagens norske samfunn, må ein gjere nokre endringar. Han meiner at generelt sett vert religionen tilpassa til omgivnaden til ei viss grad. Her er han også inne på nokre av synspunkta til Bilgiç som eg presenterte ovanfor.

¹⁴ Eg har her valt å bruke Yip sin terminologi, "re-framing", i mangel på eit tilsvarende ord på norsk som får fram same meininga i denne samanhengen.

Ali: Ehh, så jeg tror, altså Koranen, en ting er at det som står i Koranen, det står der og det er ingen som kan ta det bort. Men folk har jo på en måte tilpasset religionen i alle år. Altså det er ikke noen som helst land i verden som lever eksakt etter det som står i den hellige boken, uansett hva de måtte tro. Så jeg tror også at det er veldig kulturforankret. Ehhh, ja, det er, altså det man, det som ikke angår en, kan man liksom bare blåse opp, altså, og det som er vanskelig eller altså... Visst jeg var en heterofil mann og skulle leve etter Koranen, så hadde jeg bare tatt de punktene som passet meg, også det med homofili. Siden det ikke passet meg, eller det ikke angår meg direkte så da ville jeg bare sagt: "Nei, men det står i Koranen, da er det er ikke lov." Men resten tilpasser jeg til mitt liv liksom. Men akkurat den biten... Jeg tror det samme skjer med kristne her også, når de, altså man strir med de samme problem. Så, visst sånne muslimer begrunner sin homofobi ut fra Koranen så er det på en måte, da har de, da beveger de seg på et veldig tynt grunnlag. Det er kulturbetinget, det har ingenting med, altså jo så klart finner man forklaringene i religionen, men det er ikke sånn at man lever etter Koranen hele tiden. Det er det ingen som gjør.

5.4 Tilpassing

Ut frå gjennomgangen av datamateriale viser det seg at hovudtendensen er at det er vanleg å ikkje ha kontakt med muslimske innvandremiljø eller omgås andre muslimar. Det viser seg også at alle informantane i ulik grad har endra sitt forhold til religionen sin. Det er ein tendens til at dei eg har snakka med har gjeve opp sin religiøse tru, for å få muligheita til å kunne ha eit homofilt levesett. Til tross for dette er det fleire av dei som opprettheld "muslim" som ein kulturell eller etnisk markør. Lite kontakt med andre muslimar og at islam som religion får mindre betydning viser at informantane mine vel separasjon som tilpassingsform overfor muslimske innvandremiljø. Denne tilpassingsforma gjev dei muligheit til å leva eit liv som homofile i Noreg. Dette funnet stemmer overeins med antakelsen eg sette fram i innleiingskapittelet mitt. Der antok eg at det å ha nær kontakt med muslimske innvandremiljø ville begrensa aktøren med omsyn til å leva eit liv som homofil. Unntaket er "Farrokh", som i den seinare tid har byrja å ha litt kontakt med personar frå heimlandet sitt. Men han har gått gjennom ein lang prosess og det har tatt mange år før han gjekk til dette skrittet. Det at hans nærmaste familie, som gav han positiv tilbakemelding og aksepterte at han er homofil, også bur i Noreg kan ha vore ein medverkande faktor til at "Farrokh" i dag har byrja å ha meir kontakt med andre muslimar.

Det å ha omgang med andre landsmenn er eit døme på integrasjon som tilpassingsform. Det å møte andre muslimar kan føra til at det vert oppretta ein dialog. Som eg var inne på i kapittel 3 hevdar Bilgiç at kjennskap og dialog er to av dei viktigaste føresetnadene for integrasjon. Vidare hevdar han at når menneska får gjensidig kjennskap til kvarandre opnar

dette opp for forståing. Individ og grupper som ikkje kjenner kvarandre vil ha problem med å fungere saman. Dette vil seie at møtet mellom ”Farrokh” og andre muslimar kan føra til betre kjennskap begge vegar. ”Farrokh” har til dømes byrja å endra haldninga si til andre muslimar fordi han opplever å verte møtt med positive reaksjonar. Integrasjon som tilpassingsform vil også seie at individet kan gå inn i situasjonen utan å måtte tone ned sider ved identiteten sin. For ”Farrokh” vil dette seie at han møter andre muslimar utan å skjule at han er homofil.

For at det skal vera mulig for mine informantar å verte integrert i muslimske innvandremiljø, er det nødvendig at ein er villig til å endre deler av denne kulturen. Bilgiç si løysing er at sentrale institusjonar og personar som moské og imamar må vera villige til å tilegne seg liberale og demokratiske kvalitetar. Dialog og diskusjon er vegen å gå for å oppnå dette. Med andre ord er det viktig at sentrale spørsmål, som til dømes haldninga til homofili, vert tatt opp til diskusjon for på den måten å få til ei endring i haldningane slik ein har oppnådd i Noreg i forhold til Den norske kyrkja. Når verken norske myndigheiter eller krefter innanfor muslimske innvandremiljø tør å krevje at innvandrerarkulturen må tilpassa seg samtida den lever i og dermed gjennomgå ein endringsprosess på grunn av frykta for å verte skylda for assimilering, vil dette gjere det generelle integrasjonsarbeidet vanskeleg (Bilgiç 2000).

”Ali” er inne på noko av denne problematikken. Han meiner at nordmenn kanskje har vore for ”blåøyde” og tolerert for mykje, noko som igjen kan ha ført til at innvandringspolitikken har slått feil.

Ali: (...) jeg tror det handler mer om storsamfunnets holdning til minoriteten eller minoritetene. Altså, jeg tenker at vi, altså, ikke vi da, men dere hvite nordmenn (Ler litt begge to) (...) har vært kanskje litt for blåøyde. At man tror at toleranse handler om, altså toleranse overfor minoriteter handler om å trekke seg tilbake og se på det og tolerere det. Og verdsette det visst det er... Men at en generell holdning er at: okay, det er deres kultur, det respekterer vi. Og det tror jeg har slått litt feil, altså det har kanskje gått litt galt, for at både når det gjelder kvinnekampen og homokampen, jeg nevner de i samme åndedrag for jeg synes det er to sider av samme sak. Begge to kommer av et menneskesyn som setter mannen i fokus. En heterofil mann er det perfekte menneske. Og kvinner og homofile er på en måte, de er liksom, det er noen ting som kommer i andre rekke. Ehhh, og de to kampene har... Jo, vi må en gang for alltid si at sånn type kulturell- diskriminering, altså kulturell betinget diskriminering, man tåler ikke det. At man må ta avstand fra det en gang for alltid. For at nå er det slik at man seier, okay det er en del av deres kultur og da kan de holde på med det. Det er ikke det som er tilfelle. Visst vi skal leve i et fritt og rettfærdig samfunn så må vi på en måte sloss mot en, altså alle former for diskriminering. Og visst det er sånn at den diskrimineringen, den type diskriminering er forankret i den spesielle kulturen, det betyr ikke at vi skal godta det. Tvert om, man skal bekjempe det for at ehh jeg ser ikke noen vits i å ha ... eller jeg ser ikke noen poeng i det. Ehhh, jeg ser ikke på det som

toleranse, jeg ser på det som feighet. Og visst vi kommer så langt og klarer å ta avstand fra det og sier at en hver form for diskriminering er uakseptabelt uansett hvor det kommer fra og hvem det er som utøver det, så tror jeg kampen har kommet veldig langt.

Dette viser at det er behov for nytenking innanfor integrasjonsfeltet. I dei to neste kapitla skal eg sjå på korleis det at mine informantar vert assimilert i forhold til ei nisje av samfunnet og i forhold til ei referansegruppe av majoritetsbefolkninga, på sikt kan medverka til integrering i det norske storsamfunn.

6 TILPASSING TIL DET ETABLERTE HOMOMILJØET

Som det kom fram i kapittel 4 om sosialisering inn i seksuelle kulturar har det å flytta til Noreg i seg sjølv opna opp muligheita til å leva eit liv som homofil for fem av seks av mine informantar. I Noreg har informantane fått muligheita til å treffe andre homofile. Dette har ført til at heimlandet sin oppfatning av homoseksualitet i stor grad har vorte erstatta med ei vesteuropeisk forståing. Med andre ord vert homoseksualitet forstått som eit aspekt ved identiteten, ikkje ut frå eit handlingsperspektiv. Det at samtlige av mine informantar har gått gjennom ein komme ut prosess viser at dei betraktar seg sjølv som sjølvidentifiserte homofile. Det viser seg at det å ha kontakt med andre homofile kan vera ein viktig faktor for å utvikla ein konkret og positiv identitet som homofil. Med andre ord trenger ein forbilde, det er vanskeleg å spegla seg sjølv som homofil i dei tradisjonelle innvandarmiljøa der identiteten som homofil ikkje eksisterar (Haansbæk 2002).

I dette kapittelet vil eg blant anna sjå på korleis deltaking på ulike arenaer av homomiljøet kan vera ein måte å verte kjent i det norske storsamfunn på, og i kva grad informantane mine opplever at deltaking i det etablerte homomiljøet fører til betre kjennskap til og kunnskap om det norske samfunn. LLH har observert at i dei seinare år har fleire og fleire innvandrarak byrja å oppsøke ulike miljø der homofile møtes. Ein viktig faktor med omsyn til om ein knyter seg til og i kor stor grad ein knyter seg til ulike deler av homomiljøet, er avhengig av eins eigen forståing av homoseksualitet. Personar som primært ser på homoseksualitet ut frå eit handlingsperspektiv vil ofte avgrensa seg til arenaer der dei kan knyta seksuelle kontaktar. Dei unngår miljø der homofili som identitet er fellesnemnaren. Homofile som ser på homoseksualitet som ein identitet deltar ofte i fleire ulike homomiljø. På denne måten kan dei til dømes verte kjent med andre homofile (Skogseth 2000). I mitt datamateriale viser det seg at sidan dei eg har snakka med er sjølvidentifiserte homofile knyter dei seg primært til miljø der homofil identitet er fellesnemnaren. Korleis tilpassar informantane mine seg på denne arenaen og kva for muligheter og begrensingar opplever dei ved å delta i det etablerte homomiljøet?

6.1 Det fyrste møtet

I større byar i Noreg, kanskje spesielt i Oslo, fins det mange ulike tilbod for homofile. Dermed har det vorte enklare for mange av mine informantar å treffa andre homofile samanlikna med korleis det var i heimlandet deira. Yip finn at fleirtalet av deltakarane hans har tilgang til det ”kvite” ikkje- heteroseksuelle miljøet fordi mange bur i urbane strøk. Fordelen med dette miljøet er at det gjev anonymitet og det er ein møtestad (Yip 2003). I likskap med deltakarane i Yip sin studie ser mine informantar på homomiljøet som viktig med omsyn til det å etablere eit sosialt nettverk og å få støtte. Det er fleire som fortel at det som slo dei og som var den største opplevinga fyrste gongen dei oppsøkte homomiljø, var at det fanst så mange andre som var homofile. Når ein er oppvaksten i eit samfunn der homoseksualitet enten er fråvarande eller oppfatta som noko negativt, kan ein kjenne seg aleine med kjenslene sine.

Dei fyrste åra i Noreg budde ”Ali” på ein liten tettstad. Der budde det også mange frå hans heimland, så innvandarmiljøet vart veldig tett. På denne tida hadde han derfor ikkje så mykje kontakt med nordmenn. Det var i løpet av desse åra at ”Ali” erkjente overfor seg sjølv at han var homofil. Han karakteriserer denne perioden som spesielt vanskeleg.

Ali: (...) de årene der var hittil kanskje den mørkeste perioden i mitt liv. Og ... det var ...jo og så var det enda vanskeligere å være homofil i det miljøet (som bestod av hans landsmenn) omgitt av mer eller mindre kristne nordmenn. Det var liksom, altså det virket liksom som det ikke var noen... Men noen kammerater av meg reiste til Oslo en gang. Og så hadde de dratt på homosediskotek. Så da de kom tilbake så fortalte de om homodiskoteket i Oslo og sånn...jeg bare kjente at sommerfuglene i magen min, det var liksom ”Åhhh, så spennende”. Det var ehh, så jeg tenkte, jeg må jo bare dra dit, liksom en gang. Så etter en stund flyttet jeg av ulike årsaker til Oslo, og etter et par måneder frem og tilbake...så dro jeg dit da. På et homosedisko for første gang. Ehhh, og jeg ombestemte meg 10 ganger på vei dit...nei dette kan jeg ikke gjøre og...men så gjorde jeg det til slutt da.

Vidare fortel ”Ali” dette om hans fyrste møte med homomiljøet i Oslo:

Ali: Såå, jeg dro aleine. Såå, det var jo ehh, det var sånn svarte vegger overalt og sånn ned i kjelleren og virkelig sånn derre wooo.

6.2 Det mangfoldige homomiljøet

I dag er ”Ali” aktiv i homomiljøet og synest at det er fint å kunne gå ut på diskotek og pub/bar for homofile og møte nye menneske. I likskap med fleire av dei andre informantane reknar han utestader for homofile som ein sentral møtestad. Ein av informantane fortel at i tillegg til å nytte utestader som møtestad, er han med i ei gruppe som driv med ulike sosiale aktivitetar. På den andre sida fortel to av dei andre informantane at dei ikkje pleier å gå så mykje ut på disko og barar for homofile, men nyttar i større grad andre arenaer av homomiljøet som møteplass. ”Mohammed” har til dømes truffe fleire av vennane sine ved å chatte på nettstaden Gaysir. Det er fleire i likskap med ”Mohammed” som nyttar seg av Gaysir for å verte kjent med og treffe andre homofile. I tillegg er det ein som fortel at han i fleire år har deltatt på ”Homodagane”. Dette viser at mine informantar nyttar seg av ulike arenaer i homomiljøet for å treffa nye menneske. Som det kjem fram her viser det seg at dei stort sett har vorte kjent med vennane sine i homomiljøet. Alle dei eg har snakka med fortel at dei har flest etnisk norske eller europeiske vennar, og at desse vennene er homofile. Det er også nokon som fortel at dei kjenner andre homofile med muslimsk bakgrunn. Det er stort sett på Gaysir at dei har vorte kjent med andre homofile med muslimsk bakgrunn.

Det viser seg ut frå det informantane fortel at mangfaldet innanfor homomiljøet opnar opp muligheita for å delta på ulike arenaer. Dersom ein ikkje finn seg til rette på ein arena, fins det andre alternativ. Yip viser til liknande funn i sin studie. Berre 30% av hans deltakarar trives med å gå på disko, klubbar og barar. Dei som ikkje likte seg der hadde funne fram til andre møtestader for homofile, som til dømes kafear og sosiale og /eller politiske møter og foreningar (Yip 2003).

Mangfaldet av aktivitetar innanfor homomiljøet kan også bidra til at homofile innvandrarak får muligheit til å verte kjent med ulike sider av det norske samfunnet fordi dei deltek på forskjellige arenaer.

6.3 Oppleving av intoleranse

Det mangfaldet som homomiljøet byr på fungerer på den eine sida som ein møtestad i positiv forstand fordi informantane her får muligheita til å treffa og verte kjent med andre homofile. På den andre sida kan etnisitet og religion potensielt vera problematisk å kombinera med det å delta i det etablerte homomiljøet. Dette gjeld kanskje spesielt på utestader. Til dømes finn Yip

at for nokon av hans informantar kan høgt alkoholkonsum vera eit hinder for å delta i deler av homomiljøet (Yip 2003). Negative haldningar på grunn av den etniske bakgrunnen kan også vera eit problem. Det etablerte homomiljøet består hovudsakeleg av etnisk norske homofile, derfor kan ein seie at mange av storsamfunnet sine haldningar vert gjenspegla i dette miljøet. Dette betyr at haldningane til folk med innvandrarbakgrunn vert reprodusert av menneska som deltek på denne arenaen. Derfor vil homomiljøa, i likskap med samfunnet ellers, slita med rasisme, fordommar og framandfrykt som kan koma til uttrykk gjennom rasistiske ytringar og stigmatisering av ulike innvandrargrupper (Skogseth 2001). Deltakarane i Yip sin studie fortel om erfaringar frå homomiljøet som dei meiner vitnar om *islamophobia*. Nokon av deltakarane har opplevd at ”kvite” homofile er forundra over deira blotte tilstedeværelse i homomiljøa fordi dei går ut frå at islam og homofili ikkje kan kombinerast (Yip 2003).

Det er fire av mine informantar som fortel at dei har opplevd å verta møtt med negative haldningar og fordommar i homomiljøa. Det er spesielt på homoutestader at dei har vorte utsette for dette. Både ”Hassan” og ”Nadeem” fortel at dei har opplevd at folk har snakka nedsettande om dei og påstått at dei var prostituerte. Av denne grunn liker ikkje ”Hassan” seg så godt på slike stader. Derfor er ”Hassan” og vennane hans heller aktive på ein anna arena av homomiljøet. Her trives han mykje betre fordi folk er annleis og det råder ein anna mentalitet enn på homoutestader. ”Nadeem” vel ofte å ikkje fortelje til folk han møter ute på byen kva for land han er frå. Årsaka til dette er at han har møtt etnisk norske homofile som har negative haldningar til homofile som er frå opphavlandet hans. Han fortel også at nordmenn trur at dei aller fleste innvandrarakar med mørk hud er ute etter pengar. Det å ikkje fortelje kvar ein er i frå eller unngå tradisjonell klesstil er eksemplar på at ein tonar ned den etniske bakgrunnen sin. På denne måten kan ein lettare gli inn i miljøet. Til tross for at ”Nadeem” fortel om negative opplevingar seier han at han har fleire etnisk norske vennar og at dei støttar han. Stort sett opplever han å få positiv respons når han fortel at han er homofil. I tillegg har ”Nadeem” erfaringar frå andre arenaer enn homoutestader.

”Haidar” har også møtt på negative haldningar i homomiljø, men han har opplevd fleire positive enn negative hendingar, så derfor synest han ikkje at det er noko problem å vera på utestader for homofile. Det same gjeld ”Ali” og ”Mohammed”, begge to seier at dei aldri har møtt på reaksjonar frå etnisk norske homofile fordi dei er innvandrarakar. ”Ali” seier at han aldri har opplevd rasisme. Yip finn også at det er få i hans studie som har opplevd å verte utsette for rasisme i homomiljøa. Dei gongene etnisitet er eit tema, er det fordi dei vert sett på som eksotiske. Nokon ser på dette som ei utfordring, medan andre ikkje liker å verte betrakta som seksuelt tiltrekkande på grunn av sin etnisitet (Yip 2003). I mitt datamateriale er det to

som fortel om erfaringar der dei har vorte sett på som eksotiske. ”Hashim” har opplevd å vorte møtt med fordommar med omsyn til hans seksual praksis. Han seier at norske homofile trur at alle arabarar er den aktive part i seksual akta. ”Ali” seier at han aldri har opplevd negative erfaringar fordi han er frå eit anna land. Han meiner at stemninga på homosedisko ofte er ganske lada fordi mange går ut på byen for å sjekke.

Ali: (...) det at jeg kommer fra et muslimsk land, eller hvor det måtte være, når det kommer inn så er det på en måte, ehh, det bare bidrar til at det blir enda mer ladet.

På den andre sida er ”Ali” lite fornøgd med å verte spurte det relativt uskyldige spørsmålet om kvifor og kva som har ført han til Noreg. Dette spørsmålet er ei påminning om at andre ikkje ser på han som heilt norsk.

Ali: (...) jeg har blitt spurt kanskje 50 tusen ganger: ”Hvorfor er du her?” Altså det er sånn standard spørsmål, som jeg blir spurt gang på gang. Og jeg er lei av det, så jeg bare orker ikke å fortelle det flere ganger liksom. I vert fall ikke når du er på byen og liksom har drukket litt og ...

I: Ja sånn kvifor du er i landet?

Ali: Ja, eller altså hva har ført deg hit. Og det blir jo stilt i beste mening sikkert, jeg tviler ikke på det, men det er bare så ekstremt kjedelig spørsmål. Altså de første 5 tusen gangene var ok, jeg kunne liksom forklare det, men nå er det liksom, og jeg har bodd her i 12 år og blir stilt sanne spørsmål. Åhh nei, jeg vil ikke svare.

Til tross for at mange av informantane har opplevd rasisme, fordommar og framandfrykt får eg inntrykk av at dei har opplevd mest positiv respons. Det at alle seier at dei har flest norske homofile venner vitnar om at dei for det meste har vorte tatt godt imot i dette miljøet. Når ein deltek på andre arenaer enn på utestader for homofile, slik som ”Nadeem” og ”Hassan”, er det naturleg at ein vert kjent på ein annan måte. Ute på byen råder det ein annan mentalitet fordi folk kanskje er ute på sjekkaren og det ber preg av tilfeldige møter. I til dømes ei gruppe som driv med sosiale aktivitetar og treffes regelmessig, treff ein dei same menneska kvar gong og vert dermed kjent på ein anna måte.

6.4 Konformitetspress?

Som eg var inne på tidligare kan det å ha kontakt med andre homofile vera viktig i ei avklaringsfase. Det kan verke som om at når ein er ny i landet og ikkje har etablert ein konkret og positiv identitet som homofil, kan det å ha kontakt med andre homofile vera til

hjelp. ”Jamal” til dømes meiner at han lærte kva homofili var etter at han kom til Noreg. Han hadde ingen bevisstheit om kva ein homofil livsstil var medan han budde i heimlandet sitt. Her i Noreg har han hatt fleire lengre sambuarforhold med andre menn.

Både ”Haidar” og ”Ali” er inne på denne tematikken i intervjuet. ”Haidar” meiner at for mange homofile som kjem frå ikkje-vestlege land er det ein prosess ”å verte homofil”. Mine informantar kjem frå samfunn der det er forbode å praktisera homoseksualitet, og rolla og identiteten som homofil eksisterer ikkje. Det er rimeleg grunn til å anta, ut frå det informantane har fortalt, at det å ha kontakt med etnisk norske homofile, og på den måten verte presentert for det homofile miljøet i Noreg, vil føra til at den homofile overtar ein vestlege forståing av homoseksualitet. Med andre ord å forstå homofili som ein identitet. Personen prøver å passe inn i denne måten å forstå homoseksualitet på og på denne måten verte ein del av gruppa. På den eine sida kan dette vera til hjelp for å utvikla ein konkret og positiv identitet som homofil, på den andre sida kan det opplevast som å verte pressa inn i ei fastlagt rolle.

”Haidar” synest at homomiljøet er sterkt prega av eit konformitetspress. I løpet av dei siste 30 åra har homofile i Noreg kjempa for rettane sine. Dette har vore ein samla kamp som har resultert i at individa har forsvunne. Homofile i dag lever og bur i eit miljø, homomiljøet. Dette miljøet samanliknar han med ein ”ghetto” som trekker seg bort frå resten av samfunnet. Han synest at resultatet har vorte eit paradoks fordi ein fyrst har kjempa for fridommen sin, for så å enda opp i eit miljø, der alle skal vera like. På den andre sida kan han forstå at homofile innvandrara som er nye i landet kan ha behov for å vera ein del av homomiljøet fordi dette miljøet kan hjelpa dei med ”å verte homofile”. Men han synest også at det er viktig at ein etterkvart klarer å finne tilbake til seg sjølv og korleis ein vil leva livet sitt.

Haidar: Først må man bli homse, og så etterpå kan man tenke: ”Er jeg lykkelig?”

Andre homofile med innvandrarakgrunn som har lenger fartstid i homomiljøa, kan også vera til hjelp eller stå for eit konformitetspress. På den eine sida kan dei vera ein inngangsport for ”nye” i det etablerte homomiljøet og på denne måten fungera som ei bru mellom innvandrarmiljøa og ulike homomiljø. På den andre sida vil dei vera opptatt av og føla ansvar for å sanksjonera ”nye” medlemmar, noko som kan opplevast som eit konformitetspress for ”dei nye”. Dei etablerte homofile vil vera opptekne av og føla ansvar for å sanksjonera åtfærd som kan vera med på å til dømes bekrefte fordommar om homofile med ulike etniske bakgrunnar. ”Homoer av sørøstasiatisk opprinnelse som er godt etablerte i Norge er ofte vare

for å få et stempel som 'postordrebrudgommer', og gir klare signaler til de mer nyankomne om å tone ned oppførsel som kan tolkes i retning av å bekrefte slike holdninger hos andre i homomiljøene" (Skogseth 2001: 401).

Sjølv om det i homomiljøa er tendensar til konformitetspress, vil eg få understreka at det dermed ikkje vil sei at alle som deltar i dette miljøet er like. Det mangfaldet som eg var inne på tidligare illustrerer dette.

6.5 Den aktive homoorganisasjonen

Det at homofile i Noreg har rett til å organisera seg og danne interessegruppe, samt at det finnes ei anti-diskrimineringslov, er ein indikator på at det å bu i Noreg aukar muligheitene for mine informantar til å kunne leva eit liv som homofil her. At samtlige av informantane er klar over kva for rettar homofile har og i tillegg er engasjert i kampen for desse rettane, kan vera eit teikn på at det å ha tett kontakt med homomiljøet har medført at dei har fått betre kunnskap om og kjennskap til det som går føre seg i det norske samfunn gjennom andre etnisk norske homofile.

Dei fleste ser nytten av den aktive homoorganisasjonen i Noreg og synest at det er positivt at homofile har muligheita til å organisera seg for å kjempa for rettane sine. Det er også fleire som uttrykker at det er positivt og ein tryggleik at norske myndigheiter arbeidar for å betra livssituasjonen til homofile generelt i det norske samfunn.

Hassan: (...) i Norge så vet du at du har rettigheter. Du kan, ja, visst du blir behandlet forskjellig bare fordi du er homofil, så vet du at du har rettigheter som verner og beskytter deg.

6.5.1 Støttegruppe/ interessegruppe

Som eg var inne på i kapittel 5 er det mange som opplever at det kan vera problematisk å kombinera den etniske bakgrunnen sin og den seksuelle orienteringa på grunn av islam sine negative haldningar til homoseksualitet. For to av informantane mine har dette ført til at dei har brote med religionen sin. Samtlige fortel at dei har liten eller ingen kontakt med muslimske innvandarmiljø. Til tross for at dei har eit anstrengt forhold til sin kulturelle og etniske bakgrunn og religion, er det fleire som har gjeve uttrykk for at dei ynskjer å ta vare på deler av kulturen sin. Mange har kontakt med heimlandet sin kultur via familien som framleis bur det. Dei som har muligheita til det, reiser på besøk til familien sin, og på den måten kan

dei ta vare på tradisjonar og deler av kulturen. Dette reiser spørsmål om det er behov for ei støttegruppe eller interessegruppe for homoseksuelle med muslimsk bakgrunn i Noreg.

Deltakarane i Yip sin studie hevdar at støttegrupper er viktig fordi dei kan medverka til å minimera om ikkje utrydda problema som vert frambrakt i det etablerte homomiljøet på grunn av deltakarane sin etnisitet og religion. Dei personane som er involvert i støttegrupper i Storbritannia hevdar at dei er ei viktig plattform for å utforska sin eigen seksualitet og religion, samtidig som ein finn gjensidig støtte her (Yip 2003).

På internasjonal basis er det etablert ein interesseorganisasjon for LGBTQ¹⁵ med muslimsk bakgrunn som heiter Al- Fatiha Foundation. Denne interesseorganisasjonen arbeider for å betre livsvilkåra for LGBTQ muslimar ved blant anna å vera ei støtte for dei som prøver å forsone den seksuelle orienteringa og religionen. Gjennom arbeidet sitt framhevar Al- Fatiha den islamske ideen om sosial rettferd, fred og toleranse for å motarbeide urettferd, fordommar og diskriminering (Al-Fatiha. About us, 2003, 1. avsnitt). Fleire av mine informantar har kjennskap til denne organisasjonen og synest at dei gjer eit viktig arbeid.

I dag fins det ingen støtte- eller interessegruppe for homofile med muslimsk bakgrunn i Noreg. Alle informantane anerkjenner behovet for ei støttegruppe for homofile med muslimsk bakgrunn. Men det varierer i datamaterialet med omsyn til i kva grad informantane sjølv tykkjer at dei har behov for ei slik støttegruppe. Yip finn i sin studie at dei som ikkje synest at det er nødvendig med støttegruppe for ikkje- heteroseksuelle muslimar, oppgjev to grunnar til dette. For det fyrste at dei har utvikla ein positiv personleg identitet som homofil og dermed også klart å forsona religionen sin med den seksuelle orienteringa. For det andre at ein allereie har etablert ein primær støttebase som består av venner og i nokon tilfelle også partner og familie (Yip 2003).

Det er ein tendens i datamaterialet mitt til at dei informantane som har budd i Noreg i flest år ikkje synest at dei sjølv har behov for å delta i ei støttegruppe. ”Farrokh” og ”Rashid” er blant dei informantane som har budd lengst i Noreg, og er kanskje dei to som er mest opne på flest av dei tre arenaene. Begge fortel at dei har eit stort sosialt nettverk og i tillegg har ”Farrokh” familien sin buande her som er aksepterende og støttande i forhold til det at han er homofil. Ein av grunnane til at dei ikkje føler behov for ei støttegruppe kan vera at dei allereie har utvikla ein positiv personleg identitet som homofil. ”Rashid” seier til dømes at sidan det at han er homofil ikkje er eit problem for han, ynskjer han heller ikkje å vera med i ei gruppe der seksualiteten er eit utgangspunkt. I tillegg har venner, partner og familie fungert som ein

¹⁵Dette er forkorting for lesbiske, homofile, biseksuelle, transeksuell.

støttebase for begge to. Men på den andre sida ser begge to at andre homofile med muslimsk bakgrunn kan ha nytte av ei slik støttegruppe. ”Hussein” meiner også at det er nyttig med støttegruppe og trekkjer fram at den har ein spesielt viktig funksjon.

Hussein: (...) Det å ha en diskusjon om dette i for eksempel aviser eller media eller forskjellige ting, så da kan det bli slik at innvandrere eller de som lever skjult begynner å tenke at ja, jeg kan også være fri. Jeg kan også kanskje tenke meg å bli medlem av en gruppe og... eller jeg kan komme ut uten å få noen problemer.

”Ali” trekkjer fram ein anna viktig funksjon, nemlig det å organisera seg. Han er optimist når det gjeld kampen for å bekjempe diskrimineringa overfor homofile med muslimsk bakgrunn og anna etnisk opphav.

Ali: Og det gjelder om å organisere seg, for at det er egentlig en sak som, altså vi vinner denne saken. Det er ikke tvil om at det skal skje andre, altså skal skje noe annet. For at ehhh, veien går, altså veien er tilrettelagt for at man... Og vi har jo de rettighetene fra før, altså det er på en måte en vunnet kamp. For å si det sånn. Men det skal jo startes allikevel, det skal, man må gå den veien, selv om... jeg tror det visst vi kommer i gang så er ikke veien så vanskelig som mange ville tro.

I: Ja, men tenker du...

Ali: Da tenker jeg det er veldig viktig at folk samler seg og står sammen. Eh hh, ja at man har et felles, ja at man har en felles interesse.

(...)

Ali: For at homokampen i muslimske miljø er kanskje på det stadiet, i vert fall her i Norge, er på det stadiet som kanskje homokampen i Norge var for 30 år siden.

Sjølv om det er brei semje om nytten av ei støttegruppe blant informantane, vert det også lagt vekt på at det kan vera vanskeleg for mange muslimar å delta i ei slik gruppe. Frykta for at andre muslimar skal få kjennskap til at dei er medlemmer kan føra til at homofile med muslimsk bakgrunn ikkje våger å melde seg inn i ei slik gruppe. Dei trur at det kanskje hadde vore betre med ei gruppe for innvandrarak generelt, ikkje spesielt for muslimar.

På 1990- talet organiserte homoar med innvandrarbakgrunn seg saman med ei gruppe etnisk norske i International Friendship Group (IFG). Denne gruppa hadde som målsetjing å vera ein møtestad og arena for kulturell utveksling. IFG gjekk i oppløysing etter nokon få år, og etter det har det ikkje vorte teke initiativ til å starte opp på nytt. Grunnen til oppløysinga var at medlemmane var ueinige om formålet med gruppa. Striden stod om gruppa skulle vera eit sosialt forum eller arbeide politisk for å synleggjere problemstillingar knytt til det å vera homofil med innvandrarbakgrunn i dagens samfunn. Noreg har relativt små homomiljø og innvandrargrupper, samanlikna med andre europeiske land som har klart å danne

interesseorganisasjonar for homoseksuelle innvandrarak. Dette kan vera ein av grunnane til at det er vanskeleg å organisere slike interessegrupper i Noreg (Skogseth 2001). Dette gjenspeglar synspunkta til informantane om at det kan vera vanskeleg for mange med muslimsk bakgrunn å delta i ei interessegruppe. Sidan innvandarmiljøa er små, vert dei også gjennomslktige.

6.6 Homomiljøet - ein inngangsport?

Haansbæk finn i si undersøking at det kan vera ein fordel å vera homoseksuell dersom ein gjerne vil treffa og omgå svenskar. Ein av hans intervjupersonar fortel at sidan han er homo, har han forholdsvis lett for å treffa svenskar når han går ut på bar eller disko for homofile. Denne informanten trur at dersom han ikkje hadde vore homofil, så ville han sikkert berre hatt kontakt med andre innvandrarak. "Nadeem" er inne på noko av det same. Han meiner at mange innvandrarak ikkje er villige til å verte kjent med det norske samfunnet. Eg forstår han slik at han synest at dei er mest opptatt av å vera saman med familien sin og andre innvandrarak.

Nadeem: De skal leve i en sånn egen familiekultur, kan du si.

"Nadeem" meiner at dette fører til at dei har dårleg kjennskap til kva som går føre seg i det norske samfunn.

Nadeem: Altså, de vet ikke hvor sentrum er, hvor det er diskoteker, hva skjer her, hva de leser i avisen... når det vises eh sånn "skjeiv- film" eller homsefilm på tv. Nei, de er ikke interessert i det hele tatt.

Ved å vera ein del av det etablerte homomiljøet, synest "Nadeem" at han har vorte betre kjent med det norske samfunnet og kva som skjer her enn andre innvandrarak som stort sett har omgangskrisen sin innanfor innvandarmiljøet. Dette gjeld for alle informantane mine i ulik grad. Det at alle seier at vennane deira er etnisk norske, at alle har lært seg å snakke norsk og verkar å ha god kjennskap til det som går føre seg i Noreg, er ein indikator på at dette stemmer. Det er kanskje ikkje så unaturleg at mine informantar sin bekjentskapskrets stort sett består av nordmenn, i og med at dei ikkje føler seg velkomne eller akseptert i muslimske innvandarmiljø. Sidan det er vanskeleg å ha kontakt med muslimske innvandarmiljø, søker

ein seg til andre arenaer i samfunnet for å skapa seg eit sosialt nettverk. I tillegg seier ein av informantane at han ser det som nyttig og ein tryggleik å ha kontakt med og kjenne nordmenn. Som ny i Noreg såg han det som ein styrke at han hadde norsk kjærast.

Informant: Når du er i et fremmed land, du er i Norge, og da hadde jeg veldig lyst å være sammen med en nordmann. På grunn av han kunne eh...han kunne passe på meg mye bedre enn venner som selv er fremmed i et annet land. Når det gjelder sånne norske systemer og ...det er veldig mange ting som teller.

6.7 Tilpassing

Alle informantane har på ulike vis funne fram til det etablerte homomiljøet i Noreg og det viser seg at dei nyttar seg av forskjellige arenaer av miljøet ved å delta i ulike aktivitetar som til dømes filmklubb, utestader og kulturelle tilbod. Det er fleire av informantane som synest at dei gjennom å delta i det etablerte homomiljøet får betre kjennskap til og kunnskap om det norske samfunnet. I tillegg har det å verte kjent med andre homofile i Noreg verka positivt inn på fleire måtar. Det å ha kontakt med etnisk norske har vore til hjelp for å utvikla ein konkret og positiv identitet som homofil. Dei har også fungert som ei informasjonskjelde ved at dei har fortalt om interesseorganisasjonar og kva for rettar homofile i Noreg har.

Dei negative haldningar til homoseksualitet som ein finn i den muslimsk kulturkrins har ført til at mine informantar til ei viss grad har forkasta deler av den etniske bakgrunnen sin og erstatta den med norske element. Dei har vore villige til å endra delar av den kulturelle bakgrunnen sin, slik som eg viste i forige kapittel, for å tilpasse seg delar av den norske kultur. Det verkar som om det er gjennom deltaking i homomiljøet at dei har lært mest om den norske kulturen. Grunnlaget for å hevda dette er at vennegjengen stort sett består av etnisk norske homofile.

Det at informantane held kontakten med familien i heimlandet og reiser heim på besøk, viser eit ynskje om å ta vare på deler av sin kulturelle bakgrunn. I tillegg er det fleire som fortel at dei har homofile med muslimsk bakgrunn i omgangskrinsen sin. Dette kan også vera ein indikator på at dei ynskjer å ta vare på deler av kulturen sin. På den andre sida er det ein tendens til at element ved den etniske bakgrunnen vert tona ned for å passe inn i homomiljøet. Eit eksempel på dette er "Nadeem" som ikkje fortel kvar han er frå for å sleppa unna stigmatisering.

På dette grunnlag vil eg påstå å ha funne at informantane mine ”vert lik” i visse henseende. Dette betyr med andre ord at dei vert assimilert på ulike områder av samfunnslivet, det vil seie i forhold til homomiljøet, og i forhold til ei referansegruppe i majoritetsbefolkninga, nemlig etnisk norske homofile. Assimilering i denne forstand betyr ikkje ei totalt oppgjeving av den kulturelle bakgrunnen. Kontakt med familien i heimlandet og at informantane har homofile vennar med muslimsk bakgrunn i Noreg, hjelper dei til å ta vare på delar av kulturen sin. Denne måten å tilpasse seg på opnar opp muligheita for at det over ein periode veks fram likskap i ulik grad på spesielle områder. Det er dette som ligg i ”det rehabiliterte assimileringssomgrepet”.

7 TILPASSING TIL DET NORSKE STORSAMFUNN

Som det kjem fram i dei andre kapitla, viser det seg at i og med at homoseksuelle ikkje vert råka av straffelova i Noreg og sidan den seksuelle kulturen er annleis enn i heimlanda til informantane mine, gjev det dei muligheit til å leva eit liv som homofil i Noreg. I tillegg finns det eit etablert homomiljø i Noreg som gjer det mulig for mine informantar å treffe andre homofile. Det å ha kontakt med etnisk norske eller europeiske homofile har hatt positiv innverknad fordi dei på denne måten har fått muligheita til å utvikla ein konkret og positiv identitet som homofil. Samtidig har det å delta i ulike aktivitetar og på ulike arenaer av homomiljøet ført til større kjennskap til og kunnskap om det norske samfunn. Lite kontakt med sitt eige innvandarmiljø, som er fordømande og ikkje aksepterer homoseksualitet, har auka muligheitene til å føra ein homofil livsstil.

Eg vil anta at dei liberale og aksepterande haldningane til homoseksualitet som har vakse fram dei siste 30 åra i Noreg på grunn av til dømes homokampen og synleggjering av homofile, verkar positivt inn på livssituasjonen til informantane. Men sjølv om haldningane har vorte meir positive eksisterer det framleis ein utbreidd homofobi i den norske befolkninga. Eit fersk døme på dette er at ein lokalforeining under LLH vart nekta å leie kontor- og møtelokale i Drammen. Grunngevinga som representanten frå LLH fekk frå utleigar var at han: ”ikke ville leie ut til oss fordi han syntes det var ekkelt, og at et familiemedlem tidligere var blitt antastet av en homofil. Han hadde ingen fordommer mot homofile, men mente det ville skape et uholdbart miljø dersom vi flyttet inn” (Drammens Tidende 15.07 2003). På dette grunnlag vil eg anta at negative haldningar i det norske storsamfunnet kan verka begrensande på mine informantar i forhold til det å føra ein homofil livsstil. Korleis verkar haldningane til homoseksualitet inn på livssituasjonen til informantane?

Fyrst i dette kapitlet vil eg kort sei noko om motivasjonen for å komme til Noreg, for deretter å koma inn på kva måte og i kor stor grad informantane sjølv synest at livssituasjonen deira har endra seg etter at dei kom til Noreg. Kva for muligheiter og begrensingar opplever dei at det å bu i Noreg har gjeve dei i forhold til det å kunne leva som homofile?

7.1 Motivasjonen for å komme til Noreg

Det er ingen av dei eg har snakka med som har oppgitt at dei har flytta til Noreg fordi dei vart forfølgd på grunn av sin seksuelle orientering i heimlandet, og det er ingen som har fått asyl på grunnlag av seksuell orientering. Informantane oppgjev ulike grunnar til kvifor dei har komme hit. To av informantane kom til Noreg fordi dei hadde mannlege kjærestar som budde her. Den eine informanten sin fyrste kjæraste var også frå eit muslimsk land, men han hadde budd i Noreg i mange år før dei traff kvarandre. Dei vart kjent med kvarandre og innleia eit forhold i eit muslimsk land. Dei var kjærestar der i nokre år før dei flytta til Noreg saman.

Den andre informanten trefte ein mann, som han vart kjærast med, under eit opphald i eit skandinavisk land. Hovudgrunnen til at han reiste utenlands var ikkje det at han var homofil, men fordi han fekk eit arbeidstilbod. Han hadde ein mistanke om at han var homofil før han reiste og han innrømmer at han tenkte at han kanskje kom til å møte nokon medan han var der.

Informant: Og for å vera ærlig, da jeg reiste utenlands hadde jeg på følelsen at jeg kanskje kom til å møte noen mens jeg var der (...) Så du kan kanskje si at det på en måte var planlagt. (Latter) Så klart hadde jeg det i tankene, men arbeidstilbudet kom først, så kom planen etterpå.

Etter utenlandsopphaldet reiste informanten tilbake til heimlandet sitt, men fortsette å ha kontakt med kjærasten som ville flytte etter til heimland hans. Men informanten sjølv såg ingen framtid for dei to der. I hans heimland kan ein risikera fengselsstraff for å praktisera homofili. Slik svarer han når eg spør om han kunne budd saman med ein mann i heimlandet sitt:

Informant: Nei. Det er... jeg vet ikkje om jeg hadde vært i stand til å gjøre det. Fordi, vel, jeg ble kjent med kjæresten min under utenlandsoppholdet mitt. Og planen var... han ville flytte til X, men problemet er...fordi jeg tror ikke at jeg kunne ha gjort det. På grunn av jobben min, og jeg tror ikke at jeg hadde taklet det. Jeg vet ikkje hvordan folk hadde reagert. Og det ville ha blitt veldig, veldig vanskelig. Så da tok vi en avgjørelse på at jeg skulle flytte hit. (Ler litt). Så det er grunnen til at jeg flyttet hit, fordi jeg ville ikke... jeg tror ikke at jeg ville være i stand til å leve der sammen med en annen mann...

(...)

Informant: Ja, fordi du vil jo leve som en homofil, det er grunnen til at jeg flyttet.

”Farrokh” kom til Noreg saman med familien sin. Familien forlot heimlandet på grunn av situasjonen i landet. På grunn av sosiale urolegheiter såg dei ikkje for seg ei framtid der. ”Farrokh” hadde ein drøm om at når han kom til Europa så skulle alt verte anleis. I

motsetning til forteljinga til informanten over tenkte "Farrokh" at når han kom til Noreg skulle han verte "normal". Han skulle begynne på nytt, få jentekjærast, gifte seg og stifte familie. Han kom dermed ikkje til Noreg på grunn av at han var homofil. Men som det har kome fram i dei tidligare kapitla har det å komme til Noreg opna opp muligheita til å erkjenne den seksuelle orienteringa og leva som homofil.

7.2 Oppleving av muligheiter og begrensingar

Til tross for at det ikkje er noko som seier at den seksuelle orienteringa var årsaka til at dei kom til Noreg, er det fleire av informantane som seier at livet deira har forandra seg mykje etter at dei kom hit. For det fyrste har dei fleste informantane erkjent og godtatt, eller med andre ord gått gjennom ein komme ut prosess etter at dei kom hit. Sjølv om det var nokre av dei som hadde ein mistanke om at dei var homofile før dei kom til Noreg, var det fyrst i møte med den norske seksuelle kulturen at dei vart bevisst sine homoseksuelle kjensler. Dette har for det andre ført til at dei har overtatt ei vesteuropeisk forståing av homoseksualitet, det vil seia å forstå homofili som ein identitet, i motsetning til i den muslimske kulturkrins, der homoseksualitet i stor grad vert forstått ut frå eit handlingsperspektiv.

Årsaka til at fleirtalet av informantane mine meiner at livet har forandra seg er at dei i Noreg har fått muligheita til å ha ein homofil livsstil. Når dei samanliknar korleis livet er i dag med omsyn til det å vera homofil, med korleis det var då dei enno budde i heimlandet, og/eller korleis det kunne vore dersom dei enno hadde budd i heimlandet, seier dei at det er lettare å vera homse her og at dei føler at dei har større fridom. I tillegg er det fleire som synest at dei har fått ein tryggare tilværelse med større valmuligheiter. Det er fleire som fortel at dei nok sikkert kunne hatt seksuelle forhold til menn i heimlandet, men det måtte føregått i det skjulte og med ein viss risiko. Nokre av informantane fortel at dei kunne ha budd for seg sjølv, utan å vera gift. Dei kunne til og med budd saman med ein mann, men det måtte ha vore tilsynelatande som to kameratar, ikkje som kjærastar. I slike tilfeller måtte dei ha levd med forventningane frå omgivnaden om at ein bør gifta seg og stifte familie. For andre hadde det latt seg gjere å ha seksuelle forhold til andre menn dersom dei sosiale forventningane om å vera gift og ha barn var oppfylt. I slike tilfelle kan diskre seksuelle forbindelsar med andre menn sjåast på mellom fingrane. Dette vil sei at det hadde vore mulig å ha seksuelle forhold til andre menn i heimlandet, men det er ikkje slik mine informantar ynskjer å leva liva sine.

Dei ynskjer å ha ein homofil livsstil, det vil sei vera kjæraste med og eventuelt bu saman med ein anna mann. "Ali" er inne på dette.

I: Føler du at du har fått større valgmuligheter etter at du flytta til Norge? I forhold til å leve et liv som homofil?

Ali: Ja, ja, ja. Herre Gud, ja absolutt.

I: Mye lettare?

Ali: Ja, altså visst jeg var i hjemlandet mitt, så...

I: Kunne du levd som ein homofil der?

Ali: Jeg kunne heilt sikkert ha hatt sex med menn, men jeg tror aldri jeg kunne hatt et forhold. I så fall så...vet jeg ikke hvordan det hadde gått. Så visst jeg hadde truffet en mann, og vi var blitt forelsket i hverandre, og bestemte oss for å leve sammen, det kan jo forekomme, altså sånn teoretisk. Men jeg vet ikke, jeg vet ikke om man ville ha gjort det, om man ville ha tatt den sjansen.

I: Nei.

Ali: Ehh, for at man kunne bodd i en leilighet som to kamerater.

"Hassan" flytta til Noreg slik at han kunne få muligheita til å leva saman med ein annan mann. Han synest at livet har endra seg mykje etter at han flytta til Noreg. Det er 3-4 år sidan han erkjente og godtok at han var homofil. I dag bur "Hassan" saman med ein anna mann. Dei har inngått partnerskap, det kunne dei ikkje gjort i heimlandet hans.

I: Men har livet ditt endra seg på noen måte etter at du flytta frå heimlandet ditt til Noreg?

Hassan: Ja, på den måten at... så klart, nå bor jeg sammen med, vi er partnere. Så nå, ja det har endret seg på den måten at nå kan du være, du kan elske noen, du... fordi det er fint å bli elsket og å elske noen.

Det er fleire av informantane som også har opplevd at det å bu i Noreg har endra livssituasjonen deira. "Hashim" trur ikkje at livet ville vore det same dersom han framleis hadde budd i heimlandet sitt. Der kunne han ikkje ha levd opent som homofil fordi han må respektere familien. Han trur det ville vorte spredd rykter om han fordi han ikkje hadde komme til å oppfylt dei sosiale forventingane og levd slik ein tradisjonelt lever i det landet han kjem frå, som til dømes å gifte seg og få barn. Han hadde komme til å levd aleine eller eventuelt saman med ein mann i eige husvære. Men for ikkje å lage problem for familien sin, som framleis bur i heimlandet, ville han ikkje ha levd som homofil der.

Dei informantane som seier at dei kunne budd saman med andre menn dersom dei hadde utgitt seg for å vera kameratar, har vokse opp i og budde i større byar. På landsbygda hadde dette ikkje vorte tolerert. Det at homoseksualitet vert meir tolerert i urbane strøk finn ein også tendensar til i Noreg.

Dette viser at det for nokon av informantane hadde vore mulig å ”vera homofil” i heimlanda. Men som eg var inne på ovanfor kunne dei ikkje hatt ein homofil livsstil, noko som igjen ville ført til at det hadde vore problematisk å utvikla ein konkret og positiv identitet som homofil. Dette viser at det å bu i det norske storsamfunn har gitt mine informantar muligheita til å leva eit liv som homofil. ”Mohammed” synest at han har fått større fridom etter at han kom til Noreg.

I: Så synest du at din livssituasjon har forandra seg etter at du flytta frå X?

Mohammed: Ja da, ja, det er egentlig stor forskjell.

I: Synest du at du har fleire valgmoglegheiter for korleis du kan leve livet ditt?

Mohammed: Ja, jeg kan velge sjølv nå hva jeg vil og jeg kan...

I: Du kan egentlig velge sjølv om du vil vera åpen eller ikkje.

Mohammed: Ja, og visst det begynner en sånn diskusjon om homofili, så kommer jeg ikke til å være redd kanskje. Så, men det kan hende for eksempel med sånne religiøse muslimer... så kommer jeg ikke til å snakke med dem om dette. Men, når man har den friheten som det, man føler seg helt fri, ikke sant.

I: Er du tilfreds med situasjonen og de mulighetene du har her?

Mohammed: Visst jeg skal sammenligne den med det jeg kunne få i X?

I: Ja, for eksempel.

Mohammed: Da er den ganske bra. Det er veldig lett for meg å bli kjent med folk, lett ja å finne venner som tenker sånn som meg, og ja, det er mye bedre egentlig.

7.2.1 Konsekvensar av dei negative haldningane

Som eg viste i kapittel 5 verka dei negative haldningane i innvandramiljøa begrensande på informantane sin livsutfolding. Men det er ikkje berre i muslimske innvandramiljø at ein finn negative haldningar til homoseksualitet. Sjølv om Noreg i større grad enn opphavslanda til informantane er akseptierende og liberale i forhold til homoseksualitet, er den norske befolkninga ikkje fri for negative haldningar og fordommar.

”Hussein” seier at sjølv om ein i Noreg i mange år har diskutert homofili, homofile har kunna levd opent og det finnes mykje informasjon om homoseksualitet som er lett tilgjengeleg, så er det framleis mange nordmenn som synest at det er vanskeleg å stå fram som open homofil.

Hussein: (...) det er mye lettere her å tenke at jeg skal være helt åpen. Det er mye lettere egentlig enn kanskje(...) Men jeg ser kanskje litt sånn problem i samfunnet, men det gjelder egentlig for alle her.

Han meiner at det ikkje berre er i hans heimland at det er problem å vera homofil. Men den store forskjellen er at i hans heimland risikerer ein fengselsstraff viss ein praktiserer homofili.

Dette vil sei at negative haldningar til homoseksualitet i den norske befolkninga verkar begrensande på same måte som dei negative haldningane ein finn blant muslimar i Noreg. For ”Hussein” er det problematisk å ha kontakt med personar som er negative til hans seksuelle orientering, uavhengig av om det er nordmenn eller andre muslimar, fordi det medfører at han ikkje kan vera så open som han sjølv ynskjer.

Hussein: Ja, visst jeg skal si, jeg kan egentlig ikke føle meg fri når jeg skal være nære de(andre muslimer), ikke sant. Så det er kanskje en grunn til at jeg ikke liker å ha så mye kontakt med dem. Det kan være en grunn til dette her, for at jeg vil ikke ehh, jeg vil egentlig være mer åpen, være meg selv med de jeg kjenner. Det spiller ingen rolle om det er innvandrere eller nordmenn. Så er det nordmenn, visst jeg synest at jeg ikke kan være helt fri og prate med dem, ehh da kan det være vanskelig for meg å ha kontakt med dem også. Ikke sant, det spiller ingen rolle om det er innvandrere eller ikke. Det kan være sånn at, ja en av innvandrerne kan forstå meg og det kan kanskje være lett å ta kontakt. Det er ikke noe problem.

Dette er eit døme på at det til tross for at dei fleste synest at livet har endra seg til det betre og at det å bu i det norske samfunn har gjeve dei muligheita til å leva som homofile, møter dei også her på begrensingar. Nordmenns negative haldningar og fordommar i forhold til homoseksualitet verkar begrensande for mange av informantane. Det er fleire som er inne på at negative haldningar i den norske befolkning fører til at også mange etnisk norske homofile lever skjult. ”Saleem” fortel at han har snakka med homofile som kjem frå Nord- Noreg som ikkje tør ”å komme ut av skapet.” ”Nadeem” er også inne på at mange etnisk norske homofile lever skjult på grunn av heterofile sine fordommar. Han har observert at det til dømes på mange offentlige toalett er skrive negative ting om homofile på veggane. Nova- rapporten viser til at det framleis er mange homofile som skjuler den seksuelle orienteringa si fordi dei er engstelege for omgivnaden sine reaksjonar. Til dømes er det mange etnisk norske som vel å forbli i skapet i arbeids- og studiesamanhengar fordi dei er redd for reaksjonane dei kan møte der. Dei vel å leva skjult fordi ein på den måten ”utsetter seg ganske enkelt ikke for risikoen for å bli diskriminert” (Hegna et al 1999:54). Når etnisk norske homofile opplever at det er vanskeleg å leva opent på grunn av fordommar og homofobi, er det ikkje vanskeleg å forstå at homofile med innvandrarbakgrunn skjuler sin seksuelle orientering overfor heterofile nordmenn.

7.2.2 Segregert livsstil?

Fleire av informantane seier at dei ikkje har fortalt til arbeidskollegaer og studievennar at dei er homofile fordi dei ikkje er sikre på kva for reaksjonar dei vil møte. Sidan "Rahim" er relativt ny i landet har han ikkje så stort nettverk, og vil ikkje setja det på spel ved å fortelje om sin seksuelle orientering.

Rahim: Vel, jeg føler meg ikke helt komfortabel med å fortelle det til andre, fordi jeg vet ikke hvordan folk vil reagere. Og jeg er ikke klar for det ennå, fordi for det første så har jeg ikke et særlig stort kontaktnett i Norge, og jeg vet ikke om jeg vil sette det på spill ved å fortelle det til dem.

Det at ein er engsteleg for å fortelje om sin seksuelle orientering i til dømes jobb eller studiesamanheng er ikkje spesielt for homofile med innvandrarbakgrunn. Funna i NOVA-rapporten (1999) som eg viste til ovanfor bekreftar dette. Ein konsekvens av å ikkje fortelje om sin seksuelle orientering i jobb- og studiesamanheng er at ein får ein segregert livsstil. Det vil seie at ein ikkje blandar den heterofile og homofile omgangskrinsen sin (Haansbæk 2002). I mitt datamateriale er det variasjon med omsyn til i kva grad informantane er opne i jobb- og studiesamanheng. Som sitatet over viser er ikkje "Rahim" open overfor så mange av sine medstudentar. "Nadeem" på den andre sida seier at dei fleste på jobben hans veit at han er homofil. Han har aldri opplevt noko form for mobbing av den grunn, kun litt fleiping. Det varierer også med omsyn til om ein blandar den heterofile og homofile omgangskrinsen sin. "Rashid" blandar sine homofile og heterofile vennar. Han har mange heterofile vennar som har positive haldningar til homoseksualitet og dei går til dømes saman på London Pub. Dette viser at det er variasjon i datamaterialet, men dei fleste informantane fortel at venneflokket stort sett består av andre homofile. Som eg var inne på i forrige kapittel var fleirtalet av desse etnisk norske.

Eit kjenneteikn for dei som blandar det sosiale nettverket er at dei har budd mange år i Noreg. Denne tendensen stemmer overeins med funn i Haansbæk sin studie. "En del tyder på att ju längre homosexuella invandrare har bott i Sverige, desto mer består det sociala nätverket av både svenskar och invandrare samt homosexuella och heterosexuella" (Haansbæk 2002:82). I datamaterialet mitt er "Farrokh" eit døme på dette. I tillegg til å ha etnisk norske homofile og heterofile i omgangskrinsen sin, har han som tidlegare vist også byrja å ha kontakt med andre muslimar. Dette sitatet frå "Rahim" byggjer oppunder denne tendensen.

Rahim: Ja så klart, jeg mener, i det lange løp så er jeg sikker på, selv om du glemmer det under en sten eller hva det skulle være, i bankboksen, i det lange løp, så kan du gjemme det så langt unna du vil. Så til den tid, jeg mener, nettverket ditt blir sterkere og du etablerer deg, og... Akkurat nå, fordi jeg fortsatt er ny i Norge og jeg vet ikke helt hvordan ting fungerer ennå og...

I: Ja. Men visst du hadde budd her i ein lenger periode enn du har gjort til no. Du har berre vore her noen få år?

Rahim: Ja.

I: Ehh, trur du at du ville ha vore open då?

Rahim: Jeg tror det.

I: Så, trur du at om noen år, i framtida, at du vil vera meir open?

Rahim: Jeg beveger meg i det minste i den retningen.

7.3 Tilpassing

Det viser seg at livssituasjonen til informantane har forbetra seg etter at dei flytta til Noreg. Ein av grunnane til dette er at dei synest at dei har fått større valfridom og auka kjensle av tryggleik. På den andre sida viser det seg at dei vert begrensa i sin livsutfalding på grunn av fordommar og homofobi i den norske befolkninga. Men dei negativ haldningane dei møter på i forhold til den norske befolkning er ikkje av same art som den dei møtte i heimlandet eller i muslimske innvandarmiljø.

Skogseth hevdar at det er ein tendens til at homofile med innvandrarbakgrunn som identifiserar seg sjølv som homofile kontra dei som ser homoseksualitet ut frå eit handlingsaspekt, er relativt godt integrert i det norske samfunnet. Til dels betre enn heterofilt identifiserte med ellers samanliknbar kulturell bakgrunn. For han kan det sjå ut som om at ein integrert homse av kurdisk opphav vil omgås relativt fleire nordmenn på grunn av sin tilknytning til ulike homomiljø, medan ein integrert kurdisk heterofil mann vil ha ein omgangskrins som stort sett består av slekt og vennar med felles etnisk bakgrunn (Skogseth 2001). Spørsmål som er relevant å stilla seg i denne samanheng er for det fyrste i kor stor grad deltaking på ulike arenaer av homomiljøet for mine informantar kan vera ein inngangsport til deltaking i det norske storsamfunnet? For det andre om det å vera tilknytt dette miljøet på sikt kan føra til integrasjon i det norske samfunn.

Funna i kapittelet om tilpassing i forhold til homomiljøet kan indikera at Skogseth sin påstand også gjeld for mine informantar. Her viste det seg at mine informantar har flest homofile vennar som dei har vorte kjent med i ulike homomiljø. Flesteparten av dei er etnisk norske. Desse vennane kan ha virka som ”faddarar” som har introduserer informantane for resten av samfunnet. Eit døme på dette er at informantane er engasjert i og opptatt av

homosaka i Noreg, noko som viser at dei har kjennskap til og kunnskap om det som går føres seg i det norske samfunnet. Det å delta på ulike arenaer i det etablerte homomiljøet viser seg dermed å verka positivt inn på den måten at det sosiale kontaktnettet vert større og ein får betre kjennskap til samfunnet. Dette kan på sikt føra til betre integrasjon i det norske samfunnet. På den andre sida kan det at omgangskrinsen for mange av informantane stort sett består av homofile føra til ein segregert livsstil. Faren med ein segregert livsstil er at når ein berre omgås andre homofile og kun deltar i homomiljøa, vil det svekke deltaking og integrasjon i det norske storsamfunnet. Funn som talar imot ein slik trend i datamaterialet mitt er at mange av informantane rapporterer om at dei har danna seg eit kontaktnett gjennom arbeid og studiar. Det er ikkje alle som er opne i desse samanhengane, men det er ein tendens til at når ein har budd i Noreg over ein lengre periode og dermed har danna seg eit større sosialt nettverk, så er sannsynlegheita for å verte meir open stor.

Eg vil på grunnlag av dei funna eg har presentert påstå at mine informantar, i større grad enn innvandrarbefolkninga generelt, tilpassar seg det norske samfunn ved å verte integrert. Sidan dei ikkje føler seg velkomne i muslimske innvandarmiljø, nyttar dei andre arenaer for å skaffe seg eit sosialt nettverk. Den arenaen som er mest brukt er homomiljøet. Det å vera tilknytt dette miljøet har for dei fleste ført til at dei har vorte betre kjent i samfunnet. Det er ein sterk tendens til at dei har vore villige til å tilpassa seg samtida og endra på delar av kulturen sin for å passe inn i samfunnet. Mitt datamaterialet kan derfor seiast å vera eit døme på ei innvandrargruppe som faktisk har funne seg til rette i samfunnet.

8 AVSLUTTING

Med denne oppgåva ynskte eg å belysa seks homofile innvandrarak med muslimsk bakgrunn sin livssituasjon i Noreg. Eg har sett på korleis dei tilpassar seg på tre arenaer, muslimske innvandrarmiljø, det etablerte homomiljøet og det norske storsamfunn. Vidare har eg sett på korleis dei ulike tilpassingsformene i det norske samfunn har gitt informantane muligheiter og begrensingar i forhold til det å leva eit liv som homofil.

8.1 Muligheiter og begrensingar

For fem av seks har det å flytta til Noreg i seg sjølv ført til at dei har fått muligheita til å leva eit liv som homofil. Hovudgrunnen til dette er at Noreg, til samanlikning med dei samfunna dei er født og oppvaksne i, har meir liberale og akseptierende haldningar til homoseksualitet. I tillegg vert ikkje homoseksuelle råka av straffelova. I nokre av samfunna som informantane kjem frå kan ein risikera fengselsstraff, og i verste fall dødsstraff, for å praktisera homoseksualitet.

Empirien viser at informantane opplever at dei har ulike muligheiter og begrensingar på dei tre arenaene. Dette stemmer overeins med den overordna hypotesen som eg presenterte i innleiingskapittelet. Det å ha nær tilknytning til innvandrarmiljøa vil begrensa den homofile med omsyn til å leva opent som homofil. Derfor viser det seg at mine informantar nyttar separasjon som tilpassingsform på denne arenaen.

Det å aktivt delta i det etablerte homomiljøet har opna opp muligheita for å leva som homofil. Fleirtalet av informantane har utvikla ein positiv og konkret identitet som homofil etter at dei kom til Noreg og vart kjent med etnisk norske homofile. I tillegg har det å vera tilknytt ulike homomiljø ført til at dei har fått større kjennskap til og kunnskap om det norske samfunnet. Det viser seg at for mange har møtet med homomiljøet og andre homofile ført til at dei har tatt opp ei vestleg forståing av homoseksualitet og samtlige har i dag ein homofil livsstil, noko som tyder på at dei har tilpassa seg gjennom å verta assimilert på denne arenaen. Dette er eit døme på kva som ligg i det rehabiliterte assimileringssomgrepet. Informantane har ”vorte lik” på eit område av samfunnslivet og i forhold til ei referansegruppe i majoritetsbefolkninga.

Mine funn indikerer at informantane, i større grad enn innvandrarbefolkninga generelt, vert integrert i det norske samfunnet. Grunnen til at eg vil hevda dette er at sidan homofile med muslimsk bakgrunn ikkje føler seg velkommen i muslimsk innvandramiljø, på grunn av dei negative haldningane og fordommane, bruker dei andre arenaer for å skaffe seg eit sosialt nettverk. Det ser ut som, ut frå mitt datamaterialet, at det er det etablerte homomiljøet som er den mest nytta arenaen. Det å ha norske vennar kan blant anna hjelpe informantane med å lære norsk og verte kjent i samfunnet, noko som igjen kan føra til lettare tilgang til og større deltaking i det norske samfunnet.

Desse funna viser at deltaking på ein eller fleire arenaer vil begrensa deltaking på andre. Dersom personen er sterkt tilknytt innvandramiljøet, vil det begrensa han i forhold til det å kunne leva som open homofil. På den andre sida vil det å ha ein homofil livsstil og delta aktivt i det etablerte homomiljøet begrensa deltakinga i muslimske innvandramiljø.

8.2 Tilpassing

Ved å sjå på korleis informantane tilpassar seg, har det vist seg at dei i stor grad vel utradisjonelt samanlikna med innvandrarbefolkninga generelt. Som ein av informantane mine var inne på, er det ofte slik at innvandrara sin omgangskring i stor grad består av andre landsmenn. Dette kan føra til at det til dømes vert vanskelegare å lære seg norsk, noko som igjen kan føra til lite kunnskap om kva som skjer i det norske samfunn og korleis det fungerer, og dermed også mindre deltaking i samfunnet.

Mine informantar er eit døme på ei gruppe innvandrara som har klart å finne seg til rette i samfunnet. Det har dei gjort ved at dei over tid har tilpassa seg det norske samfunnet langs ulike dimensjonar. Slik tilpassing viser korleis assimilering kan vera nyttig når det vert forstått som ein prosess med ulike grader av assimilering, og ikkje som eit spørsmål om enten eller. Å forstå assimilering på denne måten, det vil sei at innvandraren vert lik på nokre områder og i forhold til ulike grupper av majoritetsbefolkninga, opnar opp for at det over tid kan vekse fram likskap. Ei slik rehabilitert forståing av assimilering står i sterk kontrast til den tradisjonelle forståinga som inneber at individet totalt skal gje avkall på kulturen sin for å tilpassa seg det nye samfunnet på majoritetsbefolkninga sine premisser. Mitt datamaterialet viser at dei tradisjonelle omgrepa innanfor integrasjonsfeltet må nyanseras og anvendast på nye måtar, og at det derfor er behov for nytenking innanfor dette feltet.

8.3 Muslimsk bakgrunn

Alle respondentane har vakse opp i og gått gjennom ein sosialiseringssprosess i eit muslimsk samfunn. Islam har på denne måten vorte ein del av den kulturelle arven. Det er fleire av informantane som fortel at dei har opplevd at deira seksuelle orientering har kome i konflikt med den religiøse trua deira. Det er varierende korleis dei løyser denne konflikten. Til dømes har den for to av informantane ført til at dei har brote med religionen, medan ein seier at han har kome til det standpunkt at han kan kombinera den seksuelle orienteringa med den religiøse trua. Dette standpunktet kom han fram til etter ein lang prosess. Det at den religiøse trua og religionen sitt syn på homoseksualitet fører til konflikt og gjer livssituasjonen vanskeleg er ikkje unikt eller spesielt for muslimar. Både til dømes kristne og katolske homofile opplever også at det er problematisk å kombinera den religiøse trua si og den seksuelle orienteringa, og det er mange som opplever å verte frøse ut av menigheiter eller ikkje verte akseptert (Haansbæk 2002).

Fordømming av og negative haldningar til homofile med muslimsk bakgrunn treng ikkje nødvendigvis å vera religiøst motivert. I mitt datamateriale er "Hussein" eit eksempel på dette. Hans familie er ikkje spesielt religiøse og religionen har ikkje hatt ein sentral plass i hans oppvekst. Likevel har "Hussein" hatt problem med å akseptera seg sjølv som homofil og han kan ikkje fortelje til sin familie at han er homofil fordi han trur det vil øydeleggje forholdet til familien. Dette indikerer at tradisjon og kultur spelar ei vesentleg rolle i forhold til muslimar sine haldningar til homoseksualitet.

Blant tradisjonen sine uskrivne reglar er verdinormene knytt til ære og skam mest utbreidd. Verdinormene kan seiast å vera knytt til sosial status, både i familien og i samfunnet generelt. For å oppnå sosial status må individet leva opp til visse samfunnsmessige ideal, til dømes å gifte seg og få barn. Homofile som vel å ha ein homofil livsstil, noko som blant anna vil innebera å vera kjæraste med og eventuelt bu saman med ein person av same kjønn, bryt med desse verdinormene. Å føra ein homofil livsstil vil dermed medføra at ein i det offentlege rom handlar på tvers av den forventade rolla, og dermed bryt ein med konformiteten og avviker frå normative standardar (Murray 1997). På bakgrunn av dette er det rimelig grunn til å anta at ekteskapet sin betydning i ein muslimsk kontekst bør betraktast som ein viktig forklaringsfaktor i forhold til haldningane til homoseksualitet.

8.4 Vidare forskning

Mitt datamateriale er basert på intervju med seks homofile med muslimsk bakgrunn som er relativt opne om sin seksuelle orientering. Eg kan berre sei noko om korleis mine informantar opplever det å bu i Noreg og korleis dei tilpassar seg. Alle informantane unntatt ein har opphavsfamilien sin buande i heimlandet. Dette fører kanskje til at tilknytninga til innvandarmiljøa vert svakare enn det som er tilfellet for personar som har familien sin buande her. Når familien bur i eit anna land og ein treffes sjeldan, er det stor sannsynlegheit for at ein i større grad unngår konflikt i forhold til familie enn om ein hadde budd saman med familien her i Noreg. Eg vil anta at bilete ser annleis ut for homofile som lever saman med familien sin i Noreg. Har desse personane andre vilkår for å tilpassa seg enn mine informantar? Dette er eit spørsmål det hadde vore interessant å utforska i seinare studiar.

Eg har i denne studien berre intervjuja homofile, dermed har eg ikkje fått eit innblikk i kva haldningar heterofile muslimar i Noreg har til homoseksualitet. Dette er også eit tema det hadde vore interessant å ta opp i seinare studiar. Stemmer heterofile sine haldningar til homoseksualitet overeins med det mediaskapte biletet?

LITTERATURLISTE

Aftenposten, morgen, 11.02 2001, s. 23: ”Absolutt forbudt”.

Aftenposten 14.06 2003: ”Flest barn fødes utenfor ekteskap”.

URL: <http://www.aftenposten.no/nyheter/iriks/article.jhtml?articleID=563853>[lesedato:14.06 2003]

Al- Fathiha. About us. URL: <http://www.al-fatiha.net/about.html#ms> [lesedato 13.02 2003]

Bech, Henning (1987): *Når mænd mødes. Homoseksualiteten og de homoseksuelle*. Viborg: Nørhaven A/S.

Berger, Peter L. og Thomas Luckmann. 2000: *Den samfunnsskapte virkelighet*. Bergen: Fagbokforlaget AS,.

Berry, John W, Ype H. Poortinga, Marshall H. Segall og Pierre R. Dasen (1992): *Cross-cultural psychology: Research and applications*. Cambridge: Cambridge University Press.

Bilgiç, Sükrü (2000): *Integrering. Fra teori til praksis*. Oslo: Kulturbro Forlag.

Bouhdiba, Abdelwahab (1985): *Sexuality in Islam*. London: Routledge & Kegan Paul plc.

Brochmann, Grete (1996): *European Integration and Immigration from Third Countries*. Oslo: Scandinavian University Press (Universitetsforlaget AS).

Brochmann, Grete (2002): ”Velferdstat, integrasjon og majoritetens legitimitet” i Grete Brochmann, Tordis Brochgrevink og Jon Rogstad: *Sand i maskineriet. Makt og demokrati i det flerkulturelle Norge*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Brochmann, Grete (2003): *Integrasjon vs assimilasjon*. Upublisert notat.

Brubaker, Rogers (2003): ”The Return of Assimilation? Changing Perspectives on Immigration and its Sequels in France, Germany, and the United States” i Christian Joppke og Ewa Morawska: *Toward Assimilation and Citizenship in Liberal Nation- States*. New York: Palgrave macmillan.

Drammens Tidende 15.07 2003. ”Homofile ble nektet å leie.”

URL:<http://www.dt.no/apps/pbcs.dll/artikkel?AID=/20030716/NYHET/107160128/1012>
[lesedato 04.08 2003]

Duran, Khalid (1993): ”Homosexuality and Islam” i Arlene Swidler (red): *Homosexuality and World Religions*. Harrisburg, Pa: Trinity Press International.

Eppink, Andreas (1992): “Maroccan Boys and Sex” i Arno Schmitt and Jehoeda Sofer: *Sexuality and Eroticism Among Males in Moslem Societies*. New York, London, Norwood (Australia): Harrington Park Press. An imprint of The Haworth Press, Inc.

- Fentress, James og Chris Wickham (1992): *Social memory. New perspectives on the past*. Oxford UK & Cambridge USA: Blackwell.
- Foucault, Michel (1995): *Seksualitetens historie I. Viljen til viten*. Gjøvik: Gjøvik Trykkeri AS.
- Giddens, Anthony (2000): *Intimitetens forandring. Seksualitet, kjærlighet og erotikk i det moderne samfunn*. København: Hans Reitzels Forlag.
- Gullestad, Marianne (1996): "Modernity, Self, and Childhood in the Analysis of Life Stories" i Marianne Gullestad (red): *Imagined Childhoods. Self and Society in Autobiographical Accounts*. Oslo: Scandinavian University Press.
- Hegna, Kristinn, Hans W. Kristiansen og Bera Ulstein Moseng (1999): *Levekår og livskvalitet blant lesbiske kvinner og homofile menn*. NOVA Rapport 1/ 1999. Oslo: Norsk Institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring.
- Haansbæk, Thomas (2002): *...som en kamel med två pucker. Om homosexuella innvandrare i Sverige*. Kristianstad: Kristianstads Boktryckeri AB.
- Kaya, Mehmed (1999): *Muslimske innvandreres tilpassingsmåter i det norske samfunn*. Dr. polit.-avhandling, Institutt for sosiologi og statsvitenskap. Fakultet for samfunnsvitenskap og teknologiledelse. Norges teknisk- naturvitenskaplige universitet, NTNU.
- Khader, Naser (2002): *Ære og skam. Det islamske familie- og livsmønster i Danmark og Mellomøsten*. København: Borgen Forlag
- Kvale, Steinar (2001): *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Murrey, Stephan (1997): "The Will Not to Know: Islamic Accommodations of Male Homosexuality" i Stephan O. Murrey and Will Roscoe: *Islamic Homosexualities. Culture, History and Literature*. New York and London: New York University Press.
- Månsson, Sven-Axel (1993): *Cultural Conflict and the Swedish Sexual Myth. The male Immigrant's Encounter with Swedish Sexual and Cohabitation Culture*. Westport, Connecticut. London: Greenwood Press.
- NESH (1999): *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, jus og humaniora: vedtatt av Den nasjonale forskningsetiske komitè for samfunnsvitenskap og humaniora 15 februar 1999*. NESHpublikasjon. Oslo: Komitèen, 1999.
- Nissen, Nils Axel (2001): *homo/ hetero*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Roscoe, Will (1997): "Precursors of Islamic Male Homosexualities" i Stephan O. Murrey and Will Roscoe: *Islamic Homosexualities. Culture, History and Literature*. New York and London: New York University Press.
- Roscoe, Will og Stephen O. Murray (1997): "Introduction" i Stephan O. Murrey and Will

Roscoe: *Islamic Homosexualities. Culture, History and Literature*. New York and London: New York University Press.

Schild, Maarten (1992): "Islam" i Arno Schmitt and Jehoeda Sofer (red): *Sexuality and Eroticism Among Males in Moslem Societies*. New York, London, Norwood (Australia): Harrington Park Press. An inprint of The Haworth Press, Inc.

Schmitt, Arno (1992): "Different Approaches to Male- Male Sexuality/ Eroticism from Morocco to Usbekistan" i Arno Schmitt and Jehoeda Sofer (red): *Sexuality and Eroticism Among Males in Moslem Societies*. New York, London, Norwood (Australia): Harrington Park Press. An inprint of The Haworth Press, Inc.

Skivik, Hans Morten, Marna Arna Eide og Karin Dammen Nikolaisen (2003): *Homofil ungdom med innvandrerbakgrunn. En forstudie til dokumentarfilm*. Oslo: e-dit.

Skogseth, Geir (2001): "Minoritet i annen potens. Homo i innvandremiljøer- innvandrere i homomiljøer" i Marianne C. Brantsæter, Turid Eikvam, Reidar Kjær og Knut Olav Åmås (red.): *Norsk homoforskning*. Oslo: Universitetsforlaget.

Skogseth, Geir (2002): "Homofile innvandrere" Kronikk i Dagbladet 13.09 2002.
URL:<http://www.gaysir.no/artikkel.cfm?CID=8012>[lesedato 28.09 2002]

Stang Dahl, Tove (1992): *Den muslimske familie. En undersøkelse av kvinners rett i Islam*. Oslo: Universitetsforlaget.

Stortingsmelding nr. 25 (2000- 2001) *Levekår og livskvalitet for lesbiske og homofile i Norge*. Det kongelige Barne- og Familiedepartement.

Svare, Helge (2001): "Homoseksualitet mellom biologi og kultur. Et filosofisk blikk på essensialisme og konstruktivism" i Marianne C. Brantsæter, Turid Eikvam, Reidar Kjær og Knut Olav Åmås (red.): *Norsk homoforskning*. Oslo: Universitetsforlaget.

Thagaard, Tove (1998): *Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode*. Bergen: Fagbokforlaget.

Weeks, Jeffrey (1992): "Foreword" i Arno Schmitt and Jehoeda Sofer (red): *Sexuality and Eroticism Among Males in Moslem Societies*. New York, London, Norwood (Australia): Harrington Park Press. An inprint of The Haworth Press, Inc

Widerberg, Karin. (2001): *Historien om et kvalitativt forskningsprosjekt*. Oslo: Universitetsforlaget,.

Wikan, Unni (1984): "Shame and Honour: A Contestable Pair." *Man*, Volume 19: 635- 652.

Wikan, Unni (1991): *Behind the veil in Arabia: women in Oman*. Chicago: University of Chicago Press.

Woon, Long Litt (red.) (1992): *Fellesskap til besvær? Om nyere innvandring til Norge*. Oslo: Universitetsforlaget.

Yip, Andrew (2003): *A Minority within A Minority: British Non- heterosexual Muslims. (Award Ref. No. R000223530) Report of Research Activities and Results.* Department of Social Sciences, Nottingham Trent University.
URL:http://www.regard.ac.uk/research_findings/R000223530/report.pdf

Alle kilder som er brukt i denne oppgåva er oppgitt.

Vedlegg 1

Informasjonsskriv til deltakerne i prosjektet

”Homofile innvandrere med muslimsk bakgrunn”.

Formålet med prosjektet er å sette søkelyset på livssituasjonen til homofile innvandrere med muslimsk bakgrunn. Mitt mål med denne studien er å kunne bidra til større kunnskap om det å være homofil med muslimsk bakgrunn i Norge. Videre har jeg som mål at denne kunnskapen kan åpne opp for en potensiell endring i holdningene til og større aksept for homofile med muslimsk bakgrunn, og homofile med minoritetsbakgrunn generelt.

Behandlingsansvarlig for dette prosjektet er min hovedveileder, Grete Brochmann, professor II ved Institutt for sosiologi og samfunnsgeografi, Universitetet i Oslo og forskningsleder ved Institutt for Samfunnsforskning. Men det er jeg som har det daglige ansvaret for personopplysningene.

Det er frivillig å delta i prosjektet og du har muligheten til å trekke deg underveis. Du kan også få data om deg selv, som du har gitt i intervjusituasjonen, slettet. Data som jeg har samlet inn i intervjuet blir oppbevart i kodet form på diskett og som intervjuutskrift. Både diskett og intervjuutskriftene blir oppbevart i et låsbart skap. Det er bare jeg som har tilgang til dette skapet. Prosjektet er planlagt avsluttet 1. september 2003. Da vil alle data om deg, både minidisk, kodenøkkel og intervjuutskriftene, bli slettet.

Jeg har meldt prosjektet til Personvernombudet for forskning, Norsk samfunnsvitenskapelige datatjeneste AS.

Med vennlig hilsen

Randi Rørlien

Vedlegg 2

INTERVJUGUIDE.

Fyrst vil eg takke for at du valte å stilla opp til intervju.

Det er **Landsforeningen for lesbisk og homofil frigjering, LLH**, som har ytra ønske om at denne oppgåva vart skrive. Dei er ein velmeinande organisasjon som vil denne gruppa vel.

Men eg gjer eit sjølvstendig akademisk arbeid, sjølv om dei har komme opp med ideen.

Det er **anonymt** å stille opp i dette intervjuet, og eg kjem til å jobbe masse med konfidensialitet og diskresjon, slik at informantane ikkje vert gjenkjent. Eg kjem til å bruka minidisk opptager, er det greit for deg? Når eg har fått skrive ut intervjuet vil innhaldet på minidisken bli sletta. Eg kjem ikkje til å bruka ditt eigentlege namn, men enten referera til fiktive navn eller informant 1, 2, 3 osv.

Eg kjem til å stille noen spørsmål **som omhandlar seksualitet**. Det er frivillig å svare på spørsmåla. Du må ikkje føla deg pressa til å svare på spørsmål du ikkje vil svara på. Men dei er viktige å ha med fordi eg antar at din forståelse av seksualiteten kan vera kopla til religiøse reglar og dogmer. Eg er interessert i å høyre og prøva å forstå korleis du oppfattar din seksualitet, og korleis din forståelse av seksualitet er i forhold til din religion.

Visst det er noko du lurar på i løpet av intervjuet, må du berre spørje.

INNLEDANDE SPØRSMÅL:

Har det noen innverknad på din kvardag at du er homofil? Hadde det innverknad eventuelt tidligare?

A. MUSLIMSK TILKNYTNING/ INNVANDRARMILJØET.

1. BAKGRUNN:

Innvandra til Norge eller født her?

Kor lenge har du budd her?

Bur din familie i Norge? Anna slekt?

Grad av tilknytning til innvandramiljøet.

Oppvaksen i by eller på landsbygda?

2. OPPDAGELSEN:

- Kan du fortelje litt om korleis det var å finne ut at du var interessert i gitar i staden for jenter?
- Kortid vart du **bevisst** dette? I heimlandet ditt eller i Norge?
- Kva for **følelsar** var det forbunde med denne oppdagelsen?
I dag: Kva for følelsar er det forbunde med homoseksualiteten i dag?
Har det skjedd ei **endring**?
- **Haldningar:** Kva syntest folk rundt deg om homoseksualitet?

3. "HOMOFILE" ERFARING, EVT HETEROERFARING:

- Kan du huske din fyrste "**homofil**" **erfaring**? Kven, kor, kortid?
- Kva for **følelsar** var det knytta til denne erfaringa? Har desse følelsane **endra** seg?
- Visste du om eller kjente du andre som var homofile?
- **Heterofile erfaringar?** Er/har du vore gift? Barn? Korleis fungerer/te ekteskap/familieliv?

4. FAMILIE OG VENNER:

- Forhold til familien? Godt eller dårlig? Har det alltid vore sånn?
- Er du open ovanfor familien? **Nei:** kvifor ikkje, kvifor har du betenkeligheter? **Ja:** kven har du fortalt det til? Kven fortalte du det fyrst til? Kva slags reaksjon vart du møtt med?
- Er du open ovanfor venner/ innvandarmiljø?

B. DET NORSKE STORSAMFUNN.

5. DIN LIVSSITUASJON:

- **Kan du fortelje litt om korleis det er å leve som homofil muslim i Norge?**
Kan du vera **open** om din seksualitet?
- Er det noko ved din livssituasjon du synest at det viktig å **fokusera** på?
Er det noko som er **spesielt problematisk** eller **bra**?
- Kva trur du det at du bur i Norge har gitt deg med omsyn til det å vera homofil?

Har din livssituasjon endra seg etter at du kom til Norge?

Føler du at du har fleire valgmuligheter med omsyn til korleis du lever livet ditt som homofil?

Er du tilfreds med din situasjon og dei mogelegheitene du har?

- Er det viktig for deg å kunne ha muligheten til å **stå fram** som homofil?
- Kva synest du om at eg set **fokus** på dette temaet?

6. DET NORSKE HOMSEMILJØET:

- Har du kjennskap til **LLH**?
- Visst LLH hadde ei **interessegruppe for homofile innvandrarakar**, kunne du tenkt deg å vore medlem der?
- Trur du at ei slik gruppe kan vera med på å endra situasjonene til homofile innvandrarakar i Norge?
- Kjenner du til **det norske homsemiljøet**? Har du oppsøkt dette miljøet?
- Korleis synest du det er å gå på homsested/ omgås norske homofile på utesteder? Kva for haldningar vert du møtt med?

7. HOMSEPRAKSIS I NORGE:

- Fast forhold til ein mann eller ikkje?
- Har du eit **homsnettverk**? Kjenner du mange? **Kven, korhen** treffes, korleis ser **konteksten** ut?
- Visst du har vore sammen med **både nordmenn og muslimar**, er det ein forskjell? I tilfelle ja: kva er det som er forskjellig?
- Kva er din haldning til **one- night stands**.

8. ROLLE MODELLER:

Finnes det **homofile muslimar** som fungerer som **rollemodell** for deg?

Er ”**den norske homofile**” eit ideal? Det vil seie den måten norske homofile lever på, spesielt med omsyn til openheit.

9. INTERGRERING:

Norske venner?

C. HALDNINGAR.

10. Familie og venner sin haldning til homofili?

11. Er homofili **eit tema det blir snakka om** i heimlandet ditt og/ eller i innvandarmiljøet i Norge?

12. Er det ei anleis haldning til homofili i innvandarmiljøa i Norge enn i heimlandet ditt?

D. RELIGION.

13. Kan du fortelje litt om korleis det er **å vera både homofil og muslim**?

Alternativt: kvifor fant du ut at du ikkje kunne kombinere homofili og islam?

14. Kva slags **forhold har du til islam i dag**? Har det skjedd ei **endring** i din tru/ forhold til religionen?

15. **Praktiserande eller ikkje praktiserande**? Går du i moskeen? Kva er det du eventuelt ikkje gjer som andre muslimar gjer?

16. **Teori og praksis**. Kva står det om homofili i koranen og kva skjer i praksis? Påverkar det deg på nokon måte?

E. AVSLUTTNING.

17. Kva slags tankar gjer du deg om framtida?

18. Er det noko me ikkje har snakka om til no som du sit å tenker på som burde vore med?

Takk for at eg fekk intervjuje deg. **Visst det er spørsmål som dukker opp i det vidare arbeidet, kan eg då ta kontakt med deg for oppfølgingsintervju?** Du er velkommen til å ta kontakt med meg visst det er ting du kjem på som me ikkje har snakka om her, som du synest eg burde ha med.

Visst du ønsker det kan eg sende deg intervjuet og det eg skriv om deg i oppgåva, slik at du kan få lesa gjennom det og rette på ting som du synest er feilaktige eller liknande.

